




**FAKULTET FOR UTDANNINGSVITSKAP OG HUMANIORA**

**MASTEROPPGÅVE**

Studieprogram: Lesevitstkap	Vårsemesteret, 2018 <input checked="" type="checkbox"/> Open/ konfidensiell
Forfattar: Tor Inge Jøssang	 (signatur forfattar)
Veileder: Bjørn Kvalsvik Nicolaysen	
Tittel på masteroppgåva: Falske nyhende i stortingsvalet 2017	
Engelsk tittel: Fake news in the Norwegian parliamentary election 2017	
Emneord: Falske nyhende, fake news, literacy, offentleg samtale, offentlegheit	Sidetal: .....129..... + vedlegg/anna: .....13.....  Stavanger, .....12.05.2018 dato/år



# Falske nyhende i stortingsvalet 2017

## SAMANDRAG

Falske nyhende har vore eit omdiskutert tema etter Brexit, presidentvalkampen i USA i 2016 og dei etterfølgjande vala i andre land. Denne studien forsøker å sjå på førekomsten av falske nyhende under stortingsvalet i 2017. Føremålet har vore å kaste lys over det digitale økosystemet av alternative medium, som forsøkte å påverke veljarane sine meiningar og førestillingar med hjelp av politisk propaganda, falske nyhende, forvrengt og einsidig framstilling av saker, medvitens desinformasjon og løgner.

Dei fleste nettstadene i vårt utval publiserer saker med ein politisk agenda og eit innhald som består av ekstremt skeivt vinkla saker og konspirasjonsteoriar. Dei fleste ser ut til å ha kopling til parti og aktørar på høgre fløy av politikken.

Dei alternative nettstadene lenker til kvarandre, dei krysspubliserer likelydande saker, dei likar kvarandre sine Facebook-sider. Vi har kartlagt eit nettverk med hundrevis av Facebook-sider som distribuerer politisk propaganda i den norske ålmenta. Analysen viser at denne praksisen er ein effektiv måte alternative medium kan skape såkalla filterbobler. Dette er kjent fenomen frå korleis algoritmar legg til rette for at den enskilde skal konsumere informasjon som er i tråd med eksisterande oppfatningar.

Så langt denne studien har vist, var ikkje problemet med falske nyhende like omfattande i Norge som det har vore i andre demokrati. Det ser ut til å vere relativt liten førekomst av fabrikkerte nyhende, som er laga med sikt på økonomisk vinning. Generelt har den norske ålmenta relativt få nettstader som publiserer løgner, oppspinn og konspirasjonsteoriar. Samanlikna med utlandet blir slike sider relativt lite delt i sosiale medium, men i norsk målestokk er omfanget likevel nokså omfattande, med tusenvis av delingar.

## FØREORD

Eg vil takka alle som på ulike måtar har bidrege i arbeidet med denne oppgåva. Mest av alt gjeld det min rettleiar Bjørn Kvalsvik Nicolaysen, som er eit orakel av kunnskap og har gjeve framifrå faglege råd.

Ved Universitetet i Stavanger (UiS) er det og ei rekkje andre fagfolk som har skapt interesse for fagområdet lesevitkskap. Nora Simonhjell, Inge Særheim, Finn Tveito, Greta Brodahl, Magne Drangeid og Anne Håland var med på å gjere Master i nordisk og lesevitkskap til eit interessant og lærerikt studium, som eg kan tilrå andre.

Mange studiekameratar har bidrege til at studiet har vore ei god oppleving. Ikkje minst min tidlegare kollega Ingeborg Marie Jensen, som styrer *Studieverkstedet på UiS* og har gitt kompetent rettleiing i akademisk skriving.

Min arbeidsgjevar har lagt til rette for at eg kunne fullføra eit studium som eg starta på allereie i 1987. Både med rause stipend til litteratur og fri i samband med eksamen.

Det same gjeld STUP – studiepermisjonsordninga til Norsk Journalistlag og Mediebedriftene, som gav støtte til 8 veker permisjon hausten 2017. I denne perioden deltok eg på eit fagsymposium om “Fake News and Alternative Facts” i regi av Det Norske Videnskaps-Akademi, med framifrå innleiarar frå akademia og presse i USA og Norge.

Utanom fire månader med permisjon har eg jobba fulltid som journalist. Planen var i utgangspunktet å ta Master-studiet på deltid over fire år. Men det gjekk på to år takka vere den nemnde støtta.

Kapittel 1 Innleiing, 2 Metode og 3 Resultat og analyse av data blei skrive før jul 2017, medan kapittel 4 Diskusjon og perspektivering blei skrive i mars og april 2018.

Til slutt er det all grunn til å takke min ektefelle Siri og resten av familien for tålmod og oppbakking underveis.

# INNHOLD

<b>Samandrag .....</b>	<b>3</b>
<b>Føreord .....</b>	<b>4</b>
<b>Innhald.....</b>	<b>5</b>
<b>1. INNLEIING .....</b>	<b>8</b>
Bakgrunn for studien .....	8
Problemstilling .....	11
Føremålet med oppgåva .....	11
Betydinga av studien .....	12
Definisjonar.....	12
Fake news / falske nyhende .....	12
Rykte .....	13
Offentlegheit .....	13
Sosiale medium .....	14
Teoretisk rammeverk.....	14
Habermas .....	14
Den digitale reformasjonen.....	16
Forskingsspørsmål / Hypotese .....	21
Avgrensingar .....	22
Syntese og forskingsspørsmål .....	22
Organisering av oppgåva .....	23
<b>2. METODE .....</b>	<b>25</b>
Forfattarens forforståing .....	25
Etiske vurderingar.....	25
Strategi for utval .....	26
Datainnsamlinga.....	27
Alexa.com .....	27
Storyboard.mx .....	28
Distribusjon av falske nyhende via Facebook .....	29
Facebook graph.....	31
Netvizz .....	33
Avgrensing.....	35
<b>3. Resultat og analyse av data .....</b>	<b>37</b>

Var den norske ålmenta prega av falske nyhende i samband med stortingsvalet 2017?	37
Virale nettsteder .....	38
Oppsummering .....	39
Alternative medium .....	40
247.avisen.com og 24avisen.com .....	41
“Frie Nasjonalister - Politisk ukorrekt info” .....	44
Frie ord .....	47
Frihetskamp.net.....	49
Konspiritualitet: Nyhetsspeilet .....	51
Nyttnorge.com, nattnytt.com og Christian Paaske .....	52
Nattnytt.com .....	54
Kilden.info .....	56
Riksavisen.no .....	57
Ektenyheter.no .....	58
Dinavis.no.....	60
Norgesavisen.....	62
Gubedre.com og Speisa.com .....	63
Eavisa.com .....	65
Venstresida: Steigan.no, Derimot, Ny Tid .....	66
Ny Tid .....	66
Steigan.no .....	67
Theherlandreport.com .....	67
Derimot.no .....	68
Rights.no, Resett og Document.no.....	69
Andre alternative medium.....	70
Oppsummering om alternative medium.....	71
Distribusjonsnettet – det digitale avisboden .....	74
Oppsummering .....	81
Klynger av likesinna.....	83
Oppsummering .....	85
<b>4. DISKUSJON OG PERSPEKTIVERING.....</b>	<b>86</b>
Oppsummering av studien.....	86
Diskusjon om funna .....	88
Deliberasjonens gullalder? .....	88
Hybrid intervension .....	90

Mikro-propaganda .....	98
Fragmentering, polarisering og tribalisme .....	105
Implikasjonar for praksis.....	112
Tilrådingar om vidare forsking .....	114
Konklusjon .....	114
<b>5.0 Litteraturliste .....</b>	<b>116</b>
Figurar .....	125
Tabellar.....	128
Vedlegg .....	129

# 1. INNLEIING

“It was the best of times, it was the worst of times, it was the age of wisdom, it was the age of foolishness, it was the epoch of belief, it was the epoch of incredulity, it was the season of Light, it was the season of Darkness, it was the spring of hope, it was the winter of despair”. Charles Dickens, A tale of two cities (1859)

## BAKGRUNN FOR STUDIEN

I juli 2016 rapporterte nettsida WTOE 5 News at pave Frans utan vilkår støtta Donald Trump som president. Det viste seg å vere ein løgn, eit av mange døme på “fake news” i den amerikanske presidentvalkampen. Villeiande og fabrikkert informasjon til føremon for Trump blei delt på sosiale medium til saman 30 millionar gonger (Allcott & Gentzkow, 2017). I tillegg kan 146 millionar amerikanske veljarar ha blitt eksponert for nokre av dei 3000 politiske annonsane, som blei kjøpt av Russland på ulike sosiale plattformer (Guynn, 2017). Etter den amerikanske valkampen i 2016 har “fake news” gått frå å vere eit ganske ukjent omgrep til å få stor merksemd i den globale ålmenta. Dei påfølgjande vala i Tyskland og andre europeiske land har forsterka inntrykket av at både den offentlege samtalens og kulturelle narrativ blir påverka av både medviten og utilsikta spreiling av misvisande informasjon (Bounegru, Gray, Venturini & Mauri, 2017, s. 4).

Gjeld dette også Norge i valkampen 2017? Det er lite eller inga forsking som er gjort for å svare på dette spørsmålet. I andre land har akademikarar forska omfattande på falske nyhende, og sok på Google Scholar gir over 7.500 treff det siste året (2017-mars 2018). Grunnen er at medborgarane i eit demokrati treng påliteleg informasjon for å kunne gjere seg opp sjølvstendige meningar, forme haldningar og ta politiske val. Om flaumen av informasjonen ein finn på internett blir omfattande, kan det truge fundamentet for samfunnsdebatten.

I demokratiske land har den offentlege sfären fram til våre dagar bestått av nokre få landsdekkande aviser, radio- og TV-stasjonar. Desse portvaktene styrte kven som skulle kome til orde, dei hadde makt til å setje dagsordenen og definerte kva som var nyhende (Malik, 2017). Dette er ikkje lenger tilfelle (Banducci, Stevens & Coan, 2017). Dei fleste under 30 år abonnerer ikkje på aviser, ser lite på lineær-TV og høyrer sjeldan på nyhende i radio. I staden syter nye digitale plattformar for å føre det evige behovet menneske har for nytt om omverda. Sidan tidleg på 2000-talet har det vokse fram mange nye nettstader som produserer nyhende. Samstundes har sosiale medium, som Facebook, Twitter og YouTube, revolusjonert måten informasjon blir kanalisert. Nettverkstrukturen deira gjer at innhald kan bli spreidd globalt på

ein augeblink via sosiale plattformar med milliardar av brukarar. Denne digitale transformasjonen har endra måten menneske tar til seg informasjon og dannar meiningar (Allcott & Gentzkow, 2017). Det store omfanget av tilgjengeleg informasjon gjer det praktisk tala umogeleg å vurdere om innhaldet er påliteleg.

Løgner maskert som nyhende er eit gammalt fenomen, som er blitt studert ei årrekke (Banducci et al., 2017). Heilt sidan Johann Gutenberg utvikla boktrykkarkunsten rundt år 1450, har desinformasjon og propaganda blitt brukt i politiske kampanjar. Både statar, institusjonar, verksemder og aviser har manipulert informasjon for å påverke politikk og børsar. Forskjellen til i dag er at alle med ein Facebook-konto kan gjøre det same. Brukarane av sosiale medium kan dele informasjon fritt, utan at ein tredjepart driv verifikasiing av om informasjonen er påliteleg, etterretteleg og truverdig – utan at nokon gjør redaksjonelle og etiske vurderingar etter ein bransjestandard, slik dei gamle portvaktene gjorde. Som ein konsekvens har det blitt lettare å spreie faktafeil, desinformasjon og politisk propaganda i ålmenta - med og utan vilje. Både tekst, bilete og lyd kan bli redigert og manipulert, til dømes med sikte på å skape forvirring, misforståingar og eit auka spenningsnivå mellom ulike grupper (Mathé & Elstad, 2017, s. 76). Desinformasjon kan dermed forplante seg inn i ålmenta og påverke politiske preferansar.

Falske nyhende og desinformasjon på internett har ført til mindre tillit til styresmakter og hovudstraumsmedium i 22 av 28 land, ifølgje ei undersøking blant 28.000 respondentar (Edelman Trust Barometer, 2017). Sju av ti er bekymra for at falsk informasjon skal bli brukt som eit våpen og nesten seks av ti seier det er vanskeleg å vite om ein nyhendeartikkel kjem frå eit truverdig kjelde. I Norge har seier 55 prosent at dei kvar veke eller oftare les nyhende dei ikkje oppfattar som heilt sanne, medan 23 prosent har delt nyhende som dei seinare fann ut var falsk, ifølgje ei undersøking utført for Medietilsynet (2017). Frå før er tilliten til demokratiske institusjonar blitt svekka av den store finanskrisa i 2008, frykt for arbeidsplassane grunna globalisering og robotisering, og effektar av flykningkrise og migrasjon. Kombinasjonen av misnøye med styresmaktene og mistillit til medium gjer det lettare for folk å trekke seg inn i sjølvkonstruerte ekkokammer, kor ein vel informasjonskanal på same vis som ein vel musikk - etter smak og kjensler. Forskarar har undersøkt korleis 376 millionar Facebook-brukarar konsumerer informasjon. Konklusjonen er at det er eit mønster som går igjen. Folk flest er selektive og fokuserer på eit avgrensa tal Facebook-sider, som produserer informasjon i tråd med eigne perspektiv. Ved å granske korleis desse Facebook-sidene “liker” kvarandre er det mogeleg å sjå at det dannar seg nettverk av likesinna. Når

brukarane diskuterer narrativ i slike segregerte miljø, blir oppfatningar, meininger og idear forsterka. Slike nettverkt av likesinna blir, med ein metafor, kalla ekkokammer (Schmidt et al., 2017). Denne effekten blir forsterka av filterbobler (filter bubbles), ein annan metafor som først blei brukt av Eli Pariser på nettstaden Upworthy. Omgrepene set ord på korleis nettbaserte selskap loggar kundane sine preferansar og nyttar algoritmar til å føresjå kva dei i neste omgang ønskjer å konsumere. Innhaldet blir filtrert ut frå kva ein likar elles. I samband med konsum av nyhende og meininger, er denne forma for personifisering med på å forsterke effekten av ekkokammer og fører til auka polarisering i samfunnet (Nguyen, Hui, Harper, Terveen & Konstan, 2014). Ulike narrativ er ikkje lenger diktert av myndigheiter eller tradisjonelle massemedium, men av eit nettverk av trusfelle, som oppfattar nyhende dei ikkje likar som falske. For kvart faktum er det eit kontrafaktum, og publikum kan bli forvirra når ulike verdsbilete og diskursar konkurrerer om merksemld på internett (Anderson & Rainie, 2017).

Styresmakter, medium, akademia og bekymra medborgarar over heile verda er opptatt av situasjonen og dei implikasjonane falske nyhende og politisk desinformasjon har for samfunnsdebatten og demokratiet. Det blir jobba med alt frå lovverk, krav om etiske retningsliner, ny programvare og kunstig intelligens, til forsking, utdanning og sensur av den russiske statskanalen RT, som i skrivande stund står i fare for miste senderetten i England (Eu Vs Disinfo, 2018). Internasjonalt er det blitt gjort fleire forsøk på å identifisere spesifikke nettstader og kjelder som er drivrar for falske nyhende. Det er laga fleire oversikter over falske, tvilsame og upålitelege nettstader – såkalla alternative medium. Til dømes har akademikaren Melissa Zimdars laga ei liste med nærare 1000 engelskspråklege nettstader, inkludert breitbart.com (Zimdars, 2016). Med utgangspunkt i Zimdars si liste har New York Times laga eit nettlesartillegg for Chrome, som åtvarar lesarar når dei kjem inn på ein nettstad der innhaldet er misvisande. Washington Post har laga eit anna nettlesartillegg som viser faktasjekkar av Trump sine Twitter-meldingar, medan B.S. Detector er eit tillegg for Facebook, som mellom anna åtvarar mot Infowars sine konspirasjonsteoriar.

I Norge blir det forska ved NTNU på teknologi som kan avsløre falske nyhende. Ikkje ved å faktasjekke sjølve innhaldet, men ved å analysere nettverket av kven som liker og deler innhaldet. Vidare har Hans-Petter Nygård-Hansen oppretta nettstaden Svartelisten.net, ei kort liste over det han kallar tvilsame nettsider. Dessutan har Filter Nyheter laga ein oversikt over åtte “norske nettavisar du bør være på vakt mot i valgkampen” (Skybakmoen, Klungtveit, Berg & Nordseth, 2017b). I samband med denne oppgåva har vi kompilert ein utvida oversikt

over norske nettstader som publiserer løgner, konspirasjonsteoriar, falske narrativ og anna tvilsamt innhold. Desse nettstadene blir i denne oppgåva kalla “alternative medium”. I tillegg har vi kartlagt det store distribusjonsnettet som kanaliserer alternative medium inn i sosiale medium, i første rekke gjeld dette Facebook-sider.

Facebook er blitt skulda for å vere ein hovudkanal for distribusjon av politisk desinformasjon i samfunnsdebatten. Under presidentvalet blei til dømes 10 millionar amerikanarar eksponert for 3000 annonsar betalt av russiske selskap. Desse annonsane fokuserte på kontroversielle tema som innvandring, våpenrettar og rettane til lesbiske, homofile, biseksuelle og transsekssuelle. Facebook har tatt i bruk ulike løysingar som mottiltak. Selskapet har gjort det lettare for brukarane å rapportere desinformasjon og det har engasjert eksterne faktasjekkarar til å merke innhold som omstridt (Mosseri, 2016). Først blei Snopes og Associated Press engasjert (Reynolds). Sidan andre faktasjekkorganisasjonar som følgjer retningslinene til Poynter Institute, deriblant norske Faktisk.no.

Faktisk.no er resultatet av eit samarbeid mellom VG, NRK, TV2 og Dagbladet. Føremålet er å drive ein uavhengig redaksjon for faktasjekk av samfunnsdebatten og det offentlege ordskiftet i Norge. Faktisk ønsker

“å bidra til en åpen, inkluderende og faktabasert offentlig samtale. Ved å gjennomgå grunnlaget til aktuelle påstander som påvirker vår oppfatning av virkeligheten, jobber vi for et faktabasert ordskifte og en konstruktiv samfunnsdebatt. Faktisk.no skal også avdekke og forhindre spredningen av oppdiktede meldinger som utgir seg for å være ekte nyheter” (Faktisk.No, 2017).

Er dette tilstrekkeleg?

## **PROBLEMSTILLING**

Denne studien søker å kartlegge norske nettsteder som produserer falske nyhende og avdekke korleis innhaldet blir distribuert i den digitale ålmenta.

## **FØREMÅLET MED OPPGÅVA**

Føremålet med oppgåva var å studere om den norske ålmenta var prega av falske nyhende i samband med stortingsvalet 2017. Kva for nokre alternative medium spreier konspirasjonsteoriar, politisk propaganda, falske nyhende og andre typar desinformasjon på internett (World Wide Web)? Korleis blir desse nettstadene distribuert i sosiale medium? Kva plass har falske nyhende i den digitale ålmenta på Facebook?

For det første, finnest det slike nettstader og i så fall kva omfang? For det andre, kven produserer falske nyhende – og kven går det utover? For det tredje, kven er aktive og passive aktørar? For det fjerde, blir det danna ekkokammer, og kva for nokre diskursar etablerer ein eventuelt i desse boblene? Til slutt vil vi analysere om diskursane seier noko om makttilhøve og ansvaret for produksjon av ulike typar falskheit.

I oppgåva konsentrerer vi oss om kjeldene framfor den enkelte historia. For det som definerer falske nyhende er intensjonen og prosessen til dei som publiserer falske nyhende. Ved å fokusere på publisistane unngår vi dessutan den umogelege oppgåva det ville vore å evaluere kvar einskild sak.

### BETYDINGA AV STUDIEN

Det blir hevd at falske nyhende kan påverke utfallet av demokratiske val og ein brukar gjerne kloakk-metaforar for å karakterisere fenomenet. Ved å forureine samfunnet sine kanalar for deling av informasjon, kan fenomenet utgjere eit trugsmål mot demokratiet. Av den grunn er det viktig å identifisere moglege utsleppskjelder. Det blir skapt tvil om medias truverd og gitt eit inntrykk av at journalistikken tilbyr bare éin versjon av mange mulige sanningar, slik at det blir valfritt kva for nokre fakta ein vil halde fast ved.

Denne studien har betydning ved å gi innsyn i eit norsk økosystem for produksjon, publisering og spreiing av løgner, rykte, falske nyhende og ekstremt forvrengt informasjon. Vi identifiserer omstridde nettstader, som det er grunn til å vere merksame på og kritiske til. I tillegg kartlegg vi korleis desse nettstadene inngår i et mykje større nettverk, som har global utbreiing gjennom sosiale medium, spesielt på Facebook.

### DEFINISJONAR

4. desember 2016 begynte ein mann frå North Carolina å skyte utanfor Comet Ping Pong, ein Pizza-restaurant i Washington. Han hadde lese ein konspirasjonsteori på nettet, kor det blei hevd at ein barnesexring leia av Hillary Clinton hadde tilhald i kjellaren. I røynda hadde ikkje restauranten ein gong kjellar (Lacapria, 2016). Episoden er sidan blitt halde fram som eit typisk døme på “falske nyhende” og kva konsekvensar det kan få i ekstreme tilfelle.

### FAKE NEWS / FALSKE NYHENDE

Collier Dictionary har kåra “**fake news**” til årets ord for 2017. Leksikalsk blir omgrepets forklart med “false, often sensational, information disseminated under the guise of news reporting” (J. Hunt, 2017). I reindyrka form er falske nyhende fullstendig oppdikta

informasjon, som etterliknar truverdig journalistikk, med hensikt å skape maksimal merksemd, og dermed annonseinntekter (E. Hunt, 2016). Motivasjonen til produsenten kan vere både politisk, ideologisk og økonomisk.

Ifølgje Sentio Research er “falske nyhende” artiklar som medvite spreier usanne påstandar, propaganda, desinformasjon eller liknande fabrikkert innhald med potensial til å villeie ålmenta. Føremålet kan blant anna vere politisk motivert, å skape informasjonskaos, økonomisk vinning (klikkagn/clickbait) eller svindel. Falske nyhende ser ofte ut som vanlege nyhendesaker og kan være vanskelig å oppdage (Sentio Research, 2017, s. 4).

Dei ulike definisjonane differensierer ut frå intensjonen som ligg bak. På engelsk skil ein mellom “disinformation”, som er intendert falsk informasjon, og “misinformation”, som er ikkje-intendert falsk informasjon. På norsk føreslår Kalsnes å nytte omgrepene desinformasjon og feilinformasjon (Kalsnes, 2017).

## **RYKTE**

Falske nyhende er ikkje noko nytt fenomen. Korleis veit ein at jorda ikkje er flat? Korleis veit ein at Shakespeare verkeleg har eksistert og ikkje bare er pseudonymet til Francis Bacon? At Holocaust eigentleg skjedde? At Lee Harvey Oswald drap president Kennedy? At Jens Stoltenberg ikkje er jøde? I folkloristikken blir dette kalla “**rykte**”. Sunstein (2009) definerer rykte som påstandar om fakta – om folk, gruppe, hendingar og institusjonar, som har vist seg *ikkje* å vere sanne, men som likevel vandrar frå den eine til den andre, og følgeleg har truverd. Ikkje fordi det er direkte bevis som underbygg påstanden, men fordi andre folk ser ut til å tru på det.

## **OFFENTLEGHEIT**

Samfunnsengasjement, demokratisk deltaking og offentlegheit heng saman. Habermas brukar omgrepet *Öffentlichkeit*, om den offentlege sfæren, kor det gjekk føre seg offentlege diskusjonar før dei demokratiske styreformene veks fram. Her nyttar vi uttrykka ålmenta, offentlegheita, det offentlege rommet og den offentlege sfæren som synonym. I antologien Allmenningen (2017) blir offentligheita skildra som eit ”imaginært, felles rom, en allmenning, for informasjonsinnhenting, kulturopplevelser og samtale”. “The public sphere is not a marketplace, nor is it a coffeehouse, a salon, an organisation or a newspaper” (Hinton, 1998). Offentlegheita er altså eit konseptuelt omgrep, ikkje eit fysisk. Utover reine fysiske manifestasjonar er det eit abstrakt forum for dialog og ideologi, fri meiningsdanning og debatt på ulike nivå i samfunnet (Boeder, 2005). Det offentlege rommet er sfæren kor

samfunnsengasjement kjem til uttrykk, kor ytringar blir sett fram og meininger blir danna, (Enjolras, Karlsen, Steen-Johnsen & Wollebæk, 2013, s. 181). Offentligheita er knytt til eit sett med ”institusjonaliserte normer som både gir stabilitet, men som samtidig påvirkes og forandres av endringer i omgivelsene, for eksempel teknologi” (Audunson, 2018).

## SOSIALE MEDIUM

*Sosiale medium* er eit samleomgrep for ulike plattformar på internett som opnar opp for sosial interaksjon. Dei gjer det mogleg for brukarane å handle saman, utveksle informasjon, kommunisere, skape og dele innhald i form av tekst, bilete, video, lenker til andre nettstader. Sosiale nettverks sider, slik som Facebook, er ein undertype av sosiale medium kor ein kan byggje og vedlikehalde sosiale nettverk på internett (Enjolras et al., 2013, s. 11, 23). Eit nettverk kan definerast som koplingar mellom til dømes datamaskinar, og består av eit sett noder som er bunde sammen med lenker. Utbreiinga av internett og sosiale medium i Norge er svært høgt samanlikna med andre land, medan bruken av lineær-tv og papiravisar er stadig økande. 84 prosent har Facebook-profil (Ipsos, 2018), og denne plattforma blir i aukande grad rekna som den reelle offentlege sfæren.

## TEORETISK RAMMEVERK

I denne studien trekk vi veksel på fleire teoretiske og empiriske bidrag. Først gir vi ein presentasjon av Habermas sin teori om borgarleg ålmente og deliberativt demokrati. Deretter presenterer vi forsking om digitale nettverk

## HABERMAS

I boka “The square and the tower” hevdar historikaren Niall Ferguson at Facebook i realiteten avgjorde det amerikanske presidentvalet (2017, s. 408). Ferguson påstår at så mange tok feil om kven som ville bli president, fordi dei ikkje har lese den tyske filosofen Jürgen Habermas. Sjølv om Habermas skreiv om den offentlege sfæren på 1700- og 1800-talet, så er innsikta universell: Endringar i haldninga, åtferd og politikk blir ofte utløyst av endringar i sjølve ålmenta. For nokre hundre år sidan var trykkpressa katalysatoren. I dag kjem reaksjonen som følgje av dei nye, gigantiske sosiale nettverka, som brukarane til ei kva tid er tilkopla med smarttelefonar.

Førestillinga om ein open samfunnsdebatt stammar frå 1700-talet og opplysingstida.

I ”Strukturwandel der Öffentlichkeit” introduserte Habermas omgrepet ”offentleg sfære” og skildrar framveksten av ei borgarleg ålmente på 1700-talet (Gripsrud, 2010). Folk gjekk frå å vere undersåttar under ein foydal herre til å bli sjølvstendige borgarar, som kunne uttrykke

meiningane sine utan å bli straffa for det. I staden for at makta var gudjeven, måtte styresmaktene forankre sine avgjerder i folket. Borgarane kunne korrigere makthavarane enten ved å stemme eller seie sin mening i eit offentleg rom. Den tidlege kapitalismen og oppløysinga av det føydale samfunnet, var drivkraftene i utviklinga, fordi handelsborgarane trengte å diskutere korleis dei kunne beskytte sine økonomiske og andre interesse. Borgarane møttest i litterære salongar i Frankrike, britiske kaffihus, tyske Tischgesellschaften, teater og klubbar, kor dei delte informasjon og diskuterte saker med utgangspunkt i det som stod i pamflettar og andre forløparar til aviser. I dette analoge nettverket diskuterte ein alt frå moralske til politiske spørsmål med eit normativt utgangspunkt i at dei beste argumenta ville overtyde debattantane - ikkje private eller økonomiske ressursar, status, familienettverk eller liknande omsyn. Idealet blei utfordra frå andre hald. Debattane enda ofte i moralsk posering, fordømming og utstøyting framfor sakleg diskusjon. Det førte til eit debattklima kor mange kvidde seg for å delta i den offentlige samtalen og eit forskingsklima der spørsmål ikkje blei stilt, på grunn av ubehaget det kunne medføre.

Habermas analyserte korleis denne andlet-til-andlet ålmenta etter kvart blei avløyst av ein meir indirekte samtale, der pressa overtok rolla som offentleg sfære. Med utviklinga av rotasjonspressa midt på 1800-talet blei det rimeleg å trykke aviser. Sjølv om trykkpressene var dyre, blei ei avisutgåve rimeleg dersom opplaga var store nok. Takka vere trykketeknologien blei det same innhaldet spreidd til mange salongar og klubbar, slik at diskusjonane hadde felles utgangspunkt. Rett nok hadde stort sett bare rike tilgang til dei franske salongane, og avislesing kravde literacy, som på den tida ikkje var særleg utbreidd (Tufekci, 2017a, s. 6) Frå midten av 1800-talet blei ålmenta dominert av nokre få og sentraliserte aviser, som etter kvart blei meir og meir kommersialiserte. Dette utviklingstrekket blei seinare forsterka av nye teknologiar – først radio, seinare TV.

Habermas viser korleis det som starta med ein nokså uavhengig ålmente beståande av eit opplyst og kritisk publikum, med åra blei avløyst av eit konsumerande publikum og upolitiske medium. Hovudtesen til Habermas er at det skjedde ei strukturell endring av ålmenta, som han kalla reføydalising. I dette legg han at det, i den mediedominerte ålmenta, ikkje lenger føregår reelle diskusjonar kor deltarane er villige til å gi opp sine opphavelege synspunkt når dei møter gode nok argument. Formatet i seg sjølv hindrar interaksjon og hindrar ålmenta frå å kome med motførestillingar. I skinnet er massemedium ei offentleg sfære, men i realiteten ein reiskap for å skape konsensus i samfunnet og promotere kapitalisme (Habermas,

1989). I røynda blir standpunkt og politiske liner utforma i lukka forum, slik som i det foydale samfunnet (Gripsrud, 2006).

I seinare tid har ein trudd at tekniske nyvinningar ville føre til demokratisering og ein meir opplyst offentleg samtale, men så er ein i staden blitt overraska over ein flaum av løgner og konspirasjonsteoriar. Dette gjer det aktuelt å gå djupare inn på prosessane som går føre seg.

### **DEN DIGITALE REFORMASJONEN**

Sidan byrjinga av 1990-talet har eit verdsomspennande datanettverk revolusjonert den offentlege sfären. Kva effekt har internett, sosiale medium og dei teknologiske nyvinningane hatt på den offentlege samtalen og Habermas sine teoriar?

Internett og nye sosiale medium har redusert kostnadene med å produsere, distribuere og konsumere eit vidt spekter av politisk informasjon med ulike perspektiv (Flaxman, Goel & Rao, 2016). Samanlikna med å produsere fysiske aviser er kostnadene med å lage ei nettavis svært låge. Med hjelp av sosiale medium som Facebook og Twitter er det enkelt å distribuere og dele digitalt innhald (Goel, Watts & Goldstein, 2012), medan Google og andre søkemotorar gjer det lett å finne eit stort utval politiske ytringar på nettet. Med Twitter, Facebook, Snapchat, Instagram, WeChat kan alle kome på den offentlege scenen, utan gå gjennom dei tradisjonelle portvaktene i media. Diskusjonsarenaen er blitt open.

Teknologien har endra seg og dette har influert ålmenta og den offentlege samtalen på ein måte som utfordrar Habermas sine perspektiv (Enjolras et al., 2013, s. 181). Den offentlege diskursen har aldri vore meir inklusiv og egalitær (Fuchs, 2017a; Rasmussen, 2016).

Voksteren av sosiale medium har auka offentlege diskusjonar om ulike politiske tema. Fridom til å ytre seg politisk og tilgangen til kanalar ut i ålmenta har aldri vore større for folk flest. Nye medium gjer avstanden til makthavarar kort og det er enkelt å kommunisere. Statsrådar diskuterer med veljarane på Facebook og Twitter.

I boka *The Fall of Public Man* (1974) hevda sosiologen Richard Sennett at offentlegheita tidligare hadde betre balanse mellom det private og det offentlige. Han argumenterte for at skiljet var i ferd med å forvitre og diskuterte kva skader dette påfører individ og samfunn. Før var det offentlige livet klart definert og knytt til bestemte roller og oppgåver. Det å opptre på ein respektafull måte ovanfor framande, var det som transformerte menneska til eit sosialt og sivilisert vesen. Ritual, dresskodar, talemåtar signaliserte ein offentleg identitet, slik at sivilisert framferd kunne vere mogeleg i møte med andre. Føremålet var å delta i samfunnet

og dette hadde ikkje noko med privatlivet å gjere. I det offentlige kunne ein person dermed møte framande med profesjonalitet, nesten som om alle deltarar var skodepelarar på ei scene. Sennett kalla utviklinga der media gav innsyn i andre menneske sitt privatliv, for intimitetstyranni. Drygt 40 år seinare har internett og sosiale medium viska ut grensene endå meir. Den digitale ålmenta er eit sosialt nettverk med heilt nye tilnærmingar til korleis meiningar blir danna, korleis den politiske diskursen går føre seg, kva som er offentleg og privat. Alle debattar blir personlege. Intimitetstyranniet herskar.

Digitale nettverk både avgrensar og forsterkar sosiale prosessar. På den eine sida kan fleire individ ytre seg. Ein kan lett kople seg til kjende og ukjende menneske, som fysisk er ein heilt annan stad. Det er lettare å mobilisere store folkemengder raskt, sjølv om ein ikkje har store ressursar i ryggen. I teorien kan rekkevidda vere global. Dette peikar i retning av ei demokratisering, kor fleire deltek og det politiske systemet kan bli påverka nedanfrå. På den andre sida blir det danna nye hierarki, mellom det som er synleg og mindre synleg, fordi digitale nettverk og søkemotorar aukar populariteten til det som allereie er populært. Dette skjer til dømes ved at dei populære knutepunktta (også kalla hub/nettverksnav) på nettet dukkar først opp i søkeresultat (Enjolras et al., 2013, s. 27; Tufekci, 2017a).

Internett og sosiale medium er meir enn dei gamle portvaktene. Til dømes Facebook fungerer også til interaktiv kommunikasjon, samankomstar og mørstringar. Aktivistar brukar plattforma både som eit virtuelt kaffihuus for diskusjonar i gruppe, som anten kan vere opne, lukka eller hemmelege. Som ein plass å mingle, som forum for planlegging. Facebook-sider har til dels same funksjonen som ein pamflett eller undergrunnsavis. Og den einskilde kan poste i sin eigen nyhendestraum. Med andre ord er Facebook ein kombinasjon av mange ulike funksjonar, både private og ålmenne. Ein plattform som både gir tilgang til mellommenneskelege transaksjonar på den eine sida og til store publikum på den andre. Alle desse funksjonane er styrt av eit privat selskap som blir drive av profittmotiv og har stor marknadsmakt som monopolist. Det har makt over brukarane, set reglar for kva som kan publisera, lar hemmelege algoritmar styre innhaldet og lar annonsørar sende målretta bodskap til einskildpersonar.

I nokre land som Tyrkia, kor massemedia er sensurert og styrt av statsmakta, er Facebook de facto den einaste offentlegheita. Men det er ei offentligheit som er mogleg å overvake, blokkere, undertrykke og manipulere, til dømes med betalte nettroll som brukar løgner, falske nyhende og trakkassering for å påverke informasjonsstraumen, for å så tvil, skape forvirring,

spreie mistillit og distrahere merksemda. Dette kan tidvis gjere det vanskeleg for vanlege folk å skilje fakta frå oppspinn (Tufekci, 2017a).

Så seint som 1999 såg ikkje historieprofessor Francis Sejersted noko av dette kome. Han leia Ytringsfrihetskommisjonen som la fram NOU 1999: 27 “Ytringsfrihed bør finde Sted”— Forslag til ny Grunnlov § 100. Her blei det offentlege rom skildra som “flere offentligheter eller felt, som vitenskapen, kunsten, kirken, den nynorske offentlighet, arbeiderbevegelsens organisasjoner, minoriteters offentligheter m.v. De ulike felt kan ha ulik virkelighetsforståelse og egne normer for kommunikasjon”. Og vidare: “Stortinget og kommunestyrrene er selve symbolene på den institusjonaliserte offentlighets arenaer. Pressen blir derimot beskrevet både som et eget felt og som en felles arena eller scene. På denne scene kan ikke alle være like aktive i den felles samtale. De fleste vil være tilskuere i salen, men med adgang til å følge med og applaudere eller ytre mishag” (Justis- Og Politidepartementet, 1999).

Nokre få år seinare har den offentlege sfæren gått gjennom ei digital omforming. Det er nå ei ny og radikalt anna straum av informasjon, som har gjort *merksemdu* til knappleiksgode. Alle og ein kvar kan gi utrykk for sine meningar og idear, og respondere til sentrale politikarar og massemassa, men det meste druknar i ein endelaus informasjonsstraum. Utan merksemdu vil innhaldet ikkje gå viralt på digitale plattformar. Utan merksemdu får ikkje ytringane innverknad.

Aldri før i historia har ålmenta hatt tilgang til eit større utval av politiske idear og meininga (Bimber & Davis, 2003). Kva gjer den enkelte i møte med uavgrensa mengder informasjon og kva blir ignorert? I røynda vel dei fleste vekk meiningar dei er usamde med (Garrett, 2009; Diana C. Mutz, 2001). Folk er politisk motiverte og les nettavisar som vinklar nyhende i tråd med eigen overtyding. Silinga blir forsterka av algoritmar og maskinlæring som tilpassar innhaldet etter brukarane sine interesse (Nguyen et al., 2014). Denne form for personalisering syter for ulike søkeresultat når brukarar til dømes søker i Google, og kva som kjem i nyhendestraumen når dei bruker sosiale nettverk som Facebook, og kva nyhende dei ser når dei er inne på framsida til ei nettavis. I tillegg har sosiale medium eit system kor tilrådingar frå andre, likesinna brukarar dukkar opp, til dømes sider ein kan følje og grupper ein kan bli medlem av. 35 prosent av salet til Amazon kjem som følgje av tilrådingar frå andre brukarar, medan Netflix opplyser at 75 prosent av kva filmar og seriar brukarane ser, er resultat av tilrådingar. Slike system med tilrådingar har også sosiale nettverk som Facebook og Twitter, og desse har stor påverknad på brukarane (Nguyen et al., 2014).

Denne teknologiske seleksjonen og einsrettinga kan føre til at den globale landsbyen på internett deler seg opp i krigførande stammar. Dette fenomenet er – med krigsmetaforar - både blitt kalla “cyberbalkanisering” og “Facebookistan”, medan Pariser (2011) har kalla det Filter Bubbles: Algoritmestyrt personalisering og brukartilrådingar fører til at folk blir isolerte frå eit mangfald av meininger og innhald. Som konsekvens fører dei teknologiske nyvinningane til ei stadig meir fragmentert og polarisert ålmente (C. R. Sunstein, 2009b). Med andre ord det stikk motsette av Habermas sitt ideal om eit deliberativt demokrati der ulike argument konkurrerer - og det beste argumentet vinn fram.

For at eit demokrati skal fungere, er det heilt avgjerande at borgarane blir utsett for eit mangfald av politiske idear (Lassen, 2005). Pariser (ibid.) argumenterer med at det er rotfesta i mennesket ei evne til å justere og tilpasse seg til ny informasjon, medan systemet med brukartilråding fangar brukarane i eit miljø som aldri endrar seg. Dette einsretta og statiske miljøet, som han kalla filter bobler, reduserer evna til å lære og styrker brukarens eksisterande tru og meininger. Sunstein (ibid.) påpeiker at brukartilpassa personalisering fører til at folk i stadig mindre grad deler felles opplevingar. Utan delte erfaringar vil eit heterogent samfunn, med menneske frå ulike kulturar, ha vanskelegare for å handtere sosiale problem, hevdar han.

På den andre sida argumenterer andre forskarar med at nye teknologiar, som nettsøk og sosiale medium, har redusert den ideologiske segregeringa (Goel et al., 2012). Ein kan også stille spørsmål ved om einsrettinga var mindre påtrengande for 10-20 år sidan, då den offentlege sfæren bestod av nokre få landsdekkande avisar, radiostasjonar og TV-kanalar.

I den digitale tidsalderen har diskusjonen om offentlegheita blitt stadig meir relevant og problematisk. Boeder (2005) meiner at ein heller ikkje i dag kan sjå bort frå Habermas sitt konsept om den offentlege sfæren og betydinga den har for demokratiet, sjølv om ålmenta har endra seg og nokre meiner at den er fragmentert og på randen av utsletting. I staden for å diskutere andlet til andlet i salongar og kaffihus føregår kommunikasjonen i virtuelle rom i nettskya.

Spørsmålet er om denne virtuelle ålmenta styrker sivilsamfunnet? Rheingold (1998) legg vekt på kva digitale media betyr for aktiv deltaking og korleis dei brukast til å byggje samfunn. Dette er i tråd med den utopiske visjonen til Facebook om å knyte vene og familie saman og skape eit globalt nettverk (Zuckerberg, 2017). Fernback og Thompson (1995) fremja tidleg kritikk mot det teknologiske paradiset og uttrykte skepsis til påstanden om at nettbasert kommunikasjon styrker demokratiet. Sjølv om det er blitt danna interessefellesskap i nettskya,

har disse tvert i mot ført til eit fragmentert kulturelt og politisk landskap. Overgangen til digitale nyhendekanalar har ført til økonomiske utfordringar for tradisjonelle medium, slik at talet på journalistar i tradisjonelle aviser, radiostasjonar og TV-kanalar har minka over heile verda. Dei gamle media har dessutan fått konkurranse frå nye nettbaserte nyhendekjelder, som ikkje alltid følgjer dei etiske retningslinene og journalistiske praksisen ein har vore van med (Mathé & Elstad, 2017). Blandinga av børs og katedral har alltid vore problematisk. I utgangspunktet ventar allmugen at massemedia informerer om lokalsamfunnet, nasjonen og verda. At dei tener offentlege interesse og gjer det utan eigeninteresse. At dei er ikkje regulert av staten. Problemet er at mediehusa konkurrerer i ein marknad og må ta kommersielle omsyn til kva som sel (Picard, 2007).

Er det ei digital ålmente på nettet i dag, og kven utvekslar i så fall informasjon i dette offentlege rommet? Kva type nettverk kan det vere i nettskya? Hjarvard (2000) kallar det ei globalisering av den offentlege sfæren, med offentleg meiningsdanning på tvers av landegrenser. Ikkje at medieglobaliseringa fører til ei einskild global ålmente, men snarare ei gradvis utvisking til ein offentlegheit i fleire lag, med stadig fleire samankoplingar. Hjarvard skisserer ei verd med globale medium for ein velutdanna elite, medan nasjonale og lokale medium i aukande grad tilpassar seg avmektige sosiale grupper som er truga av globaliseringa. Frå denne ståstadelen er den største faren at nasjonale og lokale medium utviklar aggressive, nasjonalistiske perspektiv på globale saker. Van Dijk meiner at det er tre aspekt ved offentlegheita som forsvinn i den nye digitale ålmenta: For det første, at den samanhengen det er mellom ei offentleg sfære og eit spesifikk stad eller territorium. For det andre, at den heilskapelege karakteren som den offentlege sfæren har hatt, blir splitta opp i ein mosaikk av sfærar. For det tredje, at skiljet mellom ein offentleg og privat sfære, som Habermas la vekt på, blir utviska. Den konvensjonelle oppfatninga av ei einskapleg, samla offentleg sfære forsvinn til fordel for ein meir segmentert, pluralistisk modell (Hacker & Van Dijk, 2000).

Habermas klassiske argument om at den offentlige sfæren er truga av maktstrukturar som forsøker å hemme og kontrollere individet, er utan tvil riktig, meiner Boeder. Likevel kan grupper og enkeltpersoner faktisk oppnå endring ved kommunikativ handling, og digital kommunikasjonsteknologi kan gi dei verktøy til å gjere det.

Etter dette kan vi argumentere med at det ikkje er enten – eller, men både - og. På ei og same tid kan den nye teknologien og det globale nettverket brukast til alt frå overvakning til

frigjering. Frå demokratisering og deliberasjon til borgarkrig og terrorisme. Frå publisering av kattevideoar til hatefulle ytringar.

Sejersted og Ytringfrihetskommisjonen meinte at “friheten til å ytre seg i det offentlige rom fører til utluftning, rense og anstendiggjøring av standpunkter gjennom samtal og kritikk. For at offentligheten skal fungere på denne måten, må de diskriminerende holdninger komme til uttrykk, for det er først når de er uttrykt, at de kan bekjempes gjennom offentlig kritikk”. I dag ser ein tvert om døme på at internett og sosiale medium kan bli brukte av terroristar og framande makter til det motsette – til psykologiske operasjonar, rekruttering av agentar, underminering av liberale demokrati, distribusjon av falske narrativ, propaganda, fordommar og nett-hat. Militære analytikarar kallar dette Weaponization of Social Media (Irby, 2016) og informasjonskrig (Stupples, 2015).

For 500 år sidan gjorde trykkpressa Martin Luther i stand til å spreie ideane sine viralt i Europa. I kjølvatnet følgde religionskrigar og brot med dei pave- og keisarmakt frå mellomalderen. Med denne analogien er internett for vår tid det trykkpressa var for reformasjonen, bare at hastigheten er så mykje større og nettverket globalt. Tida for å konfrontere dagens antidemokratiske tilbakeslag er i ferd med å renne ut, åtvarar Freedom House. Forakt for uavhengige institusjonar og open samfunnsdebatt har slått rot i land frå Sentral-Europa til Eurasia (Freedom House, 2018b), med populistiske leiarar som ikkje følgjer etablerte normer for sivilisert åtferd og trugar ytringsfridommen (Freedom House, 2018a).

## **FORSKINGSSPØRSMÅL / HYPOTESE**

Først skal vi forsøke å identifisere ulike kjelder som produserer omstridd informasjon i den norske ålmenta og deretter granske i korleis desse kjeldene blir spreidde i den digitale ålmenta.

I denne granskinga vil vi bruke snøballteknikk for å kompile ei liste med nettstader det av ulike årsaker er grunn til å vere skeptisk til. Deretter vil vi undersøke korleis saker frå desse nettstadene, blir delte i sosiale medium. Spesielt interessant vil det vere å sjå på kor sakene blir delte, og kor mykje engasjement desse skapar.

Til slutt vil vi gjøre ein kvalitativ analyse av korleis falske nyhende blir handtert av nokre nettverk. Dette vil bli gjort ved å sjå på konteksten, om sakene blir ukritisk delte, korleis dei blir ramma inn i høve til føremålet til dei som deler sakene. Her skal det poengterast at

datamengdene er omfattande og slike analysar kan vere vanskelege, mellom anna fordi nokre saker blir sensurerte.

Analysen bygg på omgrep frå diskursteorien, men også retorikk, argumentasjonsanalyse og språkhandlingsteori.

## **AVGRENSINGAR**

For praktisk å kunne gjennomføre analysen, er materialet avgrensa i øve til eit utvalskriterium og tidsrom.

1. Snøballmetoden er effektiv til å avdekke relasjonar og koplingar i nettverk, men suksessen avheng av utgangspunktet. Lista vår over alternative medium er truleg ikkje fullstendig. Det tar til dømes bare nokre minutt å registrere eit nytt domene og sette det opp med eit publiseringssystem som etterliknar den visuelle layouten til Aftenposten og andre nettavisar.
2. Data om deling og distribusjon kjem direkte frå Storyboard.mx – ei teneste som gir innsikt i korleis saker frå norske nettsteder blir delt i sosiale medium. Tenesta registerer data for dei fleste, men ikkje alle nettstadene på vår liste. Dei som ikkje blir registererte har heimesnekra publiseringssystem, ifølgje opplysningar vi har mottatt via e-post frå Storyboard.
3. Når det gjeld spørsmålet om falske nyhende prega i stortingsvalet i 2017, er oppgåva i hovudsak avgrensa til månadene juni, juli, august og september. I tillegg er utvalet avgrensa til Storyboards oversikt over dei 50 mest delte nettstadene og dei 50 mest delte sakene i perioden.
4. Utanlandske nettstader blir delte i den norskspråklege digitale ålmenta og legg premiss for debatten i mange saker. Til dømes innan tema som innvandring og identitetspolitikk. Av kapasitetsomsyn held vi desse utanom.
5. Metodikken vi nyttar er utarbeida av First Draft, eit prosjekt leia av Harvard University. Den er brukt på dei mest delte sakene til dei analyserte nettstadene. Det er ikkje mogeleg å utføre grundige, kvalitative analysar av alle dei publiserte sakene på ein nettstad. Følgeleg kan klassifikasjonen som omstridd nettstad vere diskutabel.

## **SYNTSE OG FORSKINGSSPØRSMÅL**

Vi ser nå komponentane i det teoretiske og empiriske rammeverket i heilskap for å ramme inn forskingsspørsmåla. I forsking generelt skal ein vere merksam på faren for bias, ikkje minst tendensen ein har til å stadfeste det ein allereie trur på. Den viktigaste premissen for denne

oppgåva er at politisk deliberasjon og retorisk medborgarskap er grunnsteinar eit representativt demokrati. Til liks med Ytringsfrihetskommisjonen meiner vi at sanning og forståinga av sanning skal vere eit resultat av fri utveksling av meiningar blant medlemmene i eit samfunn.

Ein annan premiss i denne oppgåva er at fleire tilhøve gjer det svært vanskeleg å identifisere falske nyhende og annan desinformasjon. For det første, det store utbodet av informasjon som finnест på nettet. For det andre, at det er tidkrevjande å gjere ein kritisk analyse av ein sak eller ein nettstad. For det tredje, at publikum i praksis les eit avgrensa utval publikasjonar, ser på eit avgrensa tal TV-stasjonar. På sosiale medium følgjer dei visse sider og enkelte sentrale meiningsberarar, og er medlem av nokre grupper i nettverket. For det fjerde, også nettavisar som ein vanlegvis reknar som truverdige, har element av dei kriteria ein elles nytta for å klassifisere falske nyhende. Til dømes usignerte leiarartiklar; reklame som liknar nyhende (content marketing); lokketitlar (klikkagn); innslag av konspirasjonsteoriar (til dømes NRK som sendte ein “dokumentar” om at Francis Bacon var Shakespeare); tabloide og vridde vinklingar som både er usaklege, unyanserte, personfokuserte.

For demokratiet i Norge er det viktig at den offentlege samtalen fungerer, at medborgarane deltar i debatten, prøver ut argument, utviklar eigne meiningar og tar velinformerte val. Derfor er det også viktig å identifisere kjelder som bidrar til forureining av informasjonsstraumen, mellom anna “fake news”, propaganda og annan desinformasjon.

På dette grunnlaget stiller vi følgjande overordna spørsmål:

Blei valkampen 2017 påverka av falske nyhende?

For å svare på dette har vi dedusert desse forskingsspørsmåla:

1. Kva var dei mest delte nettstadene og enkeltsakene under valkampen?
2. Kva for nokre nettstader publiserer saker kor innhaldet er omstridd?
3. Blir desse omstridde nettstadene lese, delte og diskuterte i sosiale medium?

## **ORGANISERING AV OPPGÅVA**

Denne oppgåva er organisert i 4 kapittel. Kapittel 1 handlar om bakgrunnen for studien, problemstilling, føremålet med oppgåva, betydninga av studien, definisjonar, teoretisk rammeverk, avgrensingar, syntese og forskingsspørsmål.

Kapittel 2 skildrar metodane som er brukt i oppgåva. Dei inkluderer (1) snøballteknikk for å identifisere alternative medium, (2) statistikk over dei 50 mest delte sakene og 50 mest delte nettstadene, (3) eit nettesartillegg som viser kor saker blir delte i sosiale medium, (4) ein programvare som illustrerer denne delinga, (5) ein applikasjon som hentar ut data om nettverket til dei Facebook-sidene som deler saker frå omstridde nettstader, og til slutt (6) ein programvare til å illustrere nettverk.

Kapittel 3 presenterer funn som er gjort i denne studien, inkludert testing og analyse av forskingsspørsmål.

Kapittel 4 summerer heilskapen i studien, diskuterer funna og implikasjonane dei har for teori og praksis, tilrådingar for vidare forsking, og til slutt konklusjonar.

Det neste kapittelet tar føre seg metodane som er blitt brukte i denne studien.

## 2. METODE

Det primære målet med denne studien var å undersøke førekomsten av falske nyhende i den norske valkampen 2017 og vurdere korleis dette påverka ålmenta, slik det blei gjort greie for i kapittel 1. I dette kapittelet går vi inn på forskingsdesign og metodeval som blei brukt for å svare på forskingsspørsmåla. Dette kapittelet er organisert i 4 deler: (1) Forfattarens forforståing, (2) etiske vurderingar, (3) strategi for utval, (4) datainnsamlinga og (5) analyseprosessen.

Denne studien er basert på ei utforskande, induktiv tilnærming. Analysen er todelt og kombinerer statistikk og innhaldsanalyse. Dette er gjort for å belyse eit felt kor det er lite kunnskap på førehand på grunn av (1) skiftet som har oppstått i økosystemet rundt media, (2) kor vanskeleg det er for sårbare demokratiske samfunn å handtere flaumen av falske nyhende, og (3) den avgrensa evna publikum har til å oppfatte dette fenomenet (D. Lazer et al., 2017).

### **FORFATTARENS FORFORSTÅING**

Underteikna har jobba som journalist sidan desember 1992. Først i lokalavis, og sidan 1999 i ei regionavis. Mellom anna har eg vore frontsjef for nettavisa. Arbeidserfaringa har gitt praktisk kunnskap om journalistikk, aktiv tilrettelegging av offentleg debatt, og innsyn i det indre livet i ein redaksjon. Dette er ein bransje som er under press, blant anna som følge av at falske nyhende og kritikken mot tradisjonelle medium har ført til forvitring av tillit og truverd.

Eg har tatt Masterclass i datadrevet journalistikk i regi av Schibsted Academy. På fritida har eg laga mange nettstader for bedrifter og frivillige organisasjonar. Denne kunnskapen har eg nytta til mellom anna dataskraping, datahandsaming, nettstader og illustrasjonar i samband med oppgåva.

Denne forforståinga kan ha sterke og svake sider. Det er gjort eit medvite forsøk på å ha eit ope sinn til det som ville kome fram under datainnsamlinga. Dessutan er data henta inn med ulike verktøy som ikkje er direkte påverka av forfattaren.

### **ETISKE VURDERINGAR**

Utvælet er i heilskap gjort ved hjelp av data frå opne nettstader på internett og opne Facebook-sider. Med andre ord er ulike gruppe på Facebook og einskildpersonar sine profilar i dette og andre sosiale medium ikkje ein del av undersøkinga. Føremålet har ikkje vore å infiltrere lukka grupper på nettet. Tvert om er hensikta å sjå kva som kjenneteiknar alternative medium,

studere korleis dei blir distribuerte via offentlege Facebook-sider og kva slags økosystem dei sirkulerer i. Hausting av data er utført med hjelp av programmeringsgrensesnittet til Facebook Graph, som er offentleg tilgjengeleg. Vi brukte bare data som er offentlege, har følgt Facebook sine retningsliner og personvernpolitikk, og har derfor ikkje søkt om etisk godkjenning sidan desse data allereie eksisterte.

## **STRATEGI FOR UTVAL**

Denne oppgåva er eit studium av falske nyhende i den norske ålmenta. Utval av einingar i denne analysen er basert på kriterium frå professor Zimdars (2016), First Draft News, Media Literacy for citizenship og Medietilsynet: (1) Nettstader med URL-adresser som imiterer autentiske nettavisar, eller som har uvanleg formatering, stavefeil, etc. (2) Overskrifter med sjokkerande påstandar, med STORE BOKSTAVAR, som skaper sinne eller andre sterke kjensler, eller som oppmodar til å angripe enkeltpersonar. (3) Saker med einsidig, konspiratorisk og/eller alarmistisk innhald som ingen andre medium rapporterer om, eller som manglar kjeldetilvising. (4) Manglande informasjon ved sok i whois.com om kven som har registrert domenet, manglande kontaktopplysningar på domenet, artiklar som manglar namn på journalisten eller redaktören. (5) Bilete utan kreditering, og bilete som det er mogleg å finne på andre nettsteder ved omvendt bildesøk i Google Images. (6) Når det gjeld innhaldet har vi sett etter politisk propaganda, klikkagn, satire, sponsorinnhald, ideologisk vridde tolkingar av fakta, som blir presenterte som nyhende, konspirasjonsteoriar, pseudo-vitskap, feilinformasjon og oppspinn (Steinberg, 2017). (7) Autentiske norske nettsteder følgjer både Redaktørplakaten (Norsk Redaktørforening) og Vær varsam-plakaten (Norsk Presseforbund, 2017), noko som blant anna betyr at ein skal skilje faktabaserte nyhende frå kommentarar. Det gjer ikkje dei alternative nettsteder i vårt utval. (8) Utan sosiale plattformar kan ikkje falske nyhende spreie seg så raskt, og eit tilleggskriterium for utvalet var sirkulasjon via ulike Facebook-sider. Under arbeidet med oppgåva var det nokre domene som forsvann, medan andre ble oppretta. Dette er ein del av fenomenet, og vi valde derfor å oppdatere lista fram mot innlevering.

Ut frå desse kriteriene er følgjande alternative medium med i analysen (figur 1).



Figur 1. Illustrasjonen viser oversikt over alternative medium i den norske ålmenta.

## **DATAINNSAMLINGA**

For å kome fram til denne oversikten over “Alternative medium”, er det nytta datamateriale frå fleire kjelde, som er fletta saman ved hjelp av ulike verktøy.

### **ALEXA.COM**

Først var føremålet å lage ein oversikt over “Alternative medium”. Kartlegginga tok utgangspunkt i to nettstader som Faktisk.no har analysert: Norgesavisen og Ny Tid. I tre tilfelle konkluderer faktasjekken med at desse nettstadene har formidla konspirasjonsteoriar. Metoden som vi har brukt vidare, blir kalla snøballteknikk, eller “associative query-snowballing technique” på engelsk. Det vil konkret seie at “Norgesavisen” og “Ny Tid” er

nytta som søkeord i Alexa.com, eit verktøy som kan finna liknande nettstader basert på overlappande lesarskare og nøkkelord. På nettsida [www.alexa.com/siteinfo](http://www.alexa.com/siteinfo) kan ein leggje inn adressa til ei nettside og gjere eit søk for å finna ut kva for nokre nettstader som er relatert. I gratisversjonen som vi har brukt, viser bare dei fem mest overlappande nettstadene. Dessutan får ein informasjon om kva for nokre nettstader som lenker inn til den aktuelle sida, og kva for nokre nettstader som blei vitja rett før. Resultata har vi lagt inn i ei liste. Den einskilde nettstaden på lista blei brukt for tilsvarende søk inntil vi ikkje lenger fikk nye treff. SimilarWeb.com har ein liknande teneste, og tilsvarende prosess er gjort her for dobbeltsjekk.

Når ein tar utgangspunkt i ein omdiskutert nettstad, til dømes *Nyhetsspeilet.no*, kan ein sjå at Alexa rangerer fem nettstader med overlappande lesarskare: rights.no, document.no, dagensnytt.com, riksavisen.no og nytnorge.com. Nettstadene som lenker inn til Nyhetsspeilet er: dagbladet.no, 8ch.net, lurkmore.to, pentapostagma.gr og dinavis.no. SimilarWeb har for lite data til å gje treff i dette tilfellet. I mange tilfelle er det mogeleg å finne ut kven som har registrert domenet ved å søke med URL-en i databasen whois.com, whois.net eller ein liknande databasar. Desse databasane gir også opplysningar om når domenet blei registrert og om det ligg på ein server i utlandet.

Søker ein på *Rights.com* gir Alexa.com desse treffa: document.no, frieord.no, resett.no, minervanett.no og steigan.no, medan SimilarWeb gir: hannenabintuherland.com, document.no, frieord.no, ektenyheter.no og snaphanen.dk. Nok ein gong sjekka vi ein overlappande publikum for kvar av desse nettstadene, kven som lenkar inn til sida, kva sider som er vitja rett før.

Ut frå desse undersøkingane var det då mogeleg å kome fram til ei liste over nettstader, som deretter blei analysert etter dei nemnde kriteria, og som vi ønska å sjå nærare på. Vi har til dømes lukt ut Dagbladet, Minervanett og andre nettavisar som følgjer redaktørplakaten og Vær varsam-plakaten. Dei alternative nettavisene vi sat igjen med, blei deretter analysert med fleire prosedyrar, som vi nå skal gjere greie for.

## STORYBOARD.MX

For å undersøke om falske nyhende prega den norske valkampen, er data henta frå Storyboard.mx. Dette er eit norsk selskap som tilbyr dataverktøy for å analysere korleis saker blir spreidde via sosiale medium. Storyboard hentar data via RSS- straumen (Rich Simple Syndication) til ein nettstad, altså dei kronologiske oppdateringane, som alle kan oppdatere på. Med hjelp av Storyboard sine verktøy har vi undersøkt kva for nokre nyhende som blei

mest delte i juni, juli, august og september, altså perioden fram til valdagen. Det er henta ut data for dei 50 mest besøkte nettstadene i kvar av månadane, samt dei 50 mest delte sakene i kvar av månadene. Desse data er kryssjekka med vår liste over “Alternative medium”, altså nettstader som publiserer desinformasjon, konspirasjonsteoriar og andre typar kontroversiell informasjon.


#### **DISTRIBUSJON AV FALSKE NYHENDE VIA FACEBOOK**

For å undersøke alternative medium nærmare er det mellom anna brukt metodar som er utvikla av Public Data Lab (PDL), ei gruppe forskrarar knytt til ulike europeiske universitet. PDL har som mål å legge til rette for forsking, demokratisk medborgarskap og offentleg debatt ved å ta i bruk innovative metodar til å innhente og bruke offentleg tilgjengelege data. Dei har laga ein guide for utforsking av digitale metodar for å spore produksjon, sirkulasjon og resepsjon av falske nyhende på internett, som vi har følgd i denne studien (Publicdatalab.org).

For å granske korleis alternative medium blir distribuerte i sosiale nettverk, blei det nytta ein metode som blir kalla co-link analyse. Dette inneber at ein undersøkjer samanheng mellom noder og mønster (Lang, Gouveia & Leta, 2010). Kvar enkelt nettstad på lista vår blei undersøkt med Crowdtangle, eit verktøy som kan skrape data og avdekke korleis innhald blir delt i sosiale medium. Konkret er dette ein programapplikasjon som med eitt klikk kan installast i nettlesaren. Etter at tillegget er installert vil det vise som eit symbol i nettlesaren. Med Crowdtangle kan ein deretter undersøke kor ofte ei lenke har blitt delt, kven som deler og kva som blir kommentert. Ein går inn på den aktuelle nettstaden og klikkar på Crowdtangle-symbolet. Applikasjonen då vise i kva for nokre sosiale medium delinga skjer, anten det er Facebook, Twitter, Pinterest, Linkedin eller Instagram. Ein kan bruke Crowdtangle til å undersøke alt frå heile nettstader, til einskilde artiklar, til YouTube-videoar, Facebook-videoar, med vidare. Vi lasta trefflistene som blei akkumulert av Crowdtangle ned som rekneark i CSV-format for vidare analyse, eventuelt visualisering med dataverktøyet Rawgraphs.

Den neste illustrasjonen (figur 2) er et resultat av at vi med hjelp av Crowdtangle har analysert nettstaden Frihetskamp.net, som er tilknytt den nazistiske gruppa Nordfront. Resultata frå Crowdtangle er lasta ned i eit rekneark. Data frå reknearket er så lasta inn i Rawgraphs, kor vi i dette dømet har brukt valet Cluster Dendrogram. Dette gir eit tre-liknande diagram, som viser korleis artiklar på Frihetskamp.net blir kanalisert via ulike sider og

grupper på Facebook, Reddit og Twitter. Her viser også talet på følgjarar.




Figur 2. Oversikt over korleis den nynazistiske nettstaden Frihetskamp.net blir distribuert i sosiale medium. Illustrasjonen viser kven som har delt ei sak frå Frihetskamp.net, kor mange følgjarar kanalen har og kva for ein plattform som blei brukt. (Kjelde: Crowdntangle)

Kvar einaste alternative medium på lista vår er skrapa med Crowdntangle for å få oversikt over distribusjonsnettet. I dømet med Frihetskamp.net var det også fleire motstandarar som delte stoffet i sosiale medium, til dømes Agderposten.

Vår gransking har vist at sakene til alternative medium *primært* blir delte via Facebook-sider. Vi har derfor vald å avgrense dei vidare undersøkingane til Facebook, nærmere bestemt Facebook-sider. Ei tilleggsårsak er at det er ein eigna applikasjon for analyse av Facebook-sider, kalla Netvizz, som kan nyttast til kartlegging av nettverk.

Dømet over viste at Frihetskamp.net er blitt delt av på Facebook av sida “Fremtiden som NORSK ?”. Denne sida kan ein i neste omgang kartlegge med Netvizz og til slutt visualisere med programvaren Gephi. Då blir det som i figur 3:




Figur 3. Page-like nettverket til Facebook-sida som heiter “Fremtiden som Norsk ?” (Kjelde: Netvizz)

## FACEBOOK GRAPH

Dei alternative nettavisene på lista vår blir delte av Facebook-sider, på engelsk kalla Facebook Page, som har eit unikt programmeringsgrensesnitt (API). Alle som har oppretta ein brukar på Facebook, kan også opprette Facebook-sider og – grupper. Ei Facebook-side består av ein “feed”, ein straum av nyhende, kor administratoren og moderatorar publiserer innlegg. Desse postane inneheld gjerne tekst, bilete og/eller lenke til nettstader på verdsveien eller anna innhald frå Facebook. Ved å trykke symbolet for Tommel opp (“Like”) eller ved å trykke “Follow” kan Facebook-brukarar følgje slike Facebook-sider og få oppdateringar i sin personlege nyhendestraum. Det er deretter mogleg å respondere aktivt på postane; Ved å trykke “Liker”, kommentere og/eller dele innlegget vidare med eige nettverk (såkalla vener). Administratoren av ei Facebook-side har ein annan moglegheit: Det er mogleg for ei Facebook-side å like ei anna Facebook-side. Administratoren går då til ei side vedkomande ønsker å like. Deretter klikkar han/ho på dei tre prikkane under det som blir kalla “cover


photo”, og i menyen som kjem fram vel ein “Like As Your Page”. Til slutt vel ein kva for ei Facebook-side (om ein har fleire), som skal like den aktuelle sida.

For det første er dette ein prosedyre som krev medviten handling og set kognitive krav. For det andre kan ein ved å lenke saman fleire sider, skape eit eige nettverk av Facebook-sider. For det tredje – og dette er eit viktig poeng – vil dei sidene som er blitt ”likt” vise som ei anbefaling. Om ein Facebook-brukar til dømes er inne på den innvandringsfiendtlege Facebook-sida ”Fremtiden som NORSK ?”, vil vedkomande under ”Sider som denne siden liker” i høgre marg sjå tre forslag (figur 4), blant anna ”Steng grensen nå”. Dersom brukaren trykker ”liket” på ”Steng grensen nå”, vil nye forslag kome opp. I tillegg føreslår Facebooks algoritmar ”relaterte sider” med tilsvarende innhald. Med nokre klikk kan ein i løpet av sekunder danne ein informasjonsmeny etter eigen smak; eit ekkokammer.



Figur 4. Illustrasjonen viser korleis Facebook legg til rette for at brukarane kan lage sin eigen høgreekstreme informasjonsmeny. Algoritmane viser ”Relaterte sider”, medan administratoren bestemmer utvalet under ”Sider som denne siden liker”. (Kjelde: Skjermdump)

Når ein lenkar saman Facebook-sider vil det forma seg klynger. Slike klynger former seg i eit kvart nettverk. I samfunnet ser ein at det former seg grupper av venner, grupper av kollegaer, og på internett gjeld det nettstader med liknande innhald. Til dømes nettstader som handlar om kunst, lenkar til andre kunst-sider og sjeldan til sport. Som døme på eit Page-Like nettverk viser figur 5 ulike Facebook-sider som er lenka saman av Demokratane i Norge.



Figur 5. Illustrasjonen viser Page-Like nettverket til Demokratane i Norge. (Kjelde: Netvizz)

NETVIZZ

Facebook organiserer innhaldet ved hjelp av algoritmar. Det som dukkar opp øvst i nyhendestraumen til brukarane, er ei blanding av nytt og gammalt, fordi kommentarar på gamle postar sender desse tilbake på toppen. Denne dynamiske organiseringa skapar engasjementet og samhandling, men gjer det samtidig vanskelegare å forske på dette feltet (Meishar-Tal, Kurtz & Pieterse, 2012). Ei mogeleg løysing på problemet er å nytte dataverktøy, slik vi har gjort i denne oppgåva. Til vårt føremål har vi brukt Netvizz, ein applikasjon utvikla ved Universitetet i Amsterdam, som kan trekke ut anonymiserte data frå Facebook til bruk i forsking. For forskarar innan humaniora er det mogleg å bruke slike datasett til å analysere komplekse sosiale og kulturelle fenomen (Rieder, 2013).

Vi har brukta Netvizz til å trekke ut datasett, som viser relasjonar mellom Facebook-sider. Dette blir kalla å skrape/hauste data. Facebook endrar stadig kva for nokre opplysningar det er mogeleg å skrape. Hausten 2017 kunne ein med hjelp av Netvizz trekke ut (1) gruppedata med informasjon om nettverk og brukaraktivitet rundt postane, (2) sidedata med nettverk og brukardata rundt poster, (3) nettverk av sider som er knytt til kvarandre gjennom “likes” mellom dei, (4) tilgang til Facebook sin søkemotor og moglegheit til å hente ut treff, og (5) statistikk for lenkar som blir delte på Facebook.

Vi har nytta alternativ 3, som altså viser korleis Facebook-sider er lenka saman (på engelsk kalla Page-Link Network; eit lenke-nettverk). Det er mogeleg å skrape i to nivå. Nivå 1 viser dei sidene administratoren har likt. Nivå 2 viser i tillegg kva dei likte sidene har likt. Vi har analysert filene frå Netvizz og nytta dei til å visualisere ulike nettverk. Til analysen og visualiseringa har vi nytta analyseverktøyet Gephi, slik som i dømet med “Framtiden som NORSK ?” i figur 4, over.

Etter kvart som vi kartla terrenget, begynte det å danne seg konturar. Til liks med bruk av kart og kompass, forsøkte vi å krysspeile inn politiske aktørar for å fastslå posisjon. For å ”mappe” distribusjonsnettet som spreier polistisk desinformasjon i den norske Facebook-ålmenta, har vi derfor laga nokre interaktive nettstader. Desse gir visuelt oversyn over ulike Page-like-nettverk:

- **Public.netlify.com** – gir oversyn (nivå 1) over Page-like-nettverket til alle norske parti, hovudstraumsmedium, samt alternative medium – eit nettverk som består av 526 Facebook-sider.
- **Public2.netlify.com** – gir oversyn (nivå 2) over alternative medium – eit nettverk som består av 577 Facebook-sider.
- **Public3.netlify.com** – gir oversyn (nivå 2) over hovudstraumsmedium – eit Page-like-nettverk som består av 1552 Facebook-sider.
- **Public4.netlify.com** – gir oversyn (nivå 1) over høgreekstreme/-radikale aktørar, som blei granska i ”Høyreklikk! En analyse av ytre høyre på sosiale medier i Norge” (Haanshuus & Jupskås, 2017). Dette er Page-like-nettverket til Demokratane, Folkebevegelsen mot innvandring, Norges Frihetsparti, Norsk Folkeparti, Norwegian Defence League, Pegida Norge og SIAN består av totalt 56 Facebook-sider.
- **Public5.netlify.com** – gir oversyn (nivå 2) over 22 norske parti – eit Page-like-nettverk som består av 437 Facebook-sider.
- **Public6.netlify.com** - gir oversyn (nivå 1) over 54 distributørar av alternative medium, samt 18 høgreekstreme parti/sympatisørar, og det Page-like-nettverket dei dannar med 168 Facebook-sider.
- **Public7.netlify.com** – gir oversyn (nivå 2) over sfæren rundt ulike høgrepulistiske aktørar.
- **Public8.netlify.com** – gir oversyn (nivå 2) over sfæren rundt ”Steng grensen nå” og partiet Alliansen – eit nettverk som består av 277 Facebook-sider.
- **Public9.netlify.com** – gir oversyn (nivå 2) over konspiritualitet, det vil seie konspirasjonsteoriar i esoteriske miljø. Nettverket består av 427 Facebook-sider.
- **Public10.netlify.com** – gir oversyn (nivå 2) over sfæren rundt partiet Liberalistane – eit nettverk som består av 272 Facebook-sider.
- **Public11.netlify.com** – gir oversyn (nivå 2) over sfæren rundt partiet Demokratane i Norge – eit nettverk som består av 93 Facebook-sider.

- **Public12.netlify.com** - gir oversyn (nivå 2) over sfæren rundt partiet Rødt – eit nettverk som består av 1199 Facebook-sider.
- **Public13.netlify.com** - gir oversyn (nivå 2) over sfæren rundt Anti Islam Allianse Norge, eit nettverk som består av 488 Facebook-sider.

## AVGRENSING

I minst 18 land som gjennomførte demokratiske val det siste året, har desinformasjon spelt ei viktig rolle (Freedom House, 2017). Manipulering av sosiale medium har vore ein viktig del av dette. Falske nyhende, automatiske robotar (bottar), målretta annonsar og andre manipulerande metodar blei brukte av ekstremistar og statar i forsøk på å påverke utfallet. Føremålet er å forvirre veljarane og øydelegge deira evne til å stemme på parti og politikarar ut frå faktisk kunnskap, reelle nyhende og autentisk debatt. Dei alternative nettavisene vi har studert, og Facebook-sidene som distribuerer desse, er bare ein liten del av biletet. Innanfor Facebook-universet speler også grupper ei stor rolle. Kva som går føre seg i lukka og hemmelege gruppe, har ein ikkje innsyn i.

I samband med vala i USA, Frankrike og Tyskland har det vore stor merksemd rundt mogleg russisk innblanding og bruken av Twitter bot-ar. Dette er robotar som utfører automatiske handlingar, til dømes tvintrar, liker og følgjer. I det tyske valet var slike Twitter-bottar med på å spreie meldingar til føremon for det høgpopulistiske partiet AfD. Ein hypotese er at liknande metodar blei tatt i bruk under stortingsvalet, men dette har vi ikkje undersøkt av omsyn til kapasitet og manglande tilgjenge til naudsynte – og dyre - dataverktøy. Vi har drøfta dette personleg med analytikaren Henk van Ess, som har avdekkja korleis russiske bottar støtta AfD i det tyske valet i Buzzfeed (Ess, 2017; Ess & Lytvynenko, 2017). Tilsvarande har også YouTube og andre plattformar eit problem med falske nyhende (Locklear, 2018).

Når ei annonse for den buksa vi søkte etter på nettet, følgjer oss frå den eine nettstaden til den andre, er det ikkje fordi nokon har kjøpt bannerannonse alle stader. Dette blir kalla programmatiske annonsar og kan like gjerne bli nytta til politisk reklame som klesplagg. Kort fortalt dreier programmatiske annonsar om at dei spora forbrukarane legg igjen når dei surfar på nettet, blir brukte til å lage profilar som blir selde til dei annonsørane som byr mest. Dette betyr at dei fleste nettstadene vi besøker, viser reklame som er spesiallaga for den einskilde ut frå surfhistorikken og personlege data. For annonsørane betyr dette at dei i staden for å kjøpe til dømes ei heil avisside i VG, som både interesserte og uinteresserte leserar kan sjå, kan

segmentere heilt ned på individnivå. Dermed kan annonsørane bruke reklamekronene på kundar som har vist interesse for deira produkt. Det har vore stor merksemd rundt misbruk av programmatiske annonsar og digital overvaking i andre land, særleg USA. Vi har ikkje data på dette frå den norske ålmenta, men skal likevel kome nærare inn på dette – fordi det kan ha vore ein viktig, men heilt usynleg del av valkampen i 2017.

### 3. RESULTAT OG ANALYSE AV DATA

Intensjonen med denne oppgåva var å undersøke førekomensten av falske nyhende i samband med stortingsvalet i 2017. Føremålet med studien blei nådd ved å undersøke data frå internett, samt distribusjon av innhald frå verdsveven og inn i sosiale medium. Vidare blei det gjort ein nettverksanalyse av distribusjonsnettet. Dette kapittelet presenterer resultat og dataanalyse, og er organisert med utgangspunkt i dei fire forskingsspørsmåla.

Data frå Storyboard.mx er brukt til å svare på det første: **Var den norske ålmenta prega av falske nyhende i samband med stortingsvalet 2017?**

Snøballteknikk og data frå Storyboard.mx, Alexa.com og SimilarWeb.com er nytta for å svare på det andre spørsmålet: **Kva for nokre medium spreier konspirasjonsteoriar, propaganda, falske nyhende og andre typar desinformasjon på internett (www)?**

Deretter er data som er hausta med nettlesartillegget Crowdtangle og data frå Storyboard.mx nytta til å gi svar på det tredje: **Korleis blir desse omstridde nettavisene distribuert i sosiale medium?**

Til slutt er Facebook-applikasjonen Netvizz brukt til å hente ut data om Page-Link-Network, og desse data er visualisert med programmet Gephi for å svare på det fjerde spørsmålet: **Kva plass har falske nyhende i den digitale ålmenta?**

#### **VAR DEN NORSKE ÅLMENTA PREGA AV FALSKE NYHENDE I SAMBAND MED STORTINGSVALET 2017?**

Først skal vi sjå nærmere på om falske nyhende prega den norske valkampen. For å belyse dette må ein kartlegge kva for nokre nyhende og nettavisar som blei mest delt. Vi har brukt statistikk frå betalingstenesta Storyboard.mx til dette føremålet. Statistikken frå Storyboard er basert på korleis saker blir delte frå internett (World Wide Web) og inn i sosiale medium, som Facebook, Twitter, LinkedIn, Instagram og Pinterest.

Dei mest delte enkeltsakene i juni, juli, august eller september var i stor grad saker frå tradisjonelle mediehus, ifølgje statistikken frå Storyboard (sjå vedlegg 1, 2, 3, 4 – som viser dei mest delte *enkeltsakene*). Saker frå TV2, NRK, Dagbladet, VG, Nettavisen, Aftenposten, ABCnyheter, Bergens Tidende og Adressa blei mest delt. Ingen av toppsakene i valkampen er å rekna i same kategori som “Paven tilrår å stemme på Trump”. Elles er fleire såkalla “virale

nettstader”, som er økonomisk motiverte og brukar lokketitlar (klikkagn), inne på Topp 50-lista over dei mest delte sakene.

Når det gjeld den totale delinga frå domene, kan ein merke seg at dei innvandringskritiske nettstadene Document.no og Rights.no (Human Rights Service) var inne på Topp 10-lista over dei mest delte nettstadene under valkampen (sjå vedlegg 5, 6, 7, 8). Den omdiskuterte nettstaden Resett.no, blei lansert kort tid før valet og hadde såleis liten påverknad på det tidspunktet.

Av politiske tema er det eitt som peika seg ut: Innvandring. I juni var 6 av dei 10 mest delte sakene inne på tema som nikab-forbod, Islamsk Råd og hatkriminalitet mot innvandrarar.

Desse sakene blei delt totalt 165.310 gonger i sosiale medium. I juli var det 3 saker på Topp 10-lista som omhandla innvandring, og desse blei delte 65.837 gonger. Dei handla om innstraming av vilkåra for å få norsk statsborgarskap, om nazistar i demonstrasjonstog i Kristiansand, og eit forsvar for Human Rights Service/Hege Storhaug. I august vann Karsten Warholm VM-gull på 400 meter hekk, og 3 av Topp 10-sakene omtalar denne idrettsprestasjonen. Men 4 andre på topplista handla om innvandring, og blei delte 214.717 gonger. Det dreidde seg om misbruk av asylinstituttet, kritikk av statsminister Erna Solberg for å sleppa Frp inn i regjering og gjere Norge til eit kaldare samfunn, Kristin Clemet i Civita om norske verdiar, og ein døyande Per Fugelli (2017):

“Er her fare nå? Noen kaster skam, mindreverd og mistanke på våre nye landsmenn. Enkelte innvandrere møter norske verdier med fordømmelse og lukkede sinn. Slik kan vi få splittelse og frykt, i stedet for samling og tillit i den norske flokken”.

I valmånaden september var det tre saker som omhandla innvandring på oversikten over dei mest delte sakene. Mest delt var “Det Sylvi vil du skal glemme”, ein gjesteblogg i Nettavisen skrive av Bjørnar Moxnes, partileiar i Rødt. I bloggen kritiserte Moxnes dåverande innvandringsminister Sylvi Listhaug (Frp).

## VIRALE NETTSTADER

Storyboard har ein oversikt som blir kalla “Virale nyheter” – med statistikk for 16 økonomisk motiverte klikkagn-nettstader (vedlegg 9). Alle desse har ein fallande trend på trafikken. Dette kan skuldast tiltak frå Facebook, som har varsla at klikkagn skal vekk frå nyheitsstraumen til brukarane (Statt, 2017).


Sjølv om klickagn-sider ikkje var noko stor del av stortingsvalet, kan ein merke seg eavisa.com (omtalt nærmare i kapittel 3), som kallar seg “underholdningside med fokus på satire og humor”. Spørsmålet er om innhaldet er morosamt eller døme på misogyni?

“Damer som strikker er psykopatiske og ødelegger familier!” (Eavisa, 2017b)

“Jenter som driver med hest har store psykiske problemer!” (Eavisa, 2017a)

“Kvinner som gjør ALT husarbeide er de lykkeligste!” (Eavisa, 2016)

Figur 6 er henta frå Storyboard.mx og viser at virale nettstader mister trafikk i perioden 2014-17.



Figur 6. Norske virale nettsteder har hatt nedgang i nettrafikken etter at Facebook sine algoritmar begynte å fjerne klickagn fra feeden. (Kjelde: Storyboard.mx)

## OPPSUMMERING

I slutten av den amerikanske presidentvalkampen blei falske nyhende meir delt enn saker frå tradisjonelle mediehus. Men Allcott og Gentzkow (2017) fann ikkje belegg for at falske nyhende var utslagsgjenvande for det amerikanske presidentvalet, sjølv om falske nyhende som favoriserte Donald Trump blei delte 30 millionar gonger på sosiale medium dei tre siste månadene av valkampen. Sjølv dei mest sirkulerte falske nettsakene blei bare sett av eit lite

publikum, konkluderte forskarane. Ut frå denne undersøkinga kan det sjå ut til at effekten er relativt liten.

Andre legg vekt på at falske nyhende bare reflekterer og bygg opp om den stadig aukande polariseringa i det amerikanske samfunnet, at kløfta mellom ulike ideologiske leirar blir djupare, at tradisjonelle normer for korleis ein samhandlar i offentlegheita har brote saman. Steven Levitsky and Daniel Ziblatt (2018) åtvarar om at polarisering kan pulverisere demokratiske normer, dei uskrivne reglane for korleis vi oppfører oss, og i siste instans kan truge sjølv demokratiet.

Spørsmålet var om fenomenet falske nyhende prega stortingsvalet i 2017? Som gjennomgangen av data frå Storyboard har vist, er det ikkje noko som tyder på at falske nyhende hadde eit spesielt stort omfang. Følgeleg kan ein tenkje seg at falske nyhende har hatt endå mindre effekt i den norske ålmenta. I tillegg er det fleire andre moment som spelar inn. Det norske medielandskapet er nokså oversikteleg med nokre få dominante mediehus. Det norske språket utgjer ein barriere for utanlandske troll. Språkområdet utgjer dessutan ein liten marknad og er dermed mindre attraktivt for dei som av økonomiske grunnar jaktar klick.

Vi meiner Allcott og Gentzkow underdriv problemet med falske nyhende, og at det har større implikasjoner enn skinet frå overflata. Som vi skal sjå er flaumen av desinformasjon omfattande. Dette forureinar samfunnsdebatten og angrip sjølv fundamentet for rasjonell argumentasjon. Dermed utgjer fenomenet eit trugsmål mot informert deliberasjon, ekspertise, utdanning og retorisk medborgarskap. Vi skal dokumentere og grunngje påstanden i fortsetjinga.

Korleis er stoda for alternative medium på vår liste? I neste del av oppgåva kjem ein kort gjennomgang av kvar alternativ nettstad. Vi skal studere korleis dei blir delte i sosiale medium. Vedlegg 10 er eit rekneark med data som er hausta med Crowdtangle. Reknearket har nær 9818 liner med data om korleis alternative medium blir distribuert i sosiale medium. (Vedlegg 11 inneheld dei same opplysningane i PDF-format, totalt 328 sider).

## **ALTERNATIVE MEDIUM**

I ein digital tidsalder kan konspirasjonsteoriar og annan falsk, villeiande og overdriven informasjon lett spreie seg. Det er eit stort spekter av kanalar som tilbyr konkurrerande versjonar av sanninga og desse kan bli momentant spreidd gjennom via sosiale plattformar.

Kjeldekritikk og analyse av sanningsverdien av einskilde postar i ein endelaus informasjonsstraum, er ein utfordring for den einskilde.

Vi skal nå gå gjennom alternative medium med eige domenene (www) på internett.

#### **247.AVISEN.COM OG 24AVISEN.COM**

I dette underkapittelet skal vi sjå nærmere på 247avisen.com og 24avisen.com for å vise koplinga til det høgreradikale partiet Demokratane i Norge, som etter alt å døme står bak alternative medium og spreier falske nyhende via Facebook.

Den innvandringskritiske nettstaden 24avisen.com hadde ein negativ omtale av den mørkhuda leiaren av Grorud AUF med overskrifta “Er det dette Arbeiderpartiet skal satse på i fremtiden?” Etter publiseringa blei nettstaden blokkert av Facebook (24avisen, 2017) og domenet lagt ned 18. september 2017. Derfor er det ikkje tilgjengeleg delingsstatistikk frå Storyboard eller Crowdtangle. Sakene er fjerna frå nettet, men ifølgje Filter Nyheter blei det vidareformidla vondsinna vandrehistorier, til dømes at Michelle Obama kan vere ein transseksuell mann (Skybakmoen et al., 2017b).

Etter blokkinga blei aktiviteten flytta til den nesten likelydande nettstaden 247avisen.com, som har ei Facebook-side med same namn. Logoen er pikselert og uprofesjonell, det same med webdesign. Artiklane utan namngitt journalist. Twitter-feeden til Reuters er bakt inn (såkalla embed) i høgre kant av fronten. Føremålet er truleg å la Reuter sitt truverd smitte over på 247avisen. Sida manglar kontaktopplysningar, og det manglar opplysningar om kven som registrerte domenet. Alt dette er kjenneteikn på alternative medium. I tillegg er innhaldet alarmistisk, einsidig, ubalansert og med tydeleg slagseite til føremon for Demokratane i Norge. I sak etter sak er det sitat frå Vidar Kleppe og andre partimedlemmer – ikkje frå andre parti.


Dei fem sakene som er blitt mest delte i 2017 (tabell 1), handlar om innvandring og bompengar. Tre av desse blei publisert i valkampen, to etterpå:

Tabell 1. Lista viser dei mest delte sakene på 247avisen.com i 2017. Topsaken blei delt 2610 gonger. (Kjelde: storyboard.mx)

1	<b>24</b> <a href="#">Det burde vært et krav om at personer som stemmer ved valg må kunne norsk</a> <small>Aug 28</small>	2,610
2	<b>24</b> <a href="#">Over 150 Moskeer i Norge, Demokratenes Vidar Kleppe sier stopp</a> <small>Jun 2</small>	2,578
3	<b>24</b> <a href="#">579 kroner for lastebil i Oslo-bommen</a> <small>Nov 18</small>	2,374
4	<b>24</b> <a href="#">Sverige har fått et islams parti, med partileder som bor i Iran</a> <small>Oct 25</small>	2,211
5	<b>24</b> <a href="#">Nok et muslimsk terrorangrep i London</a> <small>Jun 4</small>	2,156

Nettstaden 247avisen.com ser ut som eit talerør for Demokratane i Norge, eit parti som er kategorisert som høgreradikalt/høggreekstreng og islamofob av Haanshuus og Jupskås (2017): “Demokratene, for eksempel, hevder at samfunnet “islamiseres”: muslimene i Norge tar seg til rette, krever for mye, og i mange tilfeller får de det som de vil”.

Data frå Crowdntangle (figur 7) viser at sakene frå 247avisen.com i hovudsak blir delte på Facebook av Demokratane i Norge, samt de innvandringskritiske sidene Nasjonale Nyheter og Innvandring & kriminalitet.




Figur 7. Illustrasjonen viser kva for nokre Facebook-sider som distribuerer saker frå 247avisen.com (Kjelde: Crowdntangle)

Demokratane i Norge fekk 3830 stemmer ved stortingsvalet. I november 2017 hadde partiet 13.655 følgjarar på Facebook, medan tidlegare partileiar Vidar Kleppe hadde 10.476 følgjarar og noverande leiar Makvan Kasheikal hadde 2704 følgjarar. Facebook-sida Nasjonale Nyheter har bare 635 følgjarar. Dei 20 mest leste sakene i 247avisen.com er til saman blitt delte 29.012 gonger i sosiale medium.


Vi har kartlagt 92 Facebook-sider i Page-Like-nettverket (figur 8) til Demokratane. Nettverksanalyse ved hjelp av Netvizz og Gephi viser at det er tette koplinger mellom

nettstaden 247avisen.com, Facebook-sida Nasjonale Nyheter, Facebook-sida "Nei til mer bompenger" og partiet Demokratane i Norge. Det er grunn til å spørje om det er partiet sjølv, som står bak.



Figur 8. Skjermdump fra Demokratene.netlify.com, som viser del av Page-like-nettverket til Demokratane i Norge.

Til dømes deler "Nei til mer bompenger", ei Facebook-side med over 40.000 følgjarar, innlegga til Facebook-sidene til Demokratane og 247avisen.com (figur 9), samt innlegg frå Demokratene.no. På denne sida blir den politiske propagandaen frå Demokratane delt sporadisk mellom andre saker frå nettavisene frå VG og andre hovudstraumsmedium. Dermed klarer det høgreradikale partiet å nå mange fleire menneske enn talet på veljarar, kanskje utan at dei er klar over kven som står bak.



Figur 9. Facebook-sida ”Nei til bompenger” deler innhald laga av Demokratane i Norge. (Skjermdump: Facebook)

Frå etterforskinga av korleis Russland påverka det amerikanske valet, er det kjend at deira påverknadsoperasjonar nytta falske nettstader, falske Facebook-sider og falske følgjarar for å støtte ekstreme aktørar på både høgre og venstre fløy (Applebaum, 2018). Russiske aktørar manipulerte historier, tok dei ut av kontekst, endra detaljar og laga falske videoar for å provosere, skape frykt og auke sosiale konfliktar. Gjennom analyse av Demokratane sine påverknadsoperasjonar, ser vi at den russiske verktøykassa er i bruk i Norge også. Vi kjem grundigare tilbake til dette temaet i del 4 – diskusjon.

### “FRIE NASJONALISTER - POLITISK UKORREKT INFO”

Frie Nasjonalistar er knyta til fleire grupper i det høgreekstreme og nasjonalistiske miljøet, blant anna det nye partiet Alliansen (Krokfjord, 2017). I dette underkapittelet skal vi sjå nærrare på begge, analysere korleis dei spreier falske nyhende via Facebook og vise at det er grunn til å spørje om Frie Nasjonalister og Alliansen er dei same aktørane.

Det nasjonalistiske økosystemet består blant anna av bloggane


Frienasjonalister.wordpress.com og Politiskukorrektinfo.wordpress.com, samt to Facebook-sider med same namn. Bloggane er utan redaktør og har anonyme forfattarar. Design og logo er ikkje profesjonell. På den første bloggen blir det hevda at alle parti på Stortinget fremjar masseinnvandring, at alle nasjonale alternativ blir mobba bort, og ein gir uttrykk for eit konspiratorisk verdsbilete der Rothschild, Bilderberg-gruppa og lakeiar av globalkapitalismen styrer landet. Frie Nasjonalister-bloggen hyller i fleire postar både Alliansen og partileiar Hans Jørgen Lysglint Johansen for “Norge først”-line. Etter stortingsvalet uttrykte bloggen

stor glede over “at stadig flere nordmenn på ulike alternative måter tar til motmåle mot den påtvungne og høyst nedbrytende multikulturen” (Frie Nasjonalister, 2017).

I ein bloggpost 2. september skreiv Frie Nasjonalister “Den smilende nasjonalismen er på offensiven”. Her heiter det at nasjonalismen bør vere for endring, men ikkje i den “venstreorienterte, ‘progressive’ og degenererende forstanden”. Det same bodskapet - og ordlyden - har partileiaren i Alliansen hatt i fleire videoar på Facebook.

Storyboard har ikkje data om bloggane, medan Crowdtangle viser at dei to bloggane blir delte på Facebook av “Frie Nasjonalister - Politisk ukorrekt info”.


Frie Nasjonalister etablerte Facebook-sida “Frie Nasjonalister - Politisk ukorrekt info” i januar 2016 og hadde cirka 700 følgjarar per august 2016 (Haanshuus & Jupskås, 2017). I november 2017 hadde talet auka til 21.692. Data frå Crowdtangle viser at denne Facebook-sida deler mange nettstader som står på vår lista over alternative medium (figur 10), samt nettstaden til partiet Alliansen ([www.stemalliansen.no](http://www.stemalliansen.no)).



Figur 10. Facebook-sida “Frie Nasjonalister – Politisk ukorrekt info” er distribusjonskanal for minst 19 alternative medium.  
(Kjelde: Crowdtangle)


Partiet Alliansen stilte lister i alle fylke og fekk 3311 stemmer ved stortingsvalet. I valkampen publiserte partileiaren fleire videoar kor han gjekk ut mot ”negerkulturens påverknad på norsk ungdom” og hevda at jødane har makt over norske politikarar. Ifølgje Dagbladet (ibid.) er fleire partifelle med i Den nordiske motstandsbevegelsen (Nordfront), som står bak Frihetskamp.net (meir om det seinare).

Alliansen sin nettstad Stemalliansen.no blir delt på Facebook (figur 11) av blant anna sidene “Frie Nasjonalistar – Politisk ukorrekt info” og “Steng grensen nå” (27.959 følgjarar). Etter alt å døme er begge underbruk av partiet, som vi skal sjå.




Figur 11. Stemalliansen.no, som er nettstaden til Alliansen, blir distribuert av Facebook-sidene ”Steng grensen nå” og ”Frie Nasjonalister – Politisk ukorrekt info”, som ser ut til å vere under styring av partiet. (Kjelde: Crowdtangle)

Partiet har ei Facebook-side ”Alliansen – Norge”, kor administratoren har trykka likar på ”Steng grensen nå”. ”Steng grensen nå” har publisert annonsar med logoen til Alliansen og Fri Nasjonalistar, som også er delt av fylkeslag sine Facebook-sider og Frie Nasjonalister – Politisk ukorrekt info. Dessutan deler ”Steng grensen nå” (figur 12) mange av dei same nettstadene som Fri Nasjonalister. På Facebook har Alliansen i Skien delt posten ”Joda, norsk kultur og nordmenn eksisterer!” frå politiskukorrektinfo.wordpress.com.



Figur 12. Facebook-sida ”Steng grensen nå”, som truleg er styrt av Alliansen, er distribusjonskanal fleire alternative medium. (Kjelde: Crowdtangle)

Nettverksanalyse med data frå Netvizz og Gephi viser liker-nettverket til Alliansen og Steng grensen nå (figur 13). Til saman er det 277 ulike Facebook-sider som inngår i nettverket deira.




Figur 13. Skjermdump fra Public8.netlify.com, som viser utsnitt av Page-like-nettverket til ”Steng grensen nå” og Alliansen – Norge (Kjelde: Netvizz)

Nettverksanalyse viser at det er tette band og koplingar mellom partiet Alliansen og Frie Nasjonalister, og at dette miljøet brukar Facebook-sider til å distribuere falske nyhende frå ei rekke alternative medium. Liksom Demokratane nyttar dei den russiske verktøykassa for å skape forvirring, misnøye og til å auke spenningsnivået.

## FRIE ORD


Frieord.no er redigert av Thorgrim Olaf Bredesen, ein norsk nasjonalist og tidlegare leiar av den nynazistiske organisasjonen Vigrid (Klanderud, 2014). Nettstaden har ein islam- og muslimkritisk profil. Facebook-sida til Frieord har 8195 følgjarar.

Data frå Crowdtaggle og Storyboard (figur 14) viser at Folkebevegelsen mot innvandring har delt saker frå Frie ord heile 388 gonger, medan Stopp islamiseringen av Norge (SIAN) har delt saker 88 gonger.



Figur 14. Illustrasjonen viser Frieord.no sine distribusjonskanalar på Facebook. Sidene til FMI, SIAN og Frie Nasjonalister er sentrale distributørar (Kjelde: Crowdtangle)

For øvrig viser også nettverksanalyse ved hjelp av Netvizz og Gephi (figur 15) at det er tette koplingar mellom Frie Ord, Folkebevegelsen mot innvandring (16.569 følgjarar), Stopp islamiseringen av Norge (29.278 følgjarar) og partiet Alliansen (via Steng grensen nå/Frie Nasjonalister). Det er eit stort lappeteppe av Facebook-sider som heng saman, som ser ut til å vere ein anti-islamsk allianse, som distribuerer falske nyhende og politisk propaganda. Pegida Norway (14.157 følgjarar) og Norwegian Defence League (29.048 følgjarar) kan også ha ei rolle. Ein må forske vidare for å avdekke kven som står bak dei ulike sidene.



Figur 15. Skjermdump fra Public2.netlify.com som viser Page-like-nettverket til Frie Ord. Facebook-sida til den høgreekstreme nettsida blir blant anna likt av FMI og Steng grensen nå (Alliansen) (Kjelde: Netvizz)

## FRIHETSKAMP.NET


Det såkalla kvit makt-miljøet i Sverige har bruhovud i blant anna Norge. Den nordiske motstandsbevegelsen (NMB) blei danna i 2003 og har nettstaden Nordfront.se. Sistnemnde lenkar til Nordfront.net, som har url-vidaresending til den nasjonalsosialistiske nettstaden Frihetskamp.net. Miljøet i Sverige veks. Nokre er radikaliserte medlemmer av Sverigedemokratane, andre frå konspirasjonsmiljøa. Dei siste har vore prega av - demokratiforakt og antisemittisme, men dei siste åra har rase blitt viktigare. Både leiaren for NMB i Norge og drivaren av nettstaden Frihetskamp.net er busett i Sverige. Den norske organisasjonen består av nokre titals aktive medlemmer, mot under hundre i Finland og noen hundre medlemmer i Sverige (Haug, 2018).

Frihetskamp.net hyller Hitler og publiserer eit stor tal innvandringsfiendtlege saker (tabell 2). Innhaldet er rasistisk og anti-semittisk. Til dømes: ”Ovenfor hvite nasjoner står verdens jøder i spissen og forfekter multikultur og raseblanding, og er blant de første til å angripe enhver som taler ut mot den multikulturelle krigsstrategien.”

Tabell 2. Lista viser dei mest delte sakene frå det Frihetskamp.net i 2017. Topsaken blei delt 5380 gonger. (Kjelde: Storyboard.mx)

1	↑ Sexslave funnet lenket fast i kjelleren til innvandrer-kafé	13. Jan 2017	5,380
2	↑ Imam: – Seksuelt samleie med sin biologiske datter er fullt tillatt	8. Nov 2017	4,508
3	↑ Spyttet baby i ansiktet: «Hvite mennesker burde ikke få barn!»	21. Feb 2017	3,728
4	↑ Stordalen med ny millionstøtte til utviste asylsøkere	Apr 26	1,630
5	↑ Økning av vold mot etniske nordmenn i Oslo	30. Jun 2017	1,283
6	↑ Folkefiendtlig journalist hetser mot det norske folk	18. Feb 2017	1,150
7	↑ Voldtekten i Trondheim: Gjerningsmennene var innvandrere	17. May 2017	1,015
8	↑ Motstandsbevegelsen gir folkeførerne svar på tiltale!	12. Apr 2017	994
9	↑ Alt du trenger å vite om demonstrasjonen i Fredrikstad!	6. Jun 2017	624
10	↑ Putin: «Syria er befridd, tid for flyktninger å reise hjem!»	5. Dec 2017	613
11	↑ Maskerte innvandrere kastet fyrverkeri inn i en barnevogn	3. Jan 2017	545
12	↑ FILM: «Anti-Pride»-aktivisme i Oslo	3. Jul 2017	545
13	↑ «Holocaust» er en bløff	27. Jan 2017	534
14	↑ Ungarn etablerer frivillig anti-invasjonsstyrke for å sikre grensene	24. Mar 2017	524
15	↑ Mottar trygd uten noen gang å ha vært registrert bosatt i Norge	19. Jan 2017	490
16	↑ Politisk diskriminering og polititrakasserier på musikkfestival	20. Aug 2017	475
17	↑ «Knut homolobbyen!» – demonstrasjon i Fredrikstad 29. juli	29. Apr 2017	451
18	↑ Nasjonalsosialisten Per Imerslund	9. May 2017	412
19	↑ Folkeførere vil gi «asylbarn» permanent opphold	17. Mar 2017	344
20	↑ Søknad om å få avholde demonstrasjon er innlevert!	28. Apr 2017	272

Data frå Crowdntangle (figur 16) viser at Frihetskamp.net blir delt av blant anna ”Fremtiden som NORSK ?”, ”Frie Nasjonalister – Politisk ukorrekt info”, ”Innvandring & kriminalitet.”, samt ”Vi krever Sharia forbud i Norge”. Nettverksanalyse med Netvizz og Gephi gir lite tilleggsinformasjon. Desse sidene er i liten grad kopla med andre i eit Page-like-nettverk, utover at vi ser ei mulig kopling til partiet Alliansen (via Frie Nasjonalister).



Figur 16. Illustrasjonen viser Frihetskamp.net sine distribusjonskanalar i sosiale medium. (Kjelde: Crowdntangle)


## KONSPIRITALITET: NYHETSSPEILET

Nettstaden [www.nyhettsspeilet.no](http://www.nyhettsspeilet.no) blei starta i 2009 og kallar seg “et åndsvitenskaplig og sannhetssøkende nettmagasin skrevet av folket for folket”. Med saker som “Hitlers økonomiske mirakel” (Myhre, 2013) og “Flyktningskrisen – sionistenes onde skaperverk” kan ein karakterisere nettstaden som antisemittisk. Det er også innslag om geopolitisk stress, utanomjordisk liv, samt konspirasjonsteoriar om EU. Religionsvitar Asbjørn Dyrendal karakteriserer Nyhetsspeilet som ei sentral side for norsk konspiritualitet, det vil seie konspirasjonsteoriar i esoteriske miljø. Publisering av saker på nettstaden starta rundt 2010, men med dalande aktivitet etter 2016.

Er Stoltenberg jøde? Dette spørsmålet fekk Thorvald Stoltenberg, den tidlegare utanriksministeren, på Jernbanetorget i Oslo av ein mann som presenterte seg som journalist for nettstaden Nyhetsspeilet. Vedkomande spurde også om Stoltenberg hadde aksjar i vaksineprodusentar og om han hadde delteke på møte i Bilderberg-gruppa, eit årleg privat konferanse med 120-150 deltakrar frå den globale makteliten – og konspirasjonsteoretikarane sitt hatobjekt (Habul, 2012). Filter Medier har dokumentert at Nyhetsspeilet brukar manipulerte bilete og lenker til useriøse nettstader, mellom anna artiklar av ein tidlegare leiar av Ku Klux Klan, amerikanske konspirasjonsteoretikarar og den nazistiske nettstaden Stormfront. (Skybakmoen, Klungtveit, Berg & Nordseth, 2017a). Nokre

skribentar er anonyme og bruker falske namn og pseudonym. Saka “Ble 9 leger drept fordi de fant en kur mot kreft?” er delt heile 12.997 gonger, ifølgje data frå Storyboard.

Dataskraping med Crowdtangle viser at delinga hovudsakeleg skjer via Facebook-sida Nyhetsspeilet (figur 17). Den hadde 2148 følgjarar i november 2017. I tillegg er det ei lukka Facebook-gruppe som heiter Nyhetsspeilet med 1018 medlemmer.



Figur 17. Illustrasjon av distribusjonskanalane til Nyhetsspeilet. (Kjelde: Crowdtangle)

Produksjonen av nytt stoff på nettstaden er låg, men Facebook-sida deler hyppig dei gamle sakene. Dei mest delte sakene frå Nyhetsspeilet blei spreidd på Facebook av den høgreekstreme Facebook-sida “Aldri mer Arbeiderpartiet” (36.091 følgjarar). Folk som likar Nyhetsspeilet likar også Facebook-sidene Folkets Strålevern, Norgespartiet og Steigan.no, ifølgje algoritmane til Facebook. Skribentar som er kjende bidragsytarar til nettstaden er med i Facebook-gruppene Vaksineaksjon.no - Vaksineinformasjon for den bevisste, samt Utenomjordiske & Flyvende Objekter - Kornsirkler ++, Norsk UFOSENTER, Vi som bryr oss om avis Klassekampen, Esoteriske Nettverk, samt Siviliserte åndsannende samtaler. Desse personane likar også sidene Foreningen for Fritt Vaksinevalg - Min Kropp, Mitt Samtykke, Vaksiner - tør du ta sjansen?, samt Kilden Nyheter - uavhengig presse (5570 følgjarar).

Utanom Nyhetsspeilet er det fleire andre alternative medium i same sfære av konspiritualitet. Desse skal vi nå gå gjennom.

#### **NYTNORGE.COM, NATTNYTT.COM OG CHRISTIAN PAASKE**

The Flat Earth Society har medlemmer rundt heile jorda. Dei trur at Nordpolen ligg midt i verda, og at vi er omgitt av ei 45 meter høg mur av is. Antarktis. Det anonyme skribentfellesskapet bak Nytnorge.com, tidlegare Nyhetsblikk.com, har mykje stoff om at

jorda er flat, det same hadde Nattnytt.com og bloggen til Christian Paaske (christianpaaske.wordpress.com), arrangør av Alternativmessen i Stavanger.

Dei mest delte sakene frå Nytnorge.com blei publisert etter valet (tabell 3).

Tabell 3. Lista viser dei mest delte sakene på Nytnorge.com i 2017. Topsaken blei delt 2572 gonger. (Kjelde: Storyboard.mx)

<b>1</b>	<a href="#"><b>Kreftbehandling i Norge er dødelig</b></a> Dec 2	<b>2,572</b>
<b>2</b>	<a href="#"><b>Veldig små hus er en god idé</b></a> Nov 23	<b>138</b>
<b>3</b>	<a href="#"><b>Cannabis hamp verdens viktigste plante</b></a> Dec 3	<b>123</b>
<b>4</b>	<a href="#"><b>E-stoffer: Hvordan skjule gift bak et nummer</b></a> Nov 18	<b>42</b>
<b>5</b>	<a href="#"><b>Ebola i Norge - falske epidemier designet for total kontroll</b></a> Nov 15	<b>38</b>

Rund eller flat? Alt i det sjette hundreåret før vår tid, meinte Pythagoras at jorda var rund, og omkring år null var grekarane og romarane einige om dette. Heilt sidan Kopernikus i 1543 latterleggjorde Lactanius (240-320), har flat jord-trua vore eit symbol på uvitskap og tilbakeståande tenking. Likevel har generasjonar av elevar blitt fortalt myten om korleis Kristoffer Columbus forsvarte at jorda er kuleforma mot eit dogmatiske kyrkje og overtruiske sjømenn, som var redde for å seile utfør kanten. Til i dag har paradigmeskiftet frå flat jord til rund globus vore eit element i narrativ om skiljet mellom vitskap og religion (Nothaft, 2011).

Den nye myten om den flate jorda stammar frå 1800-talet (Söderlind, 2005). Sidan midten av 1900-talet har flat jord-grupper promotert teorien og i seinare tid har sosiale medium gitt dei eit større publikum. Flat Earth Society har 111.275 følgjarar på Facebook. Det er ei rekke andre grupper og nettstader som formidlar bodskapet. Mange er motivert av pseudovitskap, bokstavtro religiøsitet og hevdar at teorien om den kuleforma jorda er ein konspirasjon. Fenomenet oppstod rett etter tusenårsskiftet, då New Age spiritualitet og konspirasjonskultur fusjonerte i konspiritualitet. Omgrepet, som først blei lansert av Charlotte Ward og David Voas i 2011, er ein merkelapp på denne samanblandinga av konspirasjons- og alternativkultur. Ein konspirasjonsteori er ein idé om at nokon samarbeider og utøver makt i det skjulte, og ifølgje den amerikanske statsvitaren Michael Barkun er det tre kriterium: (1) Ingenting er tilfeldig, alt er eit resultat av medvitne og ønska handlingar. (2) Ingenting er som det ser ut til å vere, for dei som konspirerer er så mektig at dei greier å skjule spora. (3) Alt heng saman med alt, det gjeld å oppdage mönstra (Færseth, 2013). Konspirasjonsteoriar kan

både kome ovanfrå og nedanfrå: Elitar kan blant anna bruke konspirasjonsteoriar for å få kritikk til å prelle av eller mobilisere ålmenta i etniske og nasjonalistiske saker, medan ulike interesseguppe kan fremje konspirasjonsteoriar som forklaring på maktmis bruk (Asprem & Dyrendal, 2015).

Det norske utskotet av konspiritualitet er blitt inspirert av det internasjonale miljø på internett. Vaksinekonspirasjonar, som hevdar at vaksinar fører til autisme og blir brukte til å forgifta, kontrollera og tene pengar. UFO-konspirasjonar, som hevdar at myndighetene skjuler kontakten dei har med romvesen. Chemtrails, som hevdar at kondensstripene etter fly er gift og/eller blir nytta til overvaking. Antisemittiske konspirasjonsteoriar, som hevdar at jødane styrer verda og at Holocaust aldri skjedde. Konspirasjonsteoriar om at barnevernet og Arbeiderpartiet er vonde institusjonar, som utøver makt i det skjulte. Konspirasjonsteoriar om at muslimar vil overta den vestlege verda og at dei har ei plikt til å lyge.

Christian Paaske har vore talsmann for mange av ideane som blir fremja av Nyhetsspeilet, Nyttnorje.com og Nattnytt.com, både på bloggen christianpaaske.wordpress.com og med islamkritiske lesarbrev i Stavanger Aftenblad (til dømes 18.03.2017). I eit intervju med TV Vest fremja han ideen om ei flat jord: Verda er skapt med mennesket i sentrum, og geografisk er Nordpolen i midten, medan Sydpolen er ei isrand rundt kanten av den flate jorda.

#### **NATTNYTT.COM**

Under valkampen publiserte Nattnytt.com ei rekke islam- og innvandringskritiske saker, som sidan er sletta. Det manglar kontaktopplysningar og skribentane brukar pseudonym, dei fleste signert med fiktive Vidar Jørgensen og Geir M. Thon. Domenet er registrert anonymt og det manglar informasjon om kven som er redaktør. Nettstaden brukar illustrasjonsbilete som ikkje har noko med innhaldet å gjere, mellom anna saker om vald og bråk blant innvandrarar. Ei rekke artiklar har personangrep utan tilsvare frå den som blir angripe, slik Vær varsam-plakaten føreset, mellom anna 11 artiklar med personangrep på samfunnsdebattanten Sumaya Jirde Ali. Med andre ord ville Nattnytt.com blitt felt av PFU i alle tilfella som manglar tilsvare. Hets og karakteristikkar som “hyenen” og “det evneveike muslimske neket” blei ikkje redigert vekk frå kommentarfelta under sakene. Heilt identiske saker frå Nattnytt er tidlegare blitt publiserte på 24avisen.com og Nyhetsspeilet.no, mellom om chemtrails. Nattnytt har også lenka til andre alternative medium - som dinavis.no, 24avisen.com og nyhetsspeilet.no (Skybakmoen et al., 2017a).

Storyboard har data om dei 10 mest delte sakene (tabell 4), som blei publisert etter valet, sjølv om dei nå er sletta.


Tabell 4. Lista viser dei mest delte sakene på nattnytt.com i 2017. Topsaken blei delt 8122 gonger. (Kjelde: Storyboard.mx)

1	 <a href="#">Den norske pressen har gjort Sylvi Listhaug til et monster</a> <u>Sep 12</u>	8,122
2	 <a href="#">Tybring Gjedde anbefaler nordmenn å se dette intervjuet</a> <u>Oct 24</u>	7,670
3	 <a href="#">Erna Solberg satt på plass Sumaya Jirde Ali</a> <u>Oct 22</u>	5,906
4	 <a href="#">Eskil Pedersen påstår nordmenn ler når muslimer drukner i middelhavet</a> <u>Sep 22</u>	4,705
5	 <a href="#">Sumaya Ali vil at Listhaug skal ta avstand fra Listhaug-grupper på Facebook</a> <u>Oct 16</u>	4,442
6	 <a href="#">SV-politiker påstår somaliere bygger NORGE!</a> <u>Sep 28</u>	4,198
7	 <a href="#">Denne Listhaug-hyllest gir Knut Arild Hareide søvnproblemer</a> <u>Sep 17</u>	3,950
8	 <a href="#">Eskil Pedersen drar frem Utøya etter Listhaugs Israel-kommentar</a> <u>Sep 29</u>	3,659
9	 <a href="#">Dette bildet fra Oslo får nordmenn til å koke</a> <u>Oct 4</u>	3,375
10	 <a href="#">Bekreftet: Ungdomslokale blir omgjort til Moské i norsk by</a> <u>Oct 12</u>	3,276

Innhaldet på Sokelys.com er i same kategori. Nettstaden er lite lese og delt, ifølgje data frå Crowdrtangle. Både Nyhetsspeilet, Nattnytt og Sokelys.com er døme på at det er kopling mellom alternativ medisin og new age-spiritualitet på den eine sida, og konspirasjonsteoriar, antisemittisme og høggreekstremisme på den andre.

Barkun har ut frå liknande døme frå utlandet konkludert at koplinga skuldast ein underliggjande logikk som knyter stigmatiserte påstandar om verda saman. "Stigmatisert kunnskap" er ulike førestillingar som er blitt underkjent av storsamfunnet. Frå pseudovitskap og alternativmedisin til kult-arkeologi, kornringar og andre idear som har blitt forkasta eller ikkje tatt på alvor av storsamfunnet. Dei som trur på desse ideane har ei førestilling om at det er nokon som ikkje ønskjer at sanninga skal bli kjent, at det er nokon som tener på at ho blir halde skjult. I neste omgang kan det bli danna eit skjebnefellesskap med folk med andre oppfatningar, som ikkje blir trudd. Etter kvart kan det då bli danna eit felles fiendebilete om eit undertrykkande storsamfunn.

Dataskraping med Crowdrtangle viser at delinga av Nattnytt.com og NyttNorge.com skjedde på innvandringskritiske Facebook-sider (figur 18). Hausten 2017 - etter at vi hausta data - blei Nattnytt si Facebook-side sletta.



Figur 18. Illustrasjonen viser distribusjonskanalane til Nattnytt.no. Facebook-sida Innvandring & kriminalitet delte sida flest gonger. (Kjelde: Crowdtangle)

## KILDEN.INFO

I 2011 lanserte Human-Etisk Forbund (HEF) ein kampanje som blei kalla “Ingen liker å bli lurt”. Her blei det sett kritisk sokelys på “klarsynte, kvakksalvere og krystallhealere, alle som utnytter deg økonomisk når du er i en sårbar situasjon eller skor seg på deg når du er ulykkelig”. Dette ramma eit brokete miljø av konspirasjonsteoretikarar, vaksinemotstandarar, alternativmedisinrarar, ny-andelege og personar med band til høgreekstreme. Som ein reaksjon på kampanjen starta dei mest ekstreme alternativtilhengarane Facebook-sida “Alle liker å bli lurt 2”, som seinare blei “I Lyskilden og nettstaden ilyskilden.com (Tjomlid, 2013). Sidan har “I Lyskilden” skifta namn til “Kilden Nyheter” og held ein lågare profil. Men dei har framleis eit syn på omverda som er i strid med vitskapen (Søderlind, 2017). Likelydande saker blir publiserte på nettstaden Frilanser – uavhengig rapportering ([www.frilanser.tjenester.org](http://www.frilanser.tjenester.org)), til dømes saka “Er du en flygende ape? – psykopaters medhjelpere og medskyldige”.

Nettstaden Kilden.info er utan redaktør, skribentane er anonyme og domenet er hemmeleg registrert. Sakene er utan kjelder eller med fiktive kjelder, til dømes “89% av kreftforskning kan ikke gjenskapes” . Her blir det blant anna hevdat at konvensjonell kreftbehandling fører til sjølvmort (Kilden Info, 2013), og forsøker dermed å skremme kreftsjuke frå å velje medisinsk behandling. Dei vitskapelege kjeldene som er nemnd i saka seier det stikk motsette av det Kilden Nyheter påstår (Tjomlid, 2013). Sakene frå Kilden blei lite delt i valkampen og elles i 2017. Facebook-sida “Kilden Nyheter – uavhengig presse” har 5569 følgjarar.

Dataskraping med Crowdtangle viser at nokre deler kjerringråd om kva eddik kan brukast til, andre åtvarar mot innhaldet. Facebook-sida Folkets Strålevern har 3420 følgjarar og har delt

saker frå Kilden Nyheter. Blant anna ei oppdikta sak om at nye dokument lekka av varslaren Edward Snowden avslører at staten betalar nettroll - eit angrep på Human Etisk Forbund (HEF), som har vore kritisk til ekstremisme i alternativmiljøa. Folkets Strålevern (19.05.2016): "Mange synes nok det er vanskelig å tro at dette er riktig. Vi i Folkets strålevern har ERFARING. Trist å erkjenne at HEF er infiltrert av dette, og enda tristere å oppleve at de ikke gjør noe for å rense opp". Storyboard har ikkje data på Kilden.info.


Forskinga til Barkun har vist at det går ei bru frå mistru til hovudstraumsmedium, politiske institusjonar og vitskap over til alternativ medisin, konspirasjonsteoriar om UFO-ar og høgreekstreme sympatiar. Eitt år før Oklahoma City-bombinga i 1994, besøkte terroristen Timothy McVeigh dei hemmelege installasjonane i Nevada kor myten vil ha det til at styresmaktene i USA skjuler UFO-ar dei har tatt kontroll på. På 1990-talet blei høgreorienterte konspirasjonsteoriar stadig oftere kopla med tru på besøk frå verdsrommet. Denne fusjonen gav eit nytt og større publikum til høgreekstreme konspirasjonsteoriar ifølgje Barkun.

Til slutt har vi også analysert nettverket innan ulike former for konspiritualitet hjelpt av Netvizz og Gephi. Datahausting i dette miljøet resulterte i 427 Facebook-sider. Våre data, nettverksanalysen og gjennomgangen av dette miljøet, viser at desse oppfatningane har fått fotfeste i Norge.

## **RIKSAVISEN.NO**

Redaktøren i Riksavisen.no er mangeårig bidragsytar i Nyhetsspeilet. Riksavisen skuldar Arbeiderpartiet for å drive med - eller skjule - rituelt misbruk av ungar, og koplar antisemittisme med konspirasjonsteoriar om falske jødar, som styrer Bilderberg-gruppa og Illuminati. Til liks med Nyhetsspeilet spekulerer Riksavisen i om Jens Stoltenberg er jøde – eller om flyktningkrisa er "zionistenes onde skaperverk" (Iversen, 2017). Plutseleg "oversvømmes vi altså med millioner av muslimer. (...) Det som kommer er hovedsaklig unge menn med (...) lav IQ".

Storyboard har ikkje data om Riksavisen. Hausting med Crowdntangle (figur 19) fortel at nettstaden blir delt av høgreekstreme parti/grupper på Facebook.



Figur 19. Illustrasjonen viser Facebook-sidene som distribuerer Riksavisen.no. (Kjelde: Crowdntangle)

## EKTENYHETER.NO

Nettstaden Ektenyheter.no blei lansert av Onar Åm, som er kritisk til hovudstraumsmedium og meiner at nesten “alt av nyheter i Norge er sett gjennom rødt og grønt filter” (Åm, 2010). Åm er redaktør (Ekte Nyheter, 2017), men mange saker er signert med pseudonym.

Biletbruken misvisande, blant anna illustrasjonsbilete utan merking. Det blir blant anna lenka til Tara McCarthy og andre alt-right kanalar i USA, samt statskontrollerte Russia Today, som spreidde russisk propaganda under den amerikanske president-valkampen (Nrk, 2017).


Filter Medier har dokumentert at det er ei kopling til partiet Liberalistane, som blei omtalt 19 gonger av Ekte Nyheter fram mot valkampen og promotert med direktesending frå partiet sitt landsmøte. På den andre sida har Liberalistane offisielt støtta Ekte Nyheter-redaktøren sitt forslag om å opprette ein fristat; Free state initiative (Skybakmoen et al., 2017a). I mai 2017 arrangerte Ekte Nyheter alt right-konferanse (Strømmen, 2017) i Oslo og inviterte Martin Sellner, ein av leiarane i den høgreekstreme gruppa Génération Identitaire (Gayle, 2017). Sellner er omtala i 29 artiklar av den alternative nettavisan.

Innhaldet (tabell 5) er prega av element frå alt-right: Pepe the Frog-memmer, pro-Trump (“Mange elite-pedofile har blitt tatt etter Trump fikk makten”), konspirasjonsteoriar (“54 år siden attentatet mot John F. Kennedy”), angrep på feministar og journalistar (“Hykleriet tar ingen ende”), såkalla klimarealisme og innvandringskritiske artiklar (“Syrer pågrepet for voldtekts av ponni i Berlin”).

Tabell 5. Lista viser dei mest delte sakene på Ektenyheter.no. Toppsaken blei delt 1910 gonger. (Kjelde: Storyboard.mx)

1	<a href="#">Per Fugelli: et dårlig menneske</a> 14. Sep 2017	1,910
2	<a href="#">Media stempler humor mot Trine Skei Grande som “falske nyheter” og er...</a> 15. Dec 2016	1,671
3	<a href="#">Erna åpner for skatteøkninger fordi mange innvandrere naver</a> 14. Feb 2016	1,533
4	<a href="#">“Antirasister” truet SIANs kvinnelige taler med voldtektsmålet</a> 7. Oct 2017	1,524
5	<a href="#">Slutt for ytringsfriheten i Danmark? Mann dømt for å kritisere Islam</a> 15. Feb 2016	1,482
6	<a href="#">AP-fylkesordfører benytter seg av privat helsetilbud mens andre blir...</a> 17. Jul 2017	1,433
7	<a href="#">Høyres valgbod revet ned i Oslo</a> 19. Aug 2017	1,378
8	<a href="#">Pensionert norsk Ryanair-pilot holder på å spy av Trine Skei Grandes...</a> 8. Feb 2016	1,257
9	<a href="#">Tyskere forlater Tyskland i hopetall</a> 21. Oct 2016	1,124
10	<a href="#">Sexskandalen vokser: Trine Skei Grande skal ha løyet til partiet</a> Jan 8	999
11	<a href="#">Demokratenes valgbod revet ned i Oslo!</a> 19. Aug 2017	953
12	<a href="#">NRK Supernytt skremmer barn med løgner og overdrivelser om Trump</a> 10. Nov 2016	900
13	<a href="#">Voldsvinste slår til på Karl Johan</a> 12. Aug 2017	859
14	<a href="#">ISIS oppfordrer sympatisører til å kidnappe vestlige barn</a> 16. Jul 2017	766
15	<a href="#">Trine Skei Grande involvert i sexskandale #hetoo</a> Jan 4	765

Data hausta med Crowdntangle (figur 20) viser at sakene frå Ekte Nyheter blir delt av partiet Alliansen og deira assosierte kanalar Steng grensen nå og Fri Nasjonalistar – Politisk ukorrekt info. Også Demokratane i Norge og Liberalistane har delt saker frå nettavisa. Facebook-sida til Ekte Nyheter har 4697 følgjarar og har mellom anna delt Alliansen og Fri Ord sine nettstader.



Figur 20. Illustrasjonen viser Facebook-sidene som deler saker fra Ektenyheter.no (Kjelde: Crowdntangle)

## DINAVIS.NO

Domenet Dinavis.no blei registrert sommaren 2017 med kontaktopplysningar til Crundo, eit selskap med adresse i Estland. Det utanlandske selskapet blei først oppført som redaktør, seinare endra til Dan Nathaniel Shekel Hanssen. Skribentane er anonyme. I valkampen hadde Din Avis fleire negative artiklar om Venstre-leiar Trine Skei Grande, som førte til drapstruslar, og partiet oppmoda Nasjonal Sikkerhetsmyndighet til å undersøke om framande makter forsøkte å påverke stortingsvalet.

Opphavet til svertekampanjen var Facebook-sida "Nei til Trine Skei Grandes flyseteavgift. Etter at sida la ut Venstre-leiaren sitt telefonnummer fekk partileiaren så mange drapstruslar at ho måtte ha politivakthald. Facebook-sida manipulerte tilsynelatande saklege artiklar frå VG, Klassekampen, Nettavisen, Dagbladet og andre tradisjonelle medium ved å endre overskrifter, ingressar og ved å leggje inn oppdikta sitat (Furuly, 2016).

Seinare endra Facebook-sida namn til "Nei til Venstres flyseteavgift. Nå er namnet Dinavis.no (80.411 følgjarar). I tidlegare arrangement i regi av Din avis ligg to arrangement: Demonstrasjon mot Trine Skei Grandes flyseteavgift på Moss Lufthavn Rygge 1. juni 2016, eitt år før nettstaden Dinavis.no blei oppretta. Det andre arrangementet heiter "Markering på Moss Lufthavn Rygge tirsdag 16. Februar kl 18!" i 2016. Dette arrangementet er oppretta av Facebook-sida Venner av Rygge.

Nettstaden Aldrimer.no tolka Venstre-hetsen som mogleg innblanding i valet frå utanlandske makter (Stormark, 2017). Etter det vi kan sjå er det meir nærliggjande å granske om det er ei kopling mellom Din Avis og personar i kretsen rundt “Venner av Rygge”/Liberalistane.


For det første har flyplass-aksjonistane eit domene (venneravrygge.no) som er registrert av ein stortingskandidat på lista til Liberalistane i Oslo. For det andre er det fleire døme på at Facebook-sida “Venner av Rygge” marknadsførar både Dinavis.no og Liberalistane. For det tredje har administratoren til “Venner av Rygge” mellom anna likt Din avis og Liberalistane, samt dei likesinna Facebook-sidene Libertinius og Sløseriombudsmannen.

Din Avis publisert fleire oppdikta saker i 2017 (tabell 6). Til dømes “Sp vurderte å nekte deg svenskehandel, legge ned taxfree og doble flypassasjeravgiften”, heitte det i ein sak publisert 27. februar 2017, som blei delt over 18.000 gonger. Her var bodskapen at Senterpartiet sin programkomité føreslo desse sakene føre landsmøte i mars. Ifølgje saken til Din Avis var forslaga sletta frå Senterpartiet sin nettstad. Sanninga er at alle sakspapira ligg på nettet og ingen i partiet tok opp svenskehandel, tax-free eller flypassasjeravgifta (Vermes, 2017).

Tabell 6. Lista viser dei mest delte sakene på Dinavis.no i 2017. Toppsaken, som er reint oppspinn, blei delt 18280 gonger. (Kjelde: Storyboard.mx)

1	 <a href="#">Sp vurderte å nekte deg svenskehandel og legge ned taxfree</a> Feb 27	18,280
2	 <a href="#">SV, Venstre, KrF, MDG og Rødt under sperregrensen</a> Apr 11	7,139
3	 <a href="#">579 kroner for lastebil i Oslo-bommen i vinter</a> Nov 14	6,864
4	 <a href="#">MDGs statsbudsjett: innfører flyseteavgift opptil 600 kroner per sete</a> Nov 27	6,830
5	 <a href="#">Over 30.000 personer har underskrevet i protest mot økte bompenge i Oslo</a> Oct 14	6,720
6	 <a href="#">MDG-Lan kjøres rundt i Audi med privatsjåfør når hun er på jobb</a> Nov 21	5,427
7	 <a href="#">SP-vedtak kan gjøre taxfree-varene 25 % dyrere</a> Apr 12	4,877
8	 <a href="#">Oslo: Mann fra Somalia (18) pågreppt for nytt voldtektsforsøk rett etter...</a> Nov 25	4,804
9	 <a href="#">“Ingen” stemmer Venstre i Østfold etter at Rygge ble nedlagt</a> Jun 30	4,701
10	 <a href="#">Næringslivet i Oslo fortviler: - mister inntjening og kunder på grunn av...</a> Nov 23	4,673

Data frå Crowdntangle (figur 21) viser at Din Avis blant anna blir delt i sosiale medium av fleire innvandringskritiske grupper/sider assosiert med Alliansen.



Figur 21. Illustrasjonen viser Facebook-sidene som deler saker fra Dinavis.no (Kjelde: Crowdtaggle)

Nettverksanalyse ved hjelp av Netvizz og Gephi viser at det kan vere tette koplingar mellom Liberalistane, Din Avis og Venner av Rygge, og det er grunn til å undersøke relasjonen mellom Liberalistane og begge dei alternative nettavisene Din Avis og Ekte Nyheter nærmare.

Denne gjennomgangen har vist at Dinavis.no ser ut til å vere ei uoffisiell partiavis for Liberalistane. Det som starta som ei aksjonsgruppe mot flyplassavgifta, er transformert til ei alternativ nettavis, som har 200.000 månadlege lesarar og 80.000 følgjarar av Facebook-sida. Til samanlikning har Facebook-sida til Adresseavisen 77.615 følgjarar.

## NORGESAVISEN


Norgesavisen.no framstiller seg som “en uavhengig nettavis som setter kritisk sokelys på viktige tema som riksmedia ofte omtaler på en ubalansert og lite nyansert måte”. Det viser ikkje på nettstaden kven som er redaktør. Skribentane er anonyme. Norgesavisen har publisert oppdikta nyhende frå utlandet, blant anna at EU har inngått ein hemmeleg avtale om at hordar av muslimske flyktningar fritt kan strøyme inn (Bergsaker, 2017). Dei fem mest populære sakene er delt til saman 12.134 gonger på Facebook (tabell 7).

Tabell 7. Lista viser dei mest delte sakene på Norgesavisen i 2017. Topsaken blei delt 4231 gonger. (Kjelde: Storyboard.mx)

1	<a href="#">Finnes det ingen grenser for den konstante mobbingen av Sylvi Listhaug?</a>	Apr 28	4,231
2	<a href="#">Barcelona avtalen – Hemmelig avtale om overtakelse av Europa inngått av...</a>	Sep 2	4,083
3	<a href="#">Enkelte mener at Lan Marie Nguyen Bergs virkelighetsoppfatning kan...</a>	Mar 17	2,317
4	<a href="#">Norges kjempegaver til Soros-stiftelse må få konsekvenser</a>	May 9	2,158

Domenet Norgesavisen.no er registrert av ein person som er medlem i den opne Facebook-gruppa til Norgespartiet, eit parti som kombinerer amerikansk grunnlovsfundamentalisme med konspirasjonstenking. Dei to leiarane av Norgespartiet er med i ei vennegruppe for Norgesavisen på Facebook. Både nettavisa og partiet fremjar narrativ om at Norge er eit skjult diktatur kontrollert av Arbeiderpartiet. Ap blir framstilt som ein marxistisk edderkopp i eit nett som styrer barnevern, psykiatri og domstolar. Norgesavisen stiller blant anna spørsmålet: "Er samrøret mellom Arbeiderpartiet og LO (rørsla) og deres mafialignende virksomhet den største forbryterorganisasjon vi pr. i dag har i Norge?".

På Facebook har Norgesavisen 8289 følgjarar, medan Norgespartiet har 16638 følgjarar på si Facebook-side og tillegg ei gruppe med 2957 medlemmer. Data henta med Crowdntangle og Storyboard viser (figur 22) at sakene til nettavisa blir delte av Norgespartiet og ei rekke sider med høgreekstreme sympatiar. Det er verd å merke seg at sida "Aldri mer Arbeiderpartiet" har 36.145 følgjarar.



Figur 22. Illustrasjonen viser Facebook-sidene som deler saker frå Norgesavisen.no (Kjelde: Crowdntangle)


## GUBEDRE.COM OG SPEISA.COM

Dei to innvandringskritiske bloggane Gubedre.com og Speisa.com har same design. Når ein vel "More info" på Gu'bedre blir ein dirigert til Speisa.com, noko som kan tyde på same webmaster. Det er ikkje mogeleg å sjå kven som har registrert domena. Ingen av artiklane på Gu'bedre er signerte. Nokre bilete er manipulerte, andre tatt frå tradisjonelle nettavisar for å illustrere oppdikta saker, som er merka "Bare rølp". Innhaldet kan karakteriserast som høgreekstrem humor: Den beste negervitsen til leiaren av Alliansen. Leiaren i KrF arrestert

for drapsforsøk. Leiaren i Venstre innfører dysleksi som skriftform i skulen. MDG meiner strikking kan overta for olja. Nettsida Speisa.com har dei same kjenneteikna, men er engelskspråkleg, har mindre humor, meir politikk, og omtalar særleg mange svenske saker.

På Facebook har Gu'bedre 4305 følgjarar, medan Speisa har 204.566 følgjarar. Ei Facebook-side som heiter SpeisaNorge har 442 følgjarar og deler saker frå Speisa.com. Brukarar som liker Speisa Norge, liker også Pegida.

Data frå Crowdtaggle viser (figur 23) at Gu'bedre og Speisa.com blir særleg mykje delt av Facebook-sider med tilknyting til Stop islamization of the World og andre anti-islamske sider. Storyboard manglar data om sidene.



Figur 23. Illustrasjonen viser kanalane som deler saker fra Gubedre.com og Speisa.com (Kjelde: Crowdntangle)

## EAVISA.COM

Eavisa.com er ein nettstad med oppdikta saker med klikkagn/lokketitlar og fiktive kjelder, til dømes “Forskning: Kvinner som gjør ALT husarbeide er de lykkeligste!” (Eavisa, 2016). Denne saka blei aller mest delt i sosiale medium i Norge i 2016. Eavisa presiserer at nettstaden bare er meint som underhaldning og satire. Mange av dei mest delte saken (tabell 8) kan snarare oppfattast som mannsjåvinistiske og kvinnediskriminerande.

Tabell 8. Lista viser dei mest delte sakene på eavisa.com i 2017. Topsaken er delt 239.648 gonger. (Kjelde: storyboard.mx)

1	 <a href="#">Forskning: Kvinner som gjør ALT husarbeide er de lykkeligste!</a> 10. Apr 2016	239,648
2	 <a href="#">Nå blir det forbudt å sykle på bilvei – syklistene raser</a> 15. Dec 2014	86,039
3	 <a href="#">Forskning: Mennesker med høydeskrekke har høyere intelligens!</a> 17. Oct 2016	61,384
4	 <a href="#">Svensk sjefsforsker: Norske kvinner er verdens lateste kvinner!</a> 30. Apr 2016	50,820
5	 <a href="#">Rekordmange tilfeller av slanger i toalettet forrige uke. Slik unngår du...</a> 6. Oct 2015	42,326
6	 <a href="#">Familiefar innlagt på psykiatisk etter 14 dagers sommerferie med regn</a> 29. Jul 2015	40,399
7	 <a href="#">Ny studie: Kvinner vil at menn skal ligge mer på sofaen!</a> Jan 3	39,233
8	 <a href="#">Alle NAV-ansatte mottar sommerbonus på 41 000,-</a> 8. Jun 2015	37,908
9	 <a href="#">Tord (27 år) ble syk etter å ha spist 3 kilo smågodd. Nå anmelder han...</a> 17. Mar 2016	34,271
10	 <a href="#">Mor og datter åpner stripelab i Moss med pølseservering!</a> 4. Apr 2016	30,710

Dagen etter valet publiserte Eavisa ein oppdikta sak med referanse til Norsk Statistikk og Forskningsråd, kor det blei presentert ein “oppsiktsvekkende gallup der hele 9 av 10 nordmenn ønsker Sylvi Listhaug som statsminister. Det mest oppsiktsvekkende er kanskje at de aller fleste Arbeiderparti-velgere ønsker Listhaugs kandidatur som statsminister”, hevda artikkelen. I kommentarfeltet under saken er det fleire som uttrykker seg som om dei trur saka er reell.

### **VENSTRESIDA: STEIGAN.NO, DERIMOT, NY TID**

I boka KonspiraNorge viser Johan Færseth fleire døme på korleis det negative synet på USA og Israel kan få venstresida til å gli over i konspirasjonsteoriar. Partiveteran i SV, Berit Ås, har tatt til orde for at terrorangrepa 11. september i realiteten var ein “inside job” og at kondensstripene bak fly eigentleg er kjemikalium som blir brukte av myndighetene til å kontrollere befolkninga (Færseth, 2013, s. 236). Ås og fleire andre på venstresida har hevdat israelsk etterretning visste om terrorangrepa og åtvara jødane som jobba i World Trade Center. Slike konspirasjonsteoriar om WTC er også blitt fremja av til dømes Ny Tid, Steigan.no og Derimot.no.

### **NY TID**

Månadsavisa Ny Tid blei distribuert med Klassekampen fram til hausten 2017. Denne avtalen blei sagt opp etter at Ny Tid publiserte spekulasjonar om ein kontrollert sprenging av World Trade Center (Walter, 2017). Ein annan artikkel i same utgåve spekulerte i om terrorangrepet

i Barcelona 17. august 2017 var regissert av statsmakta i Madrid. Tabell 9 viser dei mest delte sakene til Ny Tid.

Tabell 9. Lista viser dei mest delte sakene på Ny Tid. Toppsaken er delt 6148 gonger. (Kjelde: Storyboard.mx)

1	 <a href="#">Spontan-aborterte, ble lagt i håndjern og kledd naken</a> <u>13. Apr 2016</u>	6,148
2	 <a href="#">"Innlysende at 9/11 var en eksplosjon"</a> <u>Sep 13</u>	4,616
3	 <a href="#">Spontan-aborterte, ble lagt i håndjern og kledd naken</a> <u>14. Apr 2016</u>	4,448
4	 <a href="#">Indianernes siste kamp?</a> <u>27. Sep 2016</u>	3,827
5	 <a href="#">Hvorfor kapitalismen skaper meningsløse jobber</a> <u>Feb 15</u>	3,592

## STEIGAN.NO

Bloggen til den tidlegare AKP (m-l)-leiaren Pål Steigan blei starta opp i samband med boka *Sammenbruddet* utkom i 2011. Frå januar 2014 blei Steigan.no eit elektronisk tidsskrift, som i desember 2017 blei forbetra teknisk i regi av selskapet Mot Dag AS. Denne nettstaden fremjar alle moglege konspirasjonsteoriar, til dømes at dei automatiske smartmålarane i straumskapet påverkar hjarterytmen. Nettstaden publiserer pro-russisk propaganda, støttar Assad i Syria og nektar til dømes for at Russland var involvert då Malyasia Airline MH17 blei skote ned i 2014. Steigan hevdar at EU jobbar for sensur “rettet mot enhver som forsøker å undergrave løgnkampanjene, forvrengingene og fortelsene i de mektigste mediene” og er dermed på line med president Trump i kritikken av hovudstraumsmedium.

Artiklar på Steigan.no blei lese over 5 millionar gonger i 2016, ifølgje bloggen, og dei tre mest populære artiklane blei lesne 50.000 gonger kvar. I 2017 har besøket auka og den mest populære artikkelen er delt på Facebook nesten 49.000 gonger (tabell 10).

Tabell 10. Lista viser dei mest delte sakene på Steigan.no. toppsaken er delt 48.882 gonger. (Kjelde: Storyboard.mx)

1	 <a href="#">Svensk rapport: – Elbilenes batterier er klimaverstinger</a> <u>Jul 31</u>	48,882
2	 <a href="#">Norges kjempegaver til Soros-stiftelse må få konsekvenser</a> <u>Apr 30</u>	12,172
3	 <a href="#">Ingen vet hvor strømmen til elbilene skal komme fra</a> <u>Jul 10</u>	8,886
4	 <a href="#">Flamsk prest i Syria: – Mediadekningen om Syria er den største...</a> <u>Feb 11</u>	8,876
5	 <a href="#">Ytringsfriheten angripes – hvor blir det av reaksjonene?</a> <u>Feb 22</u>	4,253

## THEHERLANDREPORT.COM

Hanne Nabintu Herland står bak nettstaden Theherlandreport.com som ligg på same line som Steigan.no når det gjeld Russland, Assad i Syria og synet på hovudstraumsmedium. Dei to nettstadene krysspubliserer kvarandre sine artiklar. Storyboard manglar data om The Herland Report. Data hausta med Crowdtangle viser at The Herland Report blir delt i sosiale medium av den politiske høgre fløy, til dømes Facebook-sidene Aldri mer Arbeiderpartiet, Demokratane i Norge, Reset, De Kristne, Norgespartiet, samt Frie Nasjonalister. Herland er blant dei som kritiserer tradisjonelle medium hardast. ”Amerikanske medier eies av en liten økonomisk elite som også eier landets våpenindustri. Krigsretorikken fra disse mediene kopieres ukritisk, hver eneste dag, i norske medier”, sa ho til Klassekampen 10. februar 2018. I same sak hevdar Herland at VG driv propaganda: ”Norge hadde vært et bedre land hvis VG ble lagt ned. Da hadde vi hatt mindre hat. Det er slike aviser som kan gi borgerkrig i Norge”.

## **DERIMOT.NO**

Vedkomande som har registrert domenet www.derimot.no har bakgrunn frå Norges Kommunistiske Parti, og som skribent hos Nyhetsspeilet og Steigan.no. Nettstaden Derimot.no publiserer konspirasjonsteoriar og pro-russisk propaganda (tabell 11). Data hausta med Crowdtangle viser at innhaldet blir kanalisert av høgre fløy, til dømes Facebook-sidene Frie Nasjonalister, Steng grensen nå, Norgespartiet, Nasjonale Nyheter, Kystpartiet, Knus kampanjemedia, Innvandring og kriminalitet.

Tabell 11. Lista viser dei mest delte sakene på Derimot.no. Topsaken er delt 2716 gonger. (Kjelde: Storyboard.mx)

1	 <a href="#">Flyktningstrømmen en del av en større plan</a> Apr 15	2,716
2	 <a href="#">Clinton-fondet: Hvorfor har den norske regjeringen overført...</a> Aug 12	2,310
3	 <a href="#">George Soros Frakter han migranter for å destabilisere Europa?</a> May 8	1,323
4	 <a href="#">Den norske innsatsen under 2. verdenskrig: Løgn og omskriving</a> Jul 15	930
5	 <a href="#">Etterretningstjenesten som politisk aktør</a> Feb 3	850
6	 <a href="#">Norge er med for fullt Storkrig mot Russland forberedes</a> Aug 28	760
7	 <a href="#">Fortell folk sannheten!</a> Feb 22	641
8	 <a href="#">Storkrig mot Russland forberedes. Norge er med for fullt.</a> Feb 20	605
9	 <a href="#">Ingen rapporter fra Mosul, for nå er det USA som bomber.</a> Mar 14	563
10	 <a href="#">Står europeiske religionskriger for tur?</a> Mar 21	562

## **RIGHTS.NO, RESETT OG DOCUMENT.NO**

Utanom dei nettstadene som er nemnde over, er det andre som er kandidatar på vår liste over alternative medium i stortingsvalet. Nokre er tatt med på lista, andre er utelatt etter ei totalvurdering. Rights.no, Document.no og Resett.no publiserer einsidig negative og til tider direkte fiendtlege framstillingar av muslimar. Redaktørane og forfattarane skriv stort sett under eigne namn. Desse nettstadene blir ofte kritisert for at kommentarfelta inneheld hatefulle ytringar retta mot muslimar og andre som blir halde ansvarlege for ”islamiseringa av landet”. Desse nettstadene har ofte saker blant månadens 10 mest likte og delte saker i sosiale medium i Norge, viser data frå Storyboard.

Ifølgje Cathrine Moe Thorleifsson, som er forskar ved Senter for ekstremismeforskning (UiO), har grensene for kva som er akseptabelt flyttet seg dei siste åra. ”Ytterkantene er blitt mainstream. Uttalelser som før få år siden var utenkelige, er normalisert” (Gerhardsen, 2017).

Document.no publiserer einsidige kronikkar og kritiske nyhendeartiklar med brodd mot innvandring og islam, men etter vår vurdering er det ikkje desinformasjon og konspirasjonsteoriar på same ekstreme nivå som Nyhetsspeilet.no, Ektenyheter.no, Riksavisen.no, Steigan.no og liknande. Faktisk.no har faktasjekka Document.no fem gonger, men har ikkje avdekkja medviten desinformasjon – slik vi tolkar det. Derfor er nettstaden – under tvil – ikkje med på vår liste.

Den islamkritiske stiftinga Human Rights Service har nettstaden Rights.no. Dei er blitt sjekka sju gonger av Faktisk.no og er gjentekne gonger tatt i faktafeil og overdrivingar. Hege Storhaug har adoptert Trump sin retorikk og skuldar stadig hovudstraumsmedium for å vere ”fake news”, til dømes ”NRK med fake news – igjen” (5. august 2017). ”NRK vil islamisere oss”, skreiv Hege Storhaug på Rights.no (16. august 2017). Liknande retorikk om hovudstraumsmedium nyttar Resett.no. Etter valet skreiv redaktør Helge Lurås at «journalistene må være skuffet nå. Deres folk vant ikke». Resett.no blei lansert svært seint i valkampen, men har etablert seg som eit av dei mest leste, likte og delte medium i Norge. Nettstaden plasserer seg som regel på topp 10 kvar månad når det gjeld delingar i sosiale medium og har cirka 30.000 daglege lesarar. Kvar dag kjem det cirka 1500 kommentarar på nettsida. I tillegg kjem det kommentarar og engasjement på Facebook-sida. Redaktør Helge Lurås har ved fleire høve latt Resett vere eit mikrofonstativ for ekstreme røyster, som nynazisten Johan Slåttavik, og pro-russisk propaganda frå Bjørn Nistad. Nettstaden har også

vore kanal for anonym hets av Sumaya Jirde Ali og eksponering av detaljar frå sexlivet til Trine Skei Grande. Lurås hevdar at andre medium held kjeft om kritikkverdige tilhøve for å beskytte sine eigne og framstiller det som ein edel handling når detaljer frå ein kornåker i Trøndelag blir gjort kjend; endeleg er det nokon som tør avsløre elitane sine løyndommar. Resett grunngjев trykking av informasjon, som etter normal presseetikk ikkje ville blitt publisert, med at sanninga skal fram og andre medium har vore feige.

Endå nyare enn Resett er Rapport-x.com, som liknar Nattnytt.com i innhald. ”Rapport-X er ment å være en nyhetsportal som presenterer nyheter og samfunnsaktuelle saker på en så objektiv måte som overhodet mulig”, heiter det i eigenomtalen. Samstundes som nettstaden har anonyme bakmenn som publiserer pro-russisk propaganda om Syria og åtvarar mot faren for ”utenomjordisk cyberattack”. Ettersom nettstaden blei lansert i valåret 2017, har vi tatt det med på lista, sjølv om sida ikkje var lansert på valdagen.

#### **ANDRE ALTERNATIVE MEDIUM**

Nokre domene på lista er heilt marginale medium, til dømes den høgreekstreme nettstaden Ymte.no, som blei oppretta kort tid etter valet. Skribenten Johan Slåttavik har tidlegare vore tilknytt Frie Ord og forsvarer 22. juli-terroren offentleg (Snoen, 2017). På Ymte.no legg han ut grove personangrep og trakasserer meiningsmotstandarar, til dømes: ”En annen observasjon Ymte.no har gjort er at aktivisten Gard L. Michalsen i Medier24 trolig er alvorlig psykisk syk.” (19.02.2018).

Vi nemner kort Fakta360.no og Klimarealistene.com, som døme på klimarealisme – skepsis til global oppvarming og at klimaendringane er menneskeskapte. Sistnemnde blir delt av Ekte Nyheter, Liberalistane, Norgespartiet og Kystpartiet – og er døme på at høgrepopulistane i Norge tar etter USA også i dette spørsmålet. Historisk var miljøvern relativt lite polarisert i USA. Republikanarane var stolte av Theodore Roosevelt si rolle i å opprette nasjonalparkar, medan Richard Nixon samarbeida med det demokratiske partiet om lovverk for å ivareta miljøet. Saken blei politisert på 1980-talet då Reagan-administrasjonen meinte reguleringane var ei byrde for økonomien og prøvde å svekke dei. Sidan har spørsmålet blitt prega av ideologi og gapet mellom leirane har auka (Dunlap & McCright, 2008).

Dei islamistiske propaganda-nettstadene som eventuelt måtte eksistere, er ikkje med grunna manglande opplysningar om førekomst og språkbarriere. Norskpråklege sider som Islamnet.no, Islam.no, Islamweb.no ser ikkje ut til å innehalde politisk propaganda. Det gjer derimot Koranen.no, som Trond Ali Linstad står bak. Han skriv konspiratoriske artiklar og

hevdar til dømes at jødar har for stor makt her til lands, og at Henrik Wergeland kanskje var Norges første muslim. Derfor er Koranen.no med på lista vår, men sida er lite lest og delt. Dansk forsking har vist at anti-islamistar har oppretta falske Facebook-sider, som imiterer islamistar for å skape hatefulle reaksjonar mot flyktingar og asylsøkjarar i Danmark (Farkas, Schou & Neumayer, 2017). Vi har ikkje data som tyder på noko liknande i den norske ålmenta.

Ein del alternative medium på venstresida er ikkje vurdert då dei i liten grad blir leste og delte i sosiale medium, til dømes Tjen-folket.no, Revolusjon.no, Marxisme.no, Ungkommunist.no og Bevegelsen.no. Men Friheten.no, som blir drive av Norges Kommunistiske Parti, er tatt med på lista vår, fordi nettstaden spreier konspirasjonsteoriar – til dømes at giftangrepet på Øst-Ghouta våren 2018, var ein falsk flagg-operasjon av vestlege styresmakter for å leggje skylda på Syria og Russland.

#### **OPPSUMMERING OM ALTERNATIVE MEDIUM**

Det er om lag 30 nettstader på vår oversikt over alternative medium i Norge. Denne lista er nokså flytande, fordi nye nettstader kjem og andre forsvinn. Gjennomgangen har vist at ferske og resirkulerte saker frå alternative medium er blitt delte tusenvis av gonger i valåret 2017. Sjølv om problemet med falske nyhende ikkje ser ut til å ha vore like omfattande i Norge som i val i andre land, kan ein likevel ikkje sjå bort frå at dei kan hatt innverknad. Til dømes bløffen om at Senterpartiet “vurderte å nekte deg svenskehandel, legge ned taxfree og doble flypassasjeravgiften”, som blei delt over 18.000 gonger.

Det nye omgrepet “fake news” blei i utgangspunktet brukt for å karakterisere løgner, propaganda, feilinformasjon og desinformasjon, medan Donald Trump nyttar det om massemedium som skriv kritisk. Våre funn viser at denne språkbruken er adoptert av populistiske krefter på høgre og venstre fløy i Norge. Mediekritikk er både naudsynt og positivt for den offentlege samtalens, og det er ein grunnleggjande demokratisk rett. Det er sjølv sagt bra med kritikk av skeiv kjeldebruk og därleg verifikasiing av fakta. Mange nettavisar har lete seg lokka til å publisere klikkagn, personfokuserte bilete, skandaliserande overskrifter og tabloide framstillingar for å auke nettrafikken. Problemet med Trump, Herland, Storhaug og deira angrep, er at det inngår i ei overordna forteljing om at pressa er ein del av ein konspirasjon, som blir regissert av ein politisk korrekt allianse. Når ein påstår at pressa med medvit skjuler sanninga, forsvinn mykje av den konstruktive debatten. Den offentlege samtalens blir truga når ein gir inntrykk av at det ikkje er nokon hovudstraumsmedium ein kan

stole på, meiner professor Tine Ustad Figenschou, som forskar på alternative medium (Vegstein, 2018). Som vi skal sjå seinare i oppgåva, kan dette vere hovudføremålet.

Vi prøvde å kategorisere innhaldet, forsøkte å kjenne igjen mønster på tvers av sidene og skilje ulike politiske retningar. Mykje av innhaldet kunne ikkje plasserast på ein skala frå venstre til høgre. Fellestrekket i det alternative økosystemet ser ut til å vere anti-globalisme. Men kva dei ulike aktørane legg i dette omgrepet kan vere høgst forskjellig. For høgre flyt ser anti-globalisme ut til å bli assosiert med anti-immigrasjon og nasjonalisme i kombinasjon med klimarealisme, misnøye med styresmaktene, hovudstraummedium og feministiske teoriar om kjønn. Hatet mot Arbeiderpartiet kan blant anna ha samanheng med at desse aktørane assosierer Ap med globalisme. For venstre flyt blir anti-globalisme gjerne kopla med anti-kapitalisme og konspirasjonsteoriar om multinasjonale selskap, Bilderberg-gruppa, jødar og rike, som andre manipulerer verda til eigen fordel.

Vi konkluderer at anti-globalisme er ei grunnhaldning som bygg bruhovud mellom ekstreme aktørar på høgre og venstre flyt. Det generelle inntrykket er at i kampen mot ”den muslimske invasjonen” er Putins Russland ein god alliert og inspirasjonskjelde for høgre populistiske parti. Ingen parti i Noreg har erklært open støtte til Putin, slik fleire europeiske parti på høgrefløya har gjort. Til dømes Nasjonal Front i Frankrike der Marine le Pen har kalla Putin for ”den vestlege sivilisasjonens redningsmann”, medan det austerrikske Fridomspartiet har eit formalisert samarbeid med Putins parti Sameint Russland. Men i Framstegspartiet har fleire leiande politikarar teke til orde for å avslutte Russlandssanksjonane som vart innførte etter erobringa av Krim i 2014 (Todal, 2018).

Når ein utfører kvalitative innhaltsanalysar i alternative medium og deira distribusjonskanalar er det tydeleg at dei inneheld mykje politisk propaganda. For å granske kva påverknad propaganda hadde på 1900-talet, tok ein i bruk retorikk og kritisk diskursanalyse for å påpeke logiske tankefeil, innebygde fordommar og så vidare. Den digitale revolusjonen har auka omløpshastigheten og spreyinga, ved at falske nyhende kan gå viralt og globalt på ein augneblink i sosiale nettverk. Lokketitlar flörtar med fordommar og inviterer til at lesarane blir opprørte – dei same mekanismane som tidlegare tiders ryktemakarar, populistar og propagandistar utnytta. Falske nyhende forureinar informasjonsflaumen og angrip sjølv fundamentet for rasjonell argumentasjon. Dermed utgjer fenomenet eit trugsmål mot informert deliberasjon, ekspertise, utdanning og retorisk medborgarskap.

Den nye teknologien har endra folk sine literacy vanar og aktivitetar, endra kva kanalar ein vel for å finne informasjon, endra korleis ein konsumerer innhaldet og samhandlar med det. Når stadig fleire menneske surfar på internett og les nyhende på sosiale medium for å hente informasjon som grunnlag for sine val, stiller det nye krav til tilgangskompetanse.

Personalisering og algoritmar gir brukarane dei historiene som passar den enkelte føremonar, noko populistar, automatiske robotar og framande makter unyttar både politisk og økonomisk (Miller & Leon, 2017).

Kvífor trur folk at 911-terroren i USA var ein operasjon utført av styresmaktene, at månelandinga var filma i Hollywood, at 22. Juli-terroren var ein falsk flagg-operasjon, at global oppvarming er ein fantasi? Og korleis blir dei ein del av det alternative økosystemet? Kva er psykologien i konspirasjonsteoriar? Den engelske psykologen Karen Douglas og kollegaene hennar har gått gjennom all relevant forsking (Douglas, Sutton & Cichocka, 2017). Dei konkluderer at tru på konspirasjonsteoriar ser ut til å bli drive av tre motiv: (1) at ein ønskjer om å forstå (epistemiske motiv), (2) at ein ønskjer å vere trygg og kontrollere sitt eige miljø (eksistensielle motiv), og (3) at ein ønskjer å oppretthalde eit positiv bilet av seg sjølv og gruppa (sosialt motiv). I ei kaotisk og forvirrande verd er det eit generelt behov for å finne orden og mening. Mennesket har behov for å finne forklaringar på kvífor noko skjer, fordi ein stadig leitar etter mening og treng å bygge ei forståing av verda som heng saman. Det viktigaste er ikkje at svara vi finn er sanne, men at dei passar med våre eigne førestillingar, ifølgje psykologane. Konspirasjonsteoriar har kjenneteikn som skil dei frå andre kausale forklaringar. For det første er dei spekulative, for det andre er dei komplekse, fordi dei hevdar at mange aktørar står bak nok, for det tredje er dei resistente mot falsifikasjon, fordi dei påstår at aktørar kjem med desinformasjon for å dekke over noko. Dermed ligg det implisitt at dei som prøver å avkrefte konspirasjonsteoriene kanskje er ein del av sjølve konspirasjonen.

Vi har alle førestillingar som ikkje stemmer. Dei fleste er villige til å endre oppfatning i møte med fakta ein ikkje legg prestisje i å oppretthalde, til dømes kva som er det nordligaste punktet i Norge. Men dei som trur på konspirasjonsteoriar ønskjer å holde på desse oppfatningane, blant anna fordi dei har lagt ned tid og krefter på å setje seg inn i dei. Sidan ein ikkje ønskjer usikkerheit, er det meir komfortabelt å behandle dei førestillingane ein allereie har. At vaksinar er skadelege, at naturmedisin verker, at kondensstripene etter flyet er giftige eller blir nytta til overvakning. Jo større skala det er på saker og hendingar, desto sterkare er motivasjonen til å halde på konspirasjonsteorien i staden for å slå seg til ro med ein


mykje mindre spektakulær forklaring. Konspirasjonsteoriar kan gi dei truande kjensle av kontroll, spesielt når alternativet er eit trugsmål mot livsstilen ein har (klimarealisme). Forskinga tyder også på at folk med därleg sjølvbilete og som kjenner seg utanfor sosialt, er meir utsett for å tru på konspirasjonar. Blant anna fordi dei får ei kjensle av å sitje på kunnskap som ingen andre har og dette universet gir dei truande ei kjensle av å høyre til. Folk som er redde eller kjenner seg makteslause, er meir tilbøyelige til å gå inn i konspirasjonsteoriar.

#### **DISTRIBUSJONSNETTET – DET DIGITALE AVISBODET**

Vi spurde først om den norske ålmenta var prega av falske nyhende under stortingsvalet. Så har vi gått gjennom alternative nettavisar for å sjå kva for nokre medium som publiserer falske nyhende, konspirasjonsteoriar, propaganda og andre typar desinformasjon på internett (www). På leit etter svar på desse spørsmåla, såg vi dei i samanheng med det tredje; korleis blir desse omstridde nettavisene distribuert i sosiale medium?

Vi har brukt Crowdtangle, supplert med Storyboard, til å skrape informasjon om distribusjonsnettet. Denne innhaustinga har gitt nesten 9818 liner i eit rekneark, som blant anna inneholder informasjon om (1) kven som deler saker frå ein nettstad, (2) kva saker som blir delt, (3) kva tid det skjedde, (4) kor mange interaksjonar det resulterte i, (5) kva type sosialt medium som blei nytta, med meir. Til saman er det registrert over 275.000 interaksjonar på dei postane som vi har hausta.

Når ein filterer vekk dei Facebook-sidene som bare har delt alternative medium eit fåtal gonger, sit ein igjen med knapt 2500 dataliner, med informasjon om kven som i hovudsak deler desinformasjon. Ved hjelp av RawGraphs kan ein då visualisere kva for nokre Facebook-sider som deler alternative nettavisar (figur 24).



Figur 24. Illustrasjon som viser distribusjonsnettet til alternative medium. Den indre ringen viser Facebook-sider som kanaliserer alternative medium. Den ytre sirkelen viser kva for nokre nettsteder som blir delt. (Kjelde: Crowdtangle)

Illustrasjonen viser at fleire parti på høgre fløy deler politisk propaganda og desinformasjon frå alternative medium. Det gjeld til dømes Norgespartiet, Liberalistane, Norgespartiet, Demokratane i Norge og deira partileiar Makvan Kasheikal. Det er også stor spreiing frå dei to Facebook-sidene ”Steng grensen nå”, samt ”Frie Nasjonalister – Politisk ukorrekt info”, som begge truleg er styrt av Alliansen eller deira sympatisørar.

Fleire av Facebook-sidene demonstrerer den såkalla hesteskoteorien om at det er oppstått ein allianse mellom høgre- og venstrepopulistiske krefter. Frie Nasjonalister deler til dømes alt frå Demokratane og deira partiavis 247avisen, som støttar Israel, til den antisemittiske nettsida Frihetskamp.net, som hevdar ”jøder dominerer Hollywood”. Frie Nasjonalister deler

også innhald frå kommunistiske Steigan.no, Radikalportal og Derimot.no, og frå høgreekstreme Alliansen, Folkebevegelsen mot innvandring og Ymte.no.

Frie Nasjonalister – Politisk ukorrekt Info (FN) har delt ei sak frå Demokratene.no om at Norge bør nekte tyrkiske politikarar å drive valkamp i Norge. Frå Derimot.no har Frie Nasjonalister delt ei sak om at flyktingstraumen er del av ein større plan for å destabilisere Europa. “Det er en stygg globalist-elite med blant andre George Soros som til syvende og sist står bak masseinnvandring”, hevdar administratoren på FN. Frå Document.no ei sak om “julespill med koranvers på barneskole i Skien”. Frå Ekte Nyheter ei sak om at “tyskere forlater Tyskland i hopetall”, fordi dei ikkje orkar å “leve meir i det multikulturelle kaoset”. Så marknadsførar FN nettsida til fmi.no – Folkebevegelsen mot innvandring - med eit sitat om at den fridommen krigsveteranane kjempa for i 2. verdskrig nå blir skusla bort. Frå Frie Ord blir det delt ei sak om “Afghansk asylsøker frikjent for grov voldtekta av mindreårig jente i Stavanger”. Frå Frihetskamp.net ei sak om at Ungarn etablerer ei friviljug anti-invasjonsstyrke for å sikre grensene. FN-administratoren spør: “Burde Norge gjort det samme? Og ville du deltatt med glede frivillig?”. Vidare marknadsfører FN den “satiriske” nettstaden Gubedre.com. Frå Nattnytt.com kjem ei sak om at muslimar feira terrorangrepet i Nice på sosiale medium. Frå Norgesavisen ei sak om ei trebarnsmor frå Skåne som opna heimen for to einslege mindreårige asylsøkarar frå Eritrea, og så blei dottera sexmisbrukt, ifølgje overskrifta. FN-administratoren delte saka med over 21.000 følgjarar med ein kommentar om “naiv svensk mor” som “lot ‘mindreårige’ asylsøkere bo hjemme hos seg og sine barn for å bevise overfor seg selv og omverdenen hvor prektig hun er, og at busk-negre fra Eritrea går problemfritt sammen (med) svensker”. Frå Radikalportal.no kjem ei sak om at Sylvi Listhaug sine “mest ivrige Facebook-venner sprer høyreekstremistiske konspirasjonsteorier og ren nazisme. Integreringsministeren lar folk fortsette å spre det verste av hat i hennes navn”. FN-administratoren har delt saka med ein kommentar om skribenten er ute etter å kneble ytringsfridommen, for det som ikkje passar med det “det venstrevridde verdensbildet til kommunisten”. På den eine sida blir Radikal Portal brukta til å skape irritasjon og mobilisere ytre høgre, på den andre sida viser det at også eit ekkokammer har innslag frå annleis tenkande. Frå Riksavisen kjem ei sak skrive av ein kjend konspirasjonsteoretikar om at det er 50 prosent sjanse for at Norge bli avvikla som sjølvstendig stat innan 10 år. Steigan.no blir delt, fordi “globalisten Erna Solberg og regjeringen planlegger å gi 7000 millioner for å hjelpe den globalistiske mangemillardæren George Soros til å bygge en organisasjon som mot polske myndigheters vilje skal blande seg opp i Polen (sic!) indre

anliggender". Er Erna Solberg korrupt og i den globalistiske mafiaen sine klør, spør FN-administratoren. Nettstaden til partiet Alliansen blir delt med ei tilråding om å lese Alliansen sitt verdiprogram (figur 25). I fleire tilfelle blir postane delt vidare av fleire tital personar.



Figur 25. Skjermpdump frå Facebook-sida til Frie Nasjonalistar - bare eit av fleire indisium på dei samarbeider med Alliansen.

Fleire av distribusjonskanalane for alternative medium har eit relativt stort tal følgjarar på sine Facebook-sider (tabell 12), spesielt når ein veit at Fædrelandsvennen har 41.808 følgjarar, Senterpartiet har 26.328, Venstre 34.023 og Kristelig Folkeparti 15.786.

Tabell 12. Liste som viser innvandringskritiske Facebook-sider med relativt mange følgjarar.

Namn på Facebook-side	Følgjarar
Aldri mer Arbeiderpartiet	36156
Norge fritt for islam	31203
Stopp islamiseringen av Norge	29290

Vi krever shariah forbud i Norge	27983
Steng grensen nå	27977
Frie Nasjonalister - Politisk ukorrekt info	21740
Norgespartiet	16654
Folkebevegelsen mot innvandring	16566
Liberalistene	14797
Demokratene i Norge	13685

Til samanlikning fekk Liberalistane 5599 stemmer i stortingsvalet, Demokratane 3830, Alliansen 3311 og Norgespartiet 151. Samanlikna med stemmetalet har desse og andre fløyparti atskillig fleire følgjarar i sosiale medium.

Vi har også sett korleis alternative medium og distribusjonskanalane i sosiale medium blir nytta til å spreie desinformasjon tilsynelatande for å skape forvirring i ålmenta, rotete tenking hos den einskilde og generell mistillit til informasjon. Var Behring Breivik aleine eller hadde han hjelparar? Eller som Nyhetsspeilet skriver: ”Så langt var dette etter alt å dømme en del av en større agenda enn Breiviks. Bare Gud vet hvilken – enn så lenge”. Sjølv om det alternative økosystemet var relativt lite, er det klart at innhald derfrå smittar over på offentlegheita. (Stod kanskje styresmaktene i USA bak terroråtaka 911 likevel?)

Tidlegare forsking har vore opptatt av korleis internett tidleg blei brukt av ytre høgre som ein møteplass, til å spreie ideologi, til sal av tekstar og musikk med rasistisk innhald. Nokre forskrarar har studert om internett bidrar til radikalisering, til dømes ved at såkalla einsame ulvar kan bli del av ein større flokk og kor aktivistar kan oppmode kvarandre til å utføre vald og terror. Det gjeldande perspektivet er at internett speler ei viktig rolle for korleis såkalla sosiale rørsler driv mobilisering. Det kan gå føre seg i virtuelle debattsalongar kor ein kan diskutere idear og koordinere aktivitetar utan innblanding frå statsmakta eller politiske motstandarar, kor ein kan utvikle kollektive identitetar og solidaritet, ofte på tvers av landegrenser. Såleis kan aktørar, som i liten grad slepp til orde i det offentlege ordskiftet, få fram sitt bodskap til eit publikum (Haanshuus & Jupskås, 2017). Framveksten av digitale nettverk i form av Facebook og andre sosiale medium, har forsterka denne mobiliseringseffekten frå nettet. Når til dømes nokon melder seg på eit arrangement i regi av ei protestgruppe på nettet (Demonstrasjon mot Trine Skei Grandes flyseteavgift på Moss Lufthavn Rygge), så vil det bli synleg for nettverket til vedkomande. Dersom nokon andre i nettverket melder seg på, vil også deira nettverk bli varsle. På denne måten kan handlinga til

ein enkelt person raskt føre til ein dominoeffekt - ved at store gruppe menneske kan gi uttrykk for ei felles mening eller handling (Enjolras et al., 2013, s. 32).

Hanshuus og Jupskås hevdar at når mange trykker "liker" er det ein indikasjon på at Facebook-sida fungerer som ein vegskommunikasjon. Når responsen er mange kommentarar, tyder det på at sida er ein kommunikasjonskanal og debattarena. Og når informasjon blir delt vidare til personar utanfor det opphavelege nettverket, kan sida kallast ein distribusjonskanal der føremålet er å rekruttere, formidle idear til personar utanfor kretsen av følgjarar (Haanshuus & Jupskås, 2017).

Dette kan, etter vårt syn, diskuterast. Som sagt viser vår dataskraping med Crowdtaggle at deling frå alternative medium har ført til over 275.000 interaksjonar på sosiale medium. Kvar gong ein liker, kommenterer, blir tagga i eit bilet, omtala i ein status, følgjer ei side, med vidare, så skapar dette noko Facebook kallar ein "edge". Ut frå desse opplysningane avgjer Facebook sine algoritmar kva som skal dukke opp den enkelte brukaren sin nyhendestraum (feed). For at ei Facebook-side skal bli synleg i feeden til følgjarane, er det nokre sentrale faktorar: At posten har bilet, eller aller helst video. Og ikkje minst at mange trykker liker, kommenterer og deler posten vidare. Når mange gjer dette i løpet av kort tid, så aukar sjansen for at posten viser i feeden og går viralt (Widman, 2017).

Med andre ord vil administratorar med kompetanse om korleis algoritmane fungerer og retorisk kunnskap om kva type titlar og teks som skaper engasjement, kunne få stor spreiing på det vedkomande legg ut. Algoritmane er blinde for etikk, moral og politikk, men er programmerte for å skape mest mogleg trafikk og profitt. Nøktern saksframstilling og nøytrale titlar skaper ikkje engasjement på same måten. Det er følgeleg ei digital ålmente kor demagogane har størst sjanse for å lukkast, for dei spelar på kjensler, identitet, polarisering, populisme, og dikotomiar som dei mot oss, godt og vondt (Roberts-Miller, 2005).

Denne type informasjon- og nettverks-literacy hadde dei makedonske ungdommane som tente pengar på falske nyhende under den amerikanske valkampen (Craig, 2017). I mindre grad ser dei alternative media i Norge ut til å ha same kompetanse. Men sidan det er nokså enkelt å lage fine logoar og elegante nettstader, enkelt å produsere noko som liknar på stilen og tonen i tradisjonell journalistikk, så må ein rekne med at det vil skje ei profesjonalisering av alternative medium i tida framover. Dette vil i så fall gjøre det endå vanskelegare for ålmenta å skilje alternative medium frå truverdige medium, som formidlar informasjon som er

faktasjekka og sett i ein nøyaktig kontekst, som har vore i kontakt med kjeldene, som framstiller sakene balansert og etter måten rettferdig.


Som vi har sett er det ein komplisert samanheng mellom dei som produserer innhald, dei nettstadene som publiserer innhaldet, dei Facebook-sidene som deler lenkene, og det nettverket som spreier det vidare.

I motsetnad til det som er vanlegast i bøker og presse, er det ikkje alltid avklart kven som er forfattaren av ei nettsak. Det er ofte uklart kva som er den opphavelege kjelda og kven som har produsert leivninga. Det reiser ei rekke spørsmål. Er kjelda ekte? Kva føremål hadde den opphavelege opphavspersonen? Kva tid skjedde det som blir referert? Forfattaren kan vere eit pseudonym, eller anonym, eller ein annan enn vedkomande som står oppført. Skybaserte skriveverktøy og CMS-ar (Content Management System) legg til rette for at fleire personar kan samarbeide om teksten, redigere i teksten, publisere teksten på eit domene, dele teksten i sosiale medium. Denne situasjonen med samarbeid og intertekstualitet gjer det vanskeleg å identifisere forfattaren, slik ulike oppskrifter på kritisk tekstanalyse tilrår. I analysar av hypertext (lenker, kryssreferansar til andre dokument), hevdar George Landow (2006) at fokus på forfattaren som einskild individ er eit avgrensa perspektiv, som reflekterer ei boksentert forståing. Dette påpeikar Craig (*ibid.*) at ein må ta omsyn til når ein skal faktasjekke ein nettsak.

Når det gjeld parti som er representerte på Stortinget, har vi ikkje registrert nokon alternative medium som er knyta til dei. Data frå Storyboard viser at Framstegspartiet dominerte fullstendig i sosiale medium. Det er verd å merke seg at talet på delingar var nokså likt blant alle parti fram til starten av valåret 2017. Då auka plutslegr Frp betydeleg (figur 26 og vedlegg 12). I februar blei saker frå Frp.no delt til saman 10.694 gonger på Facebook. I juni var talet på delingar auka til heile 116.899 delingar på Facebook. Heile 48 av dei 50 mest delte sakene i 2017 var saker frå Fremskrittspartiet.no. Kva var årsaken til den plutslege framgangen? Vi er ikkje kjend med at det ligg føre informasjon som kan gi ålmenta svar.

Data frå Crowdtangle tydar på at partiet lukkast med å løfte fram nokre profilar i sosiale medium, særleg Sylvi Listhaug, Siv Jensen og Ketil Solvik-Olsen. Men det kan vere andre forklaringar. Tok Frp i bruk dataverktøy? Var det aktørar, sympatisørar eller liknande som sette opp automatisk deling med hjelp av robotar? Desse spørsmåla er det naturleg å jobbe vidare med, blant anna i lys av problema andre land har hatt med bruk av dataverktøy til målretta annonsering, russiske bottar og annan valmanipulering.

## Politiske Partier Spesial



Figur 26. Illustrasjon som viser deling av saker fra partia sine nettstader. I starten av valåret 2017 gjorde Frp eit kraftig hopp. Kva skjedde? (Kjelde: Storyboard.mx)

## OPPSUMMERING

I dette avsnittet har vi spora korleis falske nyhende og alternative medium blir sirkulert og har sett at Facebook-sider utgjer ein viktig distribusjonskanal. Dei nye sosiale nettverka forsterkar og sirkulerer innhald på ein måte som gir heilt ny dynamikk. Det er sjølve karakteren av distribusjon og resepsjon som gjer noko til falske nyhende. Derfor kan ikkje falske nyhende bare vurderast ut frå forma eller innhaldet. Ein må og sjå det i samanheng med infrastrukturen som legg til rette for sirkulasjon. For å vere falske nyhende må innhaldet mobilisere eit stort tal menneske til å like og dele, eller motstandarar som kritiserer. Ved å spore sjølve sirkulasjonen kan ein få djupare innsikt i korleis falske nyhende mobiliserer publikum og ei meir nyansert oppfatning av kva som kan gjerast (Bounegru et al., 2017).

Kartlegginga viser at i nokre tilfelle vil namnet på domenet og Facebook-sida vere den same, slik som Ekte Nyheter. I andre tilfelle blir nettstader systematisk delte av Facebook-sider med andre namn enn domenet, slik at bare systematikken tyder på at det er ein nær kopling. Til dømes når Facebook-sida til Folkebevegelsen mot innvandring har delt 364 postar frå FrieOrd.no. Utanom er det fleire tilfelle, til dømes Dinavis.no, kor ein forsøker å skjule at det

etter alt å døme er ei partiavis for Liberalistane, som driv og trakasserer politiske motstandarar.

Ettersom administratoren som regel ikkje er synleg, kan det vere vanskeleg å avgjere kven som publiserer innhald på Facebook-sidene. Dermed er det ofte umogeleg å vite kva som er motivet. Til dømes kan ein nynazist opprette ei falsk side som heiter “Vi som vil ha Jens Stoltenberg tilbake som statsminister” og publisere rasistiske vitsar, med føremon å diskreditere ein politisk motstandar.

Det kan sjå ut som at politiske aktørar nyttar Facebook-sider både til informasjon, kommunikasjon, distribusjon, samt mobilisering. Av omsyn til kapasitet har vi ikkje sett på korleis alternative medium blir spreidde via programmatisk annonsering, Facebook-grupper, Twitter-kontoar og på andre sosiale plattformar.


Når ei oppdikta sak om Senterpartiet blei delt tusenvis av gonger, viser det at skribenten har utvikla avansert kompetanse om korleis multimodale tekstar blir utforma, publisert på eit domene, promotert og distribuert via sosiale nettverk. Den multimodale forma krev at ålmenta både treng kompetanse og verktøy som kan avgjere om bilete, video og liknande er autentiske. I tillegg treng ein kompetanse i høve til å vurdere kjeldene.

Rapportar, forsking og analyser peikar på at både falske nyhende, automatiske robotar som postar innhald og falske profilar, spelar ei vesentleg rolle i politisk kommunikasjon på sosiale medium. Potensielt kan dette ha negativ innverknad på den offentlege samtalen ved å underminere tilliten til demokratiske speleregler, føre til polarisering, aukande politisk aggressjon og falsk merksemd (Fuchs, 2017b). Falsk merksemd er til dømes når enkelte politikarar har så mange følgjarar, eller når saker blir så mykje delte av robotar, at det gir inntrykk av stor oppslutnad. Til dømes var 49 prosent av Donald Trump sine 31 millionar følgjarar falske profilar i mai 2017 (Bort, 2017).

Digitale nettverk er eit mangfaldig økosystem som sirkulerer innhald, inviterer til deltaking og er ein viktig føresetnad for produksjon og distribusjon av falske nyhende. Kunnskap om slike nettverk er derfor ein føresetnad for å kunne vurdere informasjon i kontekst (Craig, 2017). I det neste avsnittet vil vi sjå nærmare på dette.

## Ekkokammer og den digitale ålmenta

Ved å følgje falske nyhende frå produksjon via distribusjon til respons frå ålmenta, kan ein sjå at fenomenet har ei rekkje sider. Ein kan granske innhaldet, om det er robotar, troll eller politiske aktørar som står bak, kva som gjer at nokre saker går viralt, korleis ny teknologi blir utnytta, korleis ålmenta blir forma av og sjølv former innhaldet i dei nye plattformane.



Figur 27. Skjermdump frå nettstaden Public.netlify.com. Utsnittet viser del av page-like-nettverket som norske partier og medium sjølv har forma med Facebook-sider som liker kvarandre.

## KLYNGER AV LIKESINNA

Facebook og andre sosiale medium legg til rette for at det skal oppstå det som med ein metafor er blitt kalla filterbobler (figur 27). Ordet “filterbubble” viser til algoritmar og personifisering, som gjer at ein brukar som trykker “liker” på “Anti Islam Alliance Norway” si Facebook-side kan sjå kva andre folk har likt (til dømes Anti-Islam in Europe). På toppen av dette algoritmestyrt filteret har sideadministratoren kopla “Anti-Islam in Europa” til 448 andre Facebook-sider. I tillegg er det ei tilsvarende norskspråkleg side, “Anti Islam Allianse Norge”. Denne administratoren er eit konkret døme på at ein kan legge manuelt til rette for at

følgjarane skal begynne å følgje likesinna sider. Som moderator for debatten på Facebook-sida, avgjer administratoren kva som skal leggjast ut og kva reglar ein skal følgje. Namnet på sida tilseier at dei fleste som vel å bli følgjar, er samde med føremålet. Det ligg dermed til rette for at dette kan bli eit ekkokammer - ei isolert gruppe, som har same oppfatning av omverda. Som ikkje blir møtt med motførestillingar eller motargument, slik at samtalane i gruppa forsterkar oppfatninga ein hadde i utgangspunktet. På den måten kan diskriminerande og udemokratiske idear bli ein del av den offentlege samtalen og bli oppfatta som fakta. Faren er at slike idear i neste omgang kan bli brukte til å skape syndebukkar og dikotomiar mellom oss og dei, til å normalisere fordommar og rettferdiggjere vald (D. Lazer et al., 2017).

Kvifor spreier desinformasjon seg så raskt på sosiale medium? Korfor blir ikkje feila korrigert? Kva får nokon til å akseptere nyhende som openbart er feilaktig? Nyare forsking peikar på at når personar blir eksponert for rykte, så aukar deira tendens til å vere godtruande (Bessi, Scala, Rossi, Zhang & Quattrociocchi, 2014). Ifølgje italiensk forsking er forklaringa confirmation bias, det at ein legg merke til eller søker etter det som stadfester noko ein trur og ignorerer motseiande informasjon (Del Vicario et al., 2016). Dei undersøkte Facebook og fann ei rekke grupper av likesinna, som spreidde grunnlause konspirasjonsteoriar. Generelt har Facebook-brukarar ein tendens til å velje og dele historier som er i tråd med eigen forståing, og ignorere det dei avviser. Dette resulterer at det blir danna homogene, polariserte klynger. I slike ekkokammer blir ny informasjon raskt distribuert vidare. Konsekvensen er vidareformidling av forvrengte narrativ, som blir skalert opp av rykte, mistru og paranoia. Om ei sak frå alternative medium blir oppfatta som sann, er i stor grad påverka av om innhaldet er i tråd med forståinga til mottakaren (Zhu et al., 2010).

Vedlegg 13 inneholder ein oversikt over (1) Facebook-sider som distribuerer saker frå alternative medium og (2) det nettverket desse sidene dannar saman med sider dei liker - og blir likt av. Vi har laga ein interaktiv nettstad – Public2.netlify.com - som demonstrerer dette page-like nettverket som består av 577 ulike Facebook-sider.

Våre data viser eit samanfall av tema og innhald. Nokre av løgnene gjekk igjen på fleire domene, og på fleire Facebook-sider. Ofte var dei kopiert frå den eine nettstaden til den andre. I andre tilfelle var teksten vidareutvikla, men inneheldt lange sitat frå eller lenker til originalen. Nokre forfattarar produserte stoff til fleire nettstader i nettverket. Dette inneber at ein person som søker informasjon i dette økosystemet av alternative medium, kan finne

likelydande saker på fleire nettstader. Vedkomande kan tru at informasjonen kjem frå fleire ulike kjelde, når det i røynda er kjem frå same hald. Effekten kan vere at det blir skapt ein falsk inntrykk av mangfald. Denne studien peikar i retning av at økosystemet av alternative medium, kor same informasjon er å finne fleire stader, skapar det Sunstein og Vermeule (2009) kallar forkøpla epistemologi, det vil seie ein avgrensa eller skeiv informasjonsdritt forma i ei sosial gruppe, kor konspirasjonstenking er ein viktig komponent.

## OPPSUMMERING

Denne gjennomgangen har vist at falske nyhende, konspirasjonsteoriar og andre kontroversielle saker frå alternative medium blir delt i tusental på Facebook. Kven som står bak nettstadene blir i mange tilfelle forsøkt halde skjult, men innhaldet tydar på at det i stor grad var sympatisørar av høgreekstreme parti, som stod bak publiseringa av falske nyhende i den norske ålmenta i valkampen 2017.

Dataskraping og nettverksanalyse viser at alternative medium blir delte av Facebook-sider med høgreekstreme sympatiar. Høgreekstreme parti ser ut til å stå bak mange av dei alternative nettavisene som vi har gått gjennom. Ein kan sjå eit mønster der politiske aktivistar opprettar både domene og Facebook-sider som tar opp kontroversielle tema. På den ekstreme høgresida gjeld det til dømes sider mot innvandring, bompengar, ulike avgifter, medan venstresida til dømes lagar aksjonar mot rasisme, nedlegging av ulike offentlege tilbod. Både domene og Facebook-sider kan opprettast anonymt. For lesarane er det dermed vanskeleg - eller umogeleg - å oppfatte kven det er som prøver å påverke, rekruttere, mobilisere, spreie misnøye, skape hat, og så vidare.

Internett og sosiale medium har ført til ein oppblomstring av norske konspirasjonar. Inspirasjonen blir ofte henta frå utlandet. Tidlegare sat ekstremistane aleine heime og grunna, nå er det lett å finne likesinna, lett å spreie bodskapet (Furuly, 2013).

Dei alternative nettstadene inngår i eit økosystem av konspirasjonsteoriar og anna tvilsamt innhald. Sakene som desse nettstadene publiserer blir delte av eit eige distribusjonsnett på sosiale plattformer, stort sett Facebook. Som tilfellet 24avisen.com viste, er det mogeleg for Facebook å blokkere useriøse nettstader. Medietilsynet har inngått samarbeid med Facebook og Faktisk.no for å avgrense at falske nyhende blir spreidd.

## 4. DISKUSJON OG PERSPEKTIVERING

I det føregåande kapittelet har vi presentert og analysert funn og data. Kapittel 4 inneholder eit oppsummering av studien, diskusjon om funna, implikasjonar for praksis, tilrådingar om vidare forsking og konklusjon. Føremålet med det følgjande er å utvide dei konsepta som blei studert i eit forsøk på å gi ei betre forståing av korleis falske nyhende påverkar samfunnsdebatten. Vidare er siktemålet å foreslå mogelege forskingstema som kan utvide forståinga. Til slutt forsøker vi å summere substansen og implikasjonane av denne studien.

### OPPSUMMERING AV STUDIEN

Falske nyhende, løgner, propaganda, konspirasjonsteoriar og spreiling av andre typar fabrikkert innhald har vore eit omdiskutert tema etter Brexit, presidentvalkampen i USA i 2016 og dei etterfølgjande vala i mange andre demokrati. Så langt denne studien har vist var ikkje problemet like omfattande i samband med stortingsvalet i 2017.

Generelt har den norske ålmenta relativt få nettstader som publiserer desinformasjon. I denne studien har vi identifisert ein del alternative medium. Samanlikna med utlandet blir slike sider relativt lite delt i sosiale medium. Det ser ut til å vere liten førekommst av fabrikkerte nyhende, som er laga med sikte på økonomisk vinning. Eavisa.com og Dinavis.no er dei to nettstadene som i størst grad liknar på dei klickagn-sidene som blei laga av makedonske ungdommar for å tene pengar på falske nyhende under den amerikanske valkampen i 2016.

Ein kan likevel ikkje sjå bort frå at falske nyhende kan ha innverknad. For det første er både ferske og resirkulerte saker frå alternative medium blitt delte tusenvis av gonger i valåret 2017. Til dømes løgna om at Senterpartiet "vurderte å nekte deg svenskehandel, legge ned taxfree og doble flypassasjeravgiften", som blei delt over 18.000 gonger. For det andre blir sosiale medium brukte til utbredd deling av kontroversielt innhald frå inn- og utland. Våre data tyder på at distribusjonen i særlig grad føregår via Facebook-sider og at mange av dei har eit relativt stort og stadig aukande tal følgjarar. Slike Facebook-sider fungerer på ei og same tid både som eit digitalt avisbod, ein pamflett, ei digital salong for debatt og ein rekrutteringsagent. I tillegg deler Facebook-sidene kontroversielle saker frå andre medium som omtalar tema som opptar administratoren – til dømes innvandring, islam, terror, kriminalitet, nasjonalisme, kulturmarxisme, Trump-sympati og mediekritikk. Følgjarane blir oppmoda til å dele saker og spreie bodskapet. I nokre tilfelle blir det delt saker frå ein

ideologisk motpart for å provosere og mobilisere meiningsfelle. Dessutan blir det delt konspirasjonsteoriar, særleg frå Infowars og andre pro-russiske nettstader.

Dei fleste nettstadene i vårt utval publiserer saker med ein politisk agenda og eit innhald som består av ekstremt skeivt vinkla saker og konspirasjonsteoriar. Dei fleste ser ut til å ha kopling til einskilde parti på høgre fløy av politikken. Dette er parti som i liten grad slepp til i det offentlege ordskiftet i hovudstraumsmedium og såleis kan ha motiv til å lage opprette sine eigne medium.

Alternative nettstader hermer etter nyhendesjangeren i tradisjonelle medium, men førebels er uttrykket lite profesjonelt. Til dømes Ekte Nyheter: Publiseringssystemet (CMS) er Word press, ein enkel CMS som stort sett bli brukt av bloggarar. Logoen er pikselert. Overskriftene inneholder skriveau. Mange titlar er for lange og blir avkorta under deling. Men når saker frå alternative medium blir delte i sosiale medium, blir forskjellen i profesjonalitet delvis viska ut. I nyhendestraumen på Facebook er det lite visuelt som skil ei sak frå Aftenposten frå Ekte Nyheter. Dermed kan det vere at lesaren ikkje oppfattar forskjellen i truverd.

Anonymitet er gjennomgåande for alternative medium. Dei som har registrert nettstadene på internett, dei som skriv sakene, dei som redigerer postane og dei som administrerer sidene på Facebook, er oftast usynlege. Derfor kan det vere vanskeleg å forstå kven som er forfattaren kva som er motivet, kva ein prøver å oppnå. Ettersom dei fleste ønskjer at det ein skriv skal bli lese, kan kartlegging av kven som deler sidene med verktøy som Crowdtangle og Storyboard.mx ofte gi meir informasjon om publisisten.

Tendensen til å stadfeste eigne meininger (confirmation bias) er eit menneskeleg trekk. Sosiale medium legg til rette for at folk skal kunne forme sitt eige ekkokammer. Ved å like innhald som stadfester eksisterande verdsbilete, syter algoritmane for at ein får meir av det same. Denne tendensen ser vi også når det gjeld Facebook-sider, ved at administratorar ”liker” liknande sider for å kopla dei saman i eit nettverk av likesinna.

Den nye teknologien har endra folk sine literacy vanar og aktivitetar, endra kva kanalar ein vel for å finne informasjon, endra korleis ein konsumerer innhaldet og interagerer med det. Når stadig fleire menneske surfar på internett og les nyhende på sosiale medium for å hente informasjon som grunnlag for sine val, stiller det nye krav til tilgangskompetanse. Personalisering og algoritmar gir brukarane dei historiene som passar den enkelte sine

føremonar, noko populistar, automatiske robotar og framande makter unyttar både politisk og økonomisk (Miller & Leon, 2017).

Det er sjølve måten falske nyhende blir distribuert i ålmenta, som gjer fenomenet ein særskild karakter. Derfor kan ein ikkje bare sjå kritisk på innhaldet, men ein må også studere publiseringssplattforma og den deltakande kulturen som bidreg til sirkulasjon av løgner.

I dei neste avsnitta skal vi drøfte resultatata.

### **DISKUSJON OM FUNNA**

Først studerte vi om den norske valkampen i 2017 var prega av falske nyhende. Det eine hovudfunnet er at førekomensten av falske nyhende under stortingsvalet var relativt lite i høve til andre land. Det andre at saker frå alternative medium likevel blei delte tusenvis av gonger i valåret 2017, og såleis var relativt omfattande i norsk målestokk. Så kartla vi distribusjonsnettet og konkluderte at Facebook-sider – med tusenvis av følgjarar - utgjer viktige kanalar for korleis falske nyhende og anna innhald i alternative medium blir distribuert og lese. Denne studien har belyst eit digitalt økosystem som distribuerer falske nyhende i den norske ålmenta. Våre data peiker i retning av at algoritmane til sosiale plattformar favoriserer kjensleladde saker og styrer trafikk i retning av desse nettstadene, slik at brukarar blir eksponert for desinformasjon. Dei sosiale nettverka forsterkar og sirkulerer innhald på ein måte som gir heilt ny dynamikk. Ut frå undersøkingane konkluderte vi at høgreekstreme parti/gruppe står bak dei fleste alternative nettstadene i den norske ålmenta.

Vi skal nå diskutere falske nyhende i ein internasjonal kontekst, sjå fenomenet i samanheng med manipulering av val med hjelp av stordata og til slutt analysere problemet i samanheng med polarisering og tribalisme i det offentlege ordskiftet. Kva konsekvensar har falske nyhende for den offentlege samtalen og demokratiet?

### **DELIBERASJONENS GULLALDER?**

I dette avsnittet vil vi innleie diskusjonen med å påpeike at innfallsvinkelen kan vere avgjerande for kva for nokre konklusjonar ein kjem fram til.

I antologien Allmenningen viser Gripsrud (2017, s. 51) til at Habermas har forlate den gamle forfallshistoria frå 1962. Gripsrud poengterer at fortellinga om norsk offentlegheit handlar meir om demokratisering enn om forfall. Notida blir kalla delerasjonens gullalder på grunn av det store talet deltarar og mykje tilgjengeleg informasjon. Internett, personlege datamaskinar og smarttelefonar har gitt folk flest tilgang til publiseringssverktøy som tidlegare

var reservert profesjonelle publisistar. Dette gjer at fleire kan delta og kome med andre perspektiv enn samfunnselite. Internett og sosiale medium har gitt nye møteplassar kor menneske pleier kontakt med andre og har forenkla organisering av frivillige lag. Den nye teknologien har skapt nye tilkoplingspunkt mellom politikarar og veljarane. Og det er mange døme på at den digitale ålmenta kan ha ei konstruktiv rolle for danning av meningar, organisering og ny koplingar mellom sivilsamfunn og politikk, noko Enjolras har gjort greie for i boka Liker – liker ikke (2013, s. 17). Gripsrud viser til denne boka som døme på empirisk forsking som viser at dei verste skrekksjonane om ekkokammer og cyberbalkanisering ikkje har mykje støtte i røynda. Forskarar frå Institutt for samfunnsforskning (ISF) har analysert nettdebatten i hovudstraumsmedium før og etter 22. juli 2011 og avviser at den er eit ekkokammer. Ein av tre debattantar opplyste at dei ofte blir motsagt av folk som er ueinige, medan 43 prosent svarte at dei ofte lærte noko nytt (Wollebæk et al.).

Heilt frå internett begynte å påverke dagleglivet, har mange andre forskarar vore opptekne av ulempene. I 1996 lanserte Nicholas Negroponte omgrepet ”The Daily Me” for å karakterisere korleis nettavisar blir tilpassa smaken til den einskilde leser (C. Sunstein, 2001). Andre liknande konsept er ekkokammer, cyberbalkanisering, Facebookistan, filterbobler og selektiv eksponering av medieinnhald. Ekkokammer kan både bli automatisk konstruert av algoritmar, og manuelt ved å lenke sider saman. Einskilde, som Mutz (2006), meiner at slike dataverktøy er udemokratiske, når dei let folk lese innhald som bare er i tråd med eksisterande oppfatningar. Andre fryktar at slike verktøy kan føre til polarisering av ålmenta. Sunstein (2001) fryktar at frontane skal bli så polariserte at det ikkje er mogeleg å føre ein opplyst offentleg samtale mellom ideologiske motstandarar, sjølv føresetnaden for at eit demokrati skal fungere. Dessutan fører dette til sut for at den offentlege samtalen blir svekka av sjikane, personangrep og andre uttrykk for svake debattnormer. Eit anna ankepunkt er at den teknologiske utviklinga fører til at felles narrativ forsvinn og at den store samtalen blir splitta opp i mange små samtalar, som føregår i lukka rom.

Så, er den digitale ålmenta og sosiale medium ein fordel eller ulempe for demokratiet? Ein vedunderleg, ny verden – eller ein global landsby prega av elektroniske stammekonfliktar og tribalisme?

Svaret avheng i stor grad av innfallsvinkelen (Carr & Dimension, 2016). Som andletet til Janus, kan ein frå ulike ståstadar sjå ulike trekk. Våre data gjeld falske nyhende i alternative

medium og er dermed fokusert på ulemper og problem knyta til den algoritmostyrte ålmenta. Vi meiner at samanhengen mellom den digitale ålmenta og demokratisering ikkje så sterk som ein skulle ønskje. Den offentlege samtalens som føregår på nettet bidreg ikkje automatisk til å styrke demokratiske institusjonar. Ikkje alle aktørar er nødvendigvis interessert i å støtte opp under ein konstruktiv diskurs. Vi skal argumentere for dette synet i fortsetjinga av oppgåva. Vi startar med å setje falske nyhende i den norske ålmenta inn i ein internasjonal kontekst og tekstkultur.

### **HYBRID INTERVENSJON**

I 1970, lenge før internett og sosiale medium blei funne opp, åtvara Marshall McLuhan mot ein framtidig informasjonskrig. I dei to første verdskrigane blei propaganda nytta av nasjonar, militære styrkar og etterretning. Den tredje verdskrig vil bli ein geriljakrig utan skilje mellom militær og sivil deltaking, spådde den kanadiske filosofen (McLuhan, 2015). Spådommen ser ut til å ha relevans i dag, då vanlege borgarar kan bidra aktivt i propagandaoperasjonar (Hussain, 2017). Omfanget av digital desinformasjon er blitt så omfattande at World Economic Forum (WEF) har lista det som eit av hovudtrugsmåla for verdssamfunnet. Verdsveven (World Wide Web) saman med sosiale plattformar har skapt ei direktelinje frå innhaldsprodusentar til innhaldskonsumentar. Dette har endra måten ein blir informert, debatterer og former meiningar. Den nye teknologien har gjort det enkelt å publisere løgner og konspirasjonsteoriar, fordi ein ikkje lenger må gjennom hovudstraumsmedium, det ledde som tidlegare silte, verifiserte, redigerte informasjon og sørga for å følgje etiske retningsliner (Kumar, Mahdian & McGlohon, 2010). Fråværet av kvalitetssikring kan føre til forvirring om årsaksforhold og oppmuntre til spekulasjonar, rykte og mistru (C. R. Sunstein & Vermeule, 2009). Det har svekkja den etablerte konsensus og narrativ om mange politiske tema (Bessi et al., 2015).

Våre data viser at høggreekstreme parti og grupper utnyttar alternative medium saman med sosiale plattformar til å spreie konspirasjonsteoriar om 22. juli, misnøye mot Arbeiderpartiet og minoritetar, mistru til samfunnslitane og tradisjonelle medium, etc. Dette er døme på at norske alternative medium etterliknar ein tekstkultur, som i aukande grad blir assosiert med Russland. Vi skal først gjere greie for det som blir kalla hybrid intervension og *informatsionnaya voyna* (informasjonskrig), deretter dra parallelar til vårt datamateriale. Utan at vi her skal gjere ei omfattande komparativ analyse med Donald Trump, kan ein godt ha valkampen til den noverande amerikanske presidenten i minne.

Sidan 2008 har Kreml snakka om *informatsionnaya voyna* som eit verktøy for å påverke opinionen både heime og i andre land. Den russiske doktrinen for informasjonskrig handlar om å utnytte både tradisjonelle massemedium og sosiale medium mot motstandarane (Pesenti & Pomerantsev, 2016).

Med Timothy Thomas sine ord blir russiske trollfabrikkar, automatiske bot-kontoar og nyhendekanalar brukte til å formidle løgner og konspirasjonsteoriar for å sikre den skjøre makta til det korrupte regimet i Kreml. Dezinformatsiya (desinformasjon) og ulike narrativ blir spreidde for å underminere den offisielle versjonen av kva som har hendt – og sjølve ideen om at det finnест ein sann versjon eller fakta. Hensikta er å forvirre og dermed paralysere motstandarane, eller få dei til å sjå situasjonen på ein bestemt måte som er i Russland sine interesse (såkalla refleksiv kontroll). Metodane er:

deception (Internet trolls), home-grown concepts (reflexive control, cognitive weapons), outright lies (there are no Russian forces in Ukraine), the creation of a new reality (through TV and virtual messaging), and responses to its own insecurity issues (reflected in their use of conspiracy theories, warnings about the impact of colour revolutions, and statements of being surrounded and victimized). (Thomas, 2015).

Innanlands i Russland blir informasjon kontrollert og vestlege medium underlagt restriksjonar. Samstundes utnyttar russarane pressefridommen i vestlege land (Van Herpen, 2016). Dei statskontrollerte TV-stasjonane Russia Today TV (RT), Sputnik News, Ruptly, med fleire, har internasjonale sendingar på engelsk, tysk, fransk, spansk og har eit stort publikum. Kanalane formidlar Putins narrativ, propaganda og løgner på den globale marknadspllassen for idear, dei manipulerer forståinga av viktige tema, og dei gjer det vanskelegare å skilje mellom autentisk og falsk informasjon (Walker, 2016). Rekkevidda er stor. I 2013 var RT den første nyhendekanalen som nådde 1 milliard visningar på YouTube (Wakabayashi & Confessore, 2017).

Med internett er det ingen grenser for kor mange falske meldingar og biletar som kan bli publiserte på internett, og i neste omgang bli rapportert som fakta i RT, eller i alternative medium. Kremls implisitte bodskap er at alt er propaganda, inkludert det som kjem frå vestlege hovudstraumsmedium. Når det ikkje finnест ein objektiv sanning, så er neste steg i logikken at ein kvar påstand har same vekt. Denne forma for diskurs øydelegg muligheta for debatt og misbrukar informasjonsfridommen til å spreie desinformasjon. Konsekvensen er at tilliten til vestlege hovudstraumsmedium blir undergrave (Pomerantsev & Weiss, 2014).

Eit mål for russisk informasjonskrig er Europa, kor misnøye med EU og framveksten av populistiske høgparti har gjort ålmenta mottakeleg for Russlands konservative, nasjonalistiske og autokratiske bodskap. Ein prøver å skape tvil og splitting, slik at samhaldet i EU og NATO blir svekka. Og når medborgarane blir forvirra, er dei meir mottakelege for autokratiske leiarar. Denne verktøykassa blei for alvor tatt i bruk i samband med den militære intervensjonen i Ukraina og okkupasjonen av Krim i 2014. For å hindre at USA og Europa skulle gripe inn, skapte Russland forvirring med bruk av soldatar utan militære kjenneteikn og falske historier om overgrep utført av ”fascistiske ukrainske styrker”. For å bakvaske den dåverande ukrainske statsministeren Viktor Jusjtsjenko som ”kryptofascist”, oppretta russarane nynazistiske Facebook-gruppe som hevda at dei var allierte med han.

Sidan slutten av 1700-talet har ytringsfridom vore rekna som ein menneskerett i vestleg kultur og saman med informasjonsfridom ein føresetnad for eit demokrati. Tankegongen har vore at jo større fridom, desto betre debatt til føremøn av fellesskapets beste. Nå blir desse fridommane brukt som eit våpen for å underminere den offentlege samtalen. Medan ein tidlegare kunne kontrollere media med sensur, kjem den nye forma for kontroll som ein flaum av desinformasjon. Tradisjonelle medium og sosiale plattformar, særleg Twitter og Facebook, blir brukte som reiskapar for distraksjon og bedrag av folkemassane, slik at samfunnsdebatten sporar av og det politiske nivået blir paralyserert eller destabilisert. Konspirasjonsteoriar blir sett på som eit perfekt verktøy for dette føremålet, fordi skiljet mellom fakta og sanning blir viska ut. Medborgarane skal ikkje kunne stole på at noko som helst er sant eller faktat. Hensikta er å halde publikum passive og distrahert. Taktikken er å gi inntrykk av at alt er en farse, blant anna ved å skape mistillit til politisk journalistikk. Den britiske eksperten på russisk propaganda, Peter Pomerantsev, kallar det ein unik fusjon av despotsme og postmodernisme, kor ingenting er sikkert (Pomerantsev, 2014).

Det korrupte regimet i Russland let seg ikkje binde av etikk eller lovar, men utnyttar ytringsfridommen i opne demokrati til å injisere desinformasjon i ålmenta. Føremålet er å undergrave vestlege samfunn og få dei til å smuldre opp innanfrå. Ein prøver å skape forvirring og rotete tankegong, slik at andre land kranglar om interne spørsmål i staden for å byggje internasjonale alliansar (mot Russland). Russisk propaganda er ofte raskt ute i samband med hending, for å styre det første inntrykket og skape narrativ. Deretter blir bodskapen distribuert i høgt volum og i mange kanalar. Ein bryr seg ikkje om kva som er sanning, og blandar gjerne fakta med fiksjon. Ein diktar opp kjelder, opprettar falske tenketankar, feilsiterer truverdige kjelder og slepp nynazistar og andre ekstremistar til orde -

desse blir gjerne framstilt som nøytrale kjelde. Tankegongen er at om medborgarane får forståing av at dei ikkje kan ha tillit til informasjon, vil samfunnet vere lettare å kontrollere eller paralysere.

Journalistiske normer om objektivitet og balanse blei utvikla som ein reaksjon mot bruken av propaganda i første verdskrig, og spesielt pressa sin medverknad (D. M. Lazer et al., 2018). Russiske medium utnyttar at media er villig til å høyre begge sider før ein konkluderer ved å injisere fabrikkerte opplysingar inn i analysar og blokkere tilgang til prov, for på den måten påverke innhaldet i vestlege medium. Det journalistiske kravet om balanse blir utnytta til å sleppe til ekstremistar og framstille desse som nøytrale kommentarorar. Til dømes har RT framstilt ein Holocaust-fornekta som menneskerettsaktivist og ein nynazist som spesialist på Midt-Austen (Van Herpen, 2016, s. 73). I samband med forgiftinga av Sergei Skripal har Sputnik og RT kome med ei rekke konspirasjonsteoriar (Dfrlab, 2018).

Tusenvis av opne og skjulte underkanalar, som Alex Jones sitt Infowars.com, spreier innhaldet vidare. I løpet av tre år kopierte Infowars 1000 av RT sine artiklar (Friday, 2017). Denne propagandahåren resirkulerer russiske narrativ, gjentek konspirasjonsteoriar og utnyttar den kognitive effekten av at folk flest har lettare for å tru på informasjon når den kjem frå ulike kjelder (illusory truth effect). Forsking viser at propaganda har størst sjanse til å feste seg når same melding kjem frå fleire kjelder, og når desse kjeldene har ulike argument som bygg under same konklusjon. Spesielt når mottakarane er mindre interesserte i eit emne, vil dei tolke repetisjon som ein indikator på at informasjonen er korrekt. Og når ein har hørt eit argument tidlegare, så er ein ikkje like kritisk (Paul & Matthews, 2016).

I motsetnad til under den kalde krigen, støttar Kreml ekstreme grupper ikkje bare på venstre fløy, men også på høgre fløy. Hensikta er å auke skiljelinjene, og skape spenning og fiendskap i andre land (Pomerantsev & Weiss, 2014). Ein utnyttar spesifikke kontroversar i kvart einskild land for å skape polarisering – til dømes rasespørsmål i USA, katalansk uavhengighet i Spania, Palestina-konflikten, og ein speler på misnøye med immigrasjon i ei rekke land. Ikkje bare blanda russarane seg inn i den amerikanske valkampen med datainnbrot av Democratic National Committee (DNC), programmatiske annonsar på sosiale medium retta mot amerikanske veljarar og politisk propaganda via Russia TV og Sputnik News, men deira føretrekte presidentkandidat, Donald Trump, dreiv ein valkamp som var tydeleg inspirert av Vladimir Putin. Trump spreidde rykte om at Barack Obama er født i Kenya og andre konspirasjonsteoriar i russisk stil (Nance, 2016). Han trakasserte politiske

motstandarar (crooked Hillary), angreip hovudstraumsmedia (fake news), og laug så mykje at post-truth blei utropt til årets ord i 2016 (Oxford Dictionaries, 2017). Rett etter at Sputnik hevda at Hillary Clinton og Barack Obama grunnlagde Den islamske stat (IS), gjorde Trump det same. Etter at Sputnik påstod at Google sin søkemotor fjerna negative nyhende om Clinton, så gjentok Trump dette. Og han repeterte russarane sin åtvaring om at Syria-konflikten kan føre verda inn i ein ny verdskrig om Clinton skulle bli vald (Applebaum, 2016).

Russisk informasjonskrig har vist seg å vere effektiv, ikkje bare i USA. Autoritære regime over heile verda har tatt i bruk metodane og funne effektive måtar å utvide påverknaden i demokratiske samfunn.

Kva relevans har russisk informasjonskrig til falske nyhende i den norske ålmenta?

Det positive synet på det nasjonalistiske regimet i Russland er utbreidd i den norske underskogen av alternative medium og distribusjonskanalar i sosiale medium. Ideologien for begge partar ser ut til å vere at ”vår fiendes fiende er vår venn”. Våre funn peikar i retning av at norske alternative medium hentar inspirasjon, tekstkultur og metodar frå aust. Tekstkultur er eit fellesskap av menneske som nyttar seg av dei same tekstene i tilnærma lik kontekst.

Enten det er medvite eller ikkje, er det mange like trekk:

**Troll:** Metodane til russiske nettroll blir også brukt her i landet: Trakassering av meiningsmotstandarar, til dømes Nattnytt og Resett sine angrep på Sumaya Ali Jirde. Drapstruslar, slik som ”Nei til Trine Skei Grandes flyseteavgift”, og kompromittering av privatlivet, slik Resett eksponerte kva Venstre-leiaren gjorde i ein kornåker i Trøndelag. Dette er ei sak som i den gamle redaktørstyrt ålmenta ville blitt verande i den private sfæren, ut frå kva ein veit til nå. Slik Hillary (Clinton) blei omtalt som Killary, er Jonas Gahr Støre blitt kalla Judas Gahr Støre (figur 28).



Figur 28. Meme posta av Ap's riksringkasting 3. august 2017, saman med kommentaren: "I 2009 ville Judas Gahr Støre gjøre kritikk av islam straffbart. Da hadde nok Arbeiderpartiet fått over 99% av stemmene".

**Russiske narrativ:** På nettstaden Steigan.no blir mange russiske narrativ frå Russia Today og Sputnik vidareformidla (figur 29). Blant anna blir den russiske krigføringa i Ukraina omtalt som ein kamp mot fascistiske krefter i Kiev. Pro-russiske røyster som Bjørn Nistad, publiserer innlegg med fordelaktige synspunkt på Russland og formidlar Putin sine narrativ. I den gamle terminologien til KGB er dei pro-russiske nordmennene aktive tiltak (aktivnyje meroprijatija): Tiltak for å utøve innverknad på det politiske livet i eit anna land, påverke utanrikspolitikken, villeie av motstandaren, undergrave og svekke evna til å ta avgjerder, forstyrre motstandaren sine planar og mål (Simensen, 2017).



### – NRK klorbleker nazistene i Ukraina

Pål Steigan - 16. mai 2017

8

Etter innslagene om Eurovision Song Contest på NRK fikk Andriy Parubiy siste ord i NRK2s Uriksending om Ukraina 11. Mai 2017. Parubiy ble introdusert...




### Ukraina mot åpen fascisme?

redaktør - 12. mai 2017

15

Av Bjørn Ditlef Nistad Mye tyder på at dagens ukrainske regime – en oligarkklikk som styrer ved hjelp av en skjør allianse med høyreekstremistiske bander...

Figur 29. Skjermdump av to nettsaker på Steigan.no, der russiske konspirasjonsteoriar blir vidareformidla av Pål Steigan og Bjørn Ditlef Nistad.



Figur 30. Meme publisert på Facebook av ”Aldri mer Arbeiderpartiet” januar 2017.

**Svenske tilstandar:** I den norske ålmenta ser ein kamp mellom ulike narrativ, der den ytre høgresida fokuserer einsidig på ulempene med innvandring, medan den radikale venstresida gjer det motsette. Resett, Document.no og Rights.no formidlar det eine vrengebildet – Radikal Portal det andre. Sverige er blitt den ekstreme høgresidas arketype på konsekvensane av for høg innvandring. Både russiske medium og alternative norske nettstader melder stadig om såkalla *svenske tilstandar* (figur 30), eit omgrep som blir kopla til lovløyse tilstandar, valdtekter og annan grov kriminalitet utført av innvandraran.

**Balanse:** Våre data viser mange døme på at forsking og nyhende frå hovudstraumsmedium blir avvist med påstandar om politisk ubalanse, for å vektlegge legitimeten til det alternative mediet. Dessutan har alternative medium appropriert argument frå literacy om kritisk tenking, til dømes ved å oppmode folk til å vere skeptiske mot kva dei les i hovudstraumsmedia, slik at alternative narrativ og konspirasjonsteoriar skal forplante seg. Liksom Russia Today slepp blant anna Resett til ekstreme røyster, til dømes nynazisten Johan Slåttavik og Hans Olav Brendberg, som blei ekskludert frå Raudt grunna anti-semittisme (Færseth, 2017).



Figur 31. Framside Dagen 1.4.2017.

**Fake News:** Tilliten til tradisjonelle hovudstraumsmedium blir forsøkt undergrave av norske alternative medium. Det er eit ekko av russarane sin bodskap om at ein ikkje kan stole på fakta. Hanne Nabintu Herland hevdar til dømes at pressa blir styrt politisk av Ap og utnytta av Ap-eliten til å fjerne motstandarar. I Dagen 1. april 2017 var Herland ”brutalt ærlig rundt hvorfor jeg mener at president Vladimir Putin kommer til å gå inn i historien som en av vår tids største ledere” (figur 31).



Figur 32. Meme delt av Ekte Nyheter 2.9.2017 med kommentaren "WW3".

**Konspirasjonsteoriar:** Ifølgje John Færseth, som har skrive boka "KonspiraNorge", er 3000-4000 nordmenn sikre på at Ap deltek i ein fiendtleg konspirasjon mot fedrelandet. Det er mange fleire som følgjer alternative medium/Facebook-sider som framfører liknande bodskap. Det kunne vere aktuelt å forske på om ein verkeleg trur på desse og liknande konspirasjonsteoriar, eller om ein forsøker å nytte dei til å forgifte det offentlege ordskiftet og destabilisere samfunnet?

**Moralsk forfall:** The Herland Report har skrive alarmistiske artiklar om normoppløysing i den vestlige sivilisasjon og trugsmål frå sekularisering.

Dette er også eit gjennomgåande tema i russiske

medium, som ofte kallar det europeiske kontinentet for Gayropa og hintar om ein tredje verdskrig (figur 32). Propaganda blir vridd til det ekstreme for å undergrave den gylne middelveg, som er naudsynt for at eit demokrati skal fungere. Ein ønskjer at folk skal bli forvirra og føle at demokrati er synonymt med kaos. Føremålet er å redusere den kulturelle påverknaden, såkalla soft power, som Vesten har over andre land.

**Påverknad:** Vi tolkar dei nemnde fellestrekkja som ein symbiose, kor Russland prøver å svekkje vestlege demokrati ved å forgifte ålmenta - medan politiske aktørar i Norge nyttar den same verktøykassa til å oppnå sine politiske mål. Ingen av partane let seg styre av etiske grenser. Falske og villeiande opplysningar blir planta for å påverke den offentlege samtalen. Det er fleire døme på at informasjon som blir delt i det norske alternative økosystemet også når den nasjonale ålmenta og er med å setje dagsorden.

Den russiske doktrina om informasjonskrig kom samstundes med framveksten av sosiale medium og bølgja av populistiske parti i kjølvatnet av den verdsomspennande verdskrisa i 2008. Typiske trekk ved populistiske parti er motstand mot immigrasjon, sut for nasjonal og europeisk kultur, kritikk av internasjonal kapitalisme i kombinasjon med kritikk av politisk korrekte elitar sin retorikk og språk. Desse haldningane har fått auka støtte som følgje av flyktningskrisa, islamistisk ekstremistar og terroråtak. Nokre trur eksistensen er truga av høg

muslimsk innvandring og mange fødslar. I denne kjensleladde gryta slepp norske populistar ingrediensane vi har omtala i denne oppgåva, for å få det til å koke.

I delen kor vi omtalar funn, er det andre døme. Her har vi bare lista opp nokre få. I denne studien har vi bare så vidt skrapa litt i overflata. Både farta digitalt innhald blir spreidd på og mengda av desinformasjon, gjer at ingen kan ha full oversikt. Det digitale innhaldet kan forsvinne like fort som det oppstår, slik Natnytt og deira hersing av Sumaya Jirde Ali er eit døme på. Vårt datamateriale er omfattande, men det er mogleg å gå mykje djupare ned i kvar einskild nettstad og Facebook-side. Dei aktivitetane som er omtala i denne oppgåva, kan godt vere toppen av eit isfjell av politisk desinformasjon i den norske årmenta.

Denne høgreekstreme tekstkulturen er verken sakleg eller faktabasert, så langt vi kan sjå. Den er prega av (1) brukar-genererte løgner, (2) distribusjon av einsretta innhald som har til føremål å skape ekkokammer og (3) spreiling av innhald med lite anna føremål enn å forgifte samfunnsdebatten.

Den digitale verktøykassa har også reiskaper som kan nyttast i skjul. Men vi har ikkje sett prov på at produksjon og distribusjon av propaganda er automatisert eller datadrevet, slik som til dømes Twitter-robotar er brukt i andre land. Ei anna viktig slagmark er bruk av målretta annonsar med politisk innhald - såkalla *dark ads* (*programmatiske annonsar*), som bare er synleg for dei målgruppene annonsøren ønskjer. Av den grunn har vi ikkje data som viser korleis målretta annonsar blei brukt i den norske valkampen. Nettopp derfor er det viktig å drøfte denne problematikken, som døme på korleis sosiale plattformar, stordata, kunstig intelligens og annan teknologi frå Silicon Valley kan ha skjult destruktiv innverknad på samfunnsdebatten og politikk (Loader & Mercea, 2011).

Dette skal vi ta føre oss neste avsnitt.

## MIKRO-PROPAGANDA

Presidentkampanjen til Donald Trump og Cambridge Analytica-saka viste korleis stordata kan kombinerast med målretta annonsering til å vinne stemmer. Det omdiskuterte analysefirmaet hadde data frå rundt 220 millionar amerikanarar. Denne informasjonen blei brukt til å plukke ut potensielle donorar og veljarar for Trump. Analysar viste til dømes at sans for amerikanske bilar var ein indikasjon på at ein person ville stemme Trump. Den republikanske kampanjen kopla derfor data om personar som nyleg hadde kjøpt Ford med eigne data om personar som ikkje hadde nytta stemmeretten i føregåande val, og testa mange

variantar av annonsar som spesifikt var mynta på å få desse til å stemme (Bartlett, 2018, s. 199).

Dette blir kalla programmatisk annonsering; moglegheita til å sikte ei annonse presist inn på ei ønska målgruppe utan å måtte betale for irrelevante sjeler. Trump er ikkje aleine om å nytte slike verkemiddel. Russiske propagandaoperasjonar kjøpte Facebook-annonsar som nådde 125 millionar amerikanarar (Ghosh & Scott, 2018). Den russiske gruppa Internet Research Agency nytta Facebook sine annonseverktøy til å finne folk som var sinte eller redde, og laga annonsar tilpassa dei (Thompson & Vogelstein, 2018). Også Barack Obama (Scherer, 2012) og Hillary Clinton har brukt liknande verktøy.

Det amerikanske valet er ikkje unikt. Med hjelp av Facebook sine verktøy kunne det konservative partiet i England i 2015 nå over 80 prosent av veljarane i marginale valkretsar. I 2017 nytta Labour datamodellering for å finne potensielle veljarar og sendte tilpassa bodskap til dei (Bartlett, 2018, s. 98). Kvart val er blitt eit kappløp der aktørane tar i bruk teknologiske verkemiddel retta mot dei einskilde veljaren. Vi kjem tilbake til Norge, men først meir om konteksten.

Dei siste åra har Facebook, Twitter og Google (YouTube) blitt utsett for kritikk, fordi ulike aktørar har utnytta deira plattformar til å spreie desinformasjon og manipulere val. Desse selskapa framstiller seg sjølv som ytringsfridommens monument, dei dominerer distribusjon av nyhende, dei blir stadig viktigare som forum for offentleg debatt. Men dei sosiale plattformane er i kjernen bare annonseseljarar, med sjølvbetente løysingar, heilt utan menneskeleg kontroll. Dei har til nå stort sett tilbydd tenestene sine til alle som er villige til å betale – enten det er annonsar for eit par sko eller politiske bodskap. Plattformane har ein forretningsmodell som er tufta på annonsering som er skreddarsydd for den einskilde. Plattformane nyttar omfattande datainnsamling og overvaking av brukarane til å gjere produktet best mogeleg. Store mengder personlege data blir kombinert med maskinlæringsteknologiar, som blir stadig meir effektive. Dette utfordrar både vår nasjonale offentlegheit, personvern og ytringsfridom. Ei rekke digitale tenester tilbyr politiske parti over heile verda ulike verktøy for målretta politiske kommunikasjon. Det er aukande frykt for at teknologien kan bli brukt til å manipulere val. Spesielt når det er tett løp og små marginar. Til saman 77.000 veljarar i tre svingstatar var utslagsgjevande for at Trump blei president, under 1 prosent av dei som stemte. 44.000 i Pennsylvania, 22.000 i Wisconsin og 11.000 i Michigan (McCormack, 2016).

Dei sjølvbetjente annonseplattformane let ein til dømes eksponere jødehatarar for annonsar med anti-semittisk innhald. Annonsane kan også rettast mot andre personar, som kan vere mottakelege for liknande bodskap. Dette er ikkje eit konstruert døme, men henta frå Pro Publica, som hausten 2017 oppdaga at det var mogeleg å annonser mot personar som hadde vist interesse for tema som "Jew Hater", "How to burn jews" og "History of why jews ruin the world" (Julia Angwin, 2017). Buzzfeed fann at ein kan nytte Google displaynettverk på same vis (Kantrowitz, 2017). Donald Trump sin kampanjesjef for sosiale medium har erkjent at dei kjøpte Facebook-annonsar for overtyde afro-amerikanske menn til å la vere å stemme (Tufekci, 2017b).

Annonseinntektene til tradisjonelle hovudstraumsmedium har stupt, fordi ein stor del av marknadsinnsatsen er flytta over på digitale plattformar, spesielt Facebook og Google, som har 85 prosent av marknaden. Grunnen er sjølvsagt at annonsørane ser mykje større effekt for kvar krone. Nøkkelen til suksess for sosiale plattformar er stordata. Datagigantane kjenner oss betre enn vi gjer sjølv. Dei har data om alder, rase, kjønn, vekt, høgde, sivil status, utdanning, politiske haldningar, kjøpevanar, helseproblem, feriar. Og koplar det med kvar ein statusoppdatering, kommentar, likar-trykk, kvar plass ein har vore logga på frå, alle biletet, ja, kvart tastetrykk, sjølv om det blei sletta. For kvar brukar er det *fleire tusen datapunkt*, og desse blir kopla med informasjon som blir kjøpt frå selskap som sel data om alt frå finansielle transaksjonar til surfehistorikk på nett (Bartlett, 2018, s. 26).

Dei fleste som har søkt etter ei kommersiell vare, la oss seie ei reise til Roma, har opplevd korleis annonsar for fly og hotell i Roma i lang tid dukkar opp same kva for nettstad ein surfar innom. Mange aktørar, inkludert norske Schibsted, haustar data om brukarane sin åtferd (Brandtzæg, 2018), blant anna ved hjelp av informasjonskapslar (cookies) som hentar informasjon om dei som gjestar ein nettstad. Nokre nettstader lagrar talrike informasjonskapslar på brukarane sine datamaskinar for å identifisere dei og spore surfevanane. Internettbrukarane er sett under konstant overvaking av aktørar den einskilde ikkje veit kven er.

Ifølgje akademikaren Jonathan Albright blei det amerikanske presidentvalet dominert av ein "micro-propaganda machine" - eit nettverk av tusenvis av alternative medium, som lenka til kvarandre og spreidde falske, forvridd politiske bodskap. Han avdekkja at dette nettstadene hadde hundrevis av avanserte skript (programmer) og informasjonskapslar som følgde brukarane rundt på nettet, medan programmatiske annonsar og kunstig intelligens serverte dei

konspirasjonsteoriar. Albright – liksom nemnde Ferguson – tilrår at ein ikkje bare rettar peikefingeren mot Russland, men også rettar blikket innover mot datagigantane i Silicon Valley (Albright, 2017).

Dei enorme datamengdene gjer Facebook, Google, men og andre aktørar, i stand å tilby digitale annonsar som eksponerer millionar av menneske for skreddarsydde meldingar - som er usynlege for andre enn den einskilde. Personlege data blir handsama av algoritmar, som er eit sett av instruksar som datamaskinar følgjer for å utføre ei oppgåve. Ved å kople data frå *ein* brukar med data frå tusenvis av liknande brukarar, så kan algoritmane plassere dei fleste av oss politisk, religiøst, seksuelt, osv. Dei digitale spora våre fortel kven vi er og kva vi likar. Ut frå dette digitale fotavtrykket kan algoritmar gjere betre vurderingar av ein brukar sin personlegdom enn vedkomande sin familie og vene, ifølgje ein studie utført ved Stanford (Youyou, Kosinski & Stillwell, 2015). I neste omgang kan denne informasjonen nyttast til målretta bodskap mot personar som ein ser er mogeleg å påverke.

Måten Trump-kampanjen nyttar dette var effektiv. Dei lasta opp sine eigne databasar med namn, adresser, valhistorikk opp på Facebook. Med hjelp av Facebook sine verktøy (Lookalike Audiences) identifiserte ein så kjenneteikna til folk som hadde kjøpt Trump-hatt eller signert på nyhendebrev, mv. Så kjøpte ein annonsar målretta mot personar med liknande trekk (Thompson & Vogelstein, 2018).

I eit ope demokrati er faren at slike verktøy kan brukast til å manipulere, forvirre og påverke veljarar. Det reiser viktige spørsmål om skjult utøving av makt og kontroll. Skiljet mellom privat og offentleg, som Habermas la vekt på, er på mange vis borte.

I vestege demokrati blir politikarane valde som folket sine representantar for å ta avgjerder på vegne av veljarane. For å få dette systemet til å fungere, er det ein del føresetnader – som periodiske val, eit fritt sivilsamfunn, individuelle rettar, velorganiserte parti, effektivt byråkrati og ei fri og uavhengig presse. Men det er ikkje nok. Opne demokrati treng også medborgarar som trur på ideala om maktfordeling, kompromiss, informert ordskifte og er i stand til å gjere vurderingar. Ein treng også ein felles oppfatning av omverda, frie og rettferdige val og tillit at til myndighetene er til å stole på (Bartlett, 2018). Desse trekka er typiske for stabile demokratiske samfunn. Men dette systemet blei konstruert i ei anna tid, og bygd på nasjonalstatar, hierarki og eit sett normer kor politikarane viste gjensidig toleranse, respekt for at motstandarane er legitime konkurrentar og evne til å vere tilbakehalden med å

gje seg sjølv privilegium (Levitsky & Ziblatt, 2018). Det er ikkje rusta mot påverknad frå usynlege algoritmar, maskinlæring og nettverk med global rekkevidde.

### Kva med Norge?

10. september, dagen før stortingsvalet, sende Arbeidarpartiet ut SMS-er direkte til 500.000 av totalt 3.756.400 med stemmerett: ”Hei. Stortingsvalget blir jevnt. Du avgjør om Frp og Høyre fortsetter i regjering. Vil du ha et skifte? Skole og eldre fremfor skattekutt? Stem Arbeiderpartiet!”. Utsendinga førte til reaksjonar, blant anna frå mottakarar av SMS-er og andre parti. Kontaktopplysningane kom frå Iper Direkte, eit selskap som driv direktemarknadsføring. Ifølgje eigenreklamen har dei databasar og kundane kan leie adresselister til marknadsføring, slik Ap gjorde. SMS-ane blei framstilt som eit ønske frå Arbeidarpartiet om å bidra til valdeltakinga. Ingen medium spurte kva kriterium Ap sette for kvifor nettopp desse 13,3 prosent av mottakarane fekk meldinga, kva data partiet hadde om mottakarane frå før, eller kva seleksjonsmoglegheiter databasane til Iper Direkte inneheld, utanom telefonnummer og det som elles ligg ope på nettsida. Dagen etter var det val, og sidan har ingen medium omtalt SMS-ane, så vidt vi kan sjå av søk i Retriever.

I Høgre-bastionane på vestkanten i Oslo, samt i Asker og Bærum, gjorde Venstre eit brakval. I dei same områda var Høyre den store taparen, meldte Aftenposten dagen etter valet (Dahl, Mellingsæter & Stokke). Høgre-veljarane kan ha stemt taktisk og fått Venstre over sperregrensen – og dermed sikra borgarleg fleirtall. Nettavisen, Minerva, Finansavisen og andre hadde gått ut før valdagen og oppmoda til taktisk stemmegjeving. Blei det nytta andre metodar? Vi skal ikkje fremje ein ny konspirasjonsteori, bare fastslå at det ikkje er mogeleg å vite korleis norske parti og andre politiske aktørar nytta stordata, programmatiske annonsar og andre dataverktøy i valkampen. Her trengs det både forsking og krav om at annonseplattformane og dei politiske aktørane må vere meir transparente.

Høgre har stadfesta overfor NRK at partiet tok kontakt med Cambridge Analytica på starten av valåret 2017, men skal ikkje ha kjøpt deira tenester. Dei andre partia har ikkje vore i kontakt med det omstridde analyseselskapet (Ertesvåg, 2018). Men før valet fortalte norske parti at dei blant anna nytta Facebook sitt datamateriale til å analysere kva saker som engasjerer for å nå ut til veljarar og sympatisørar. I tillegg opplyste partia at dei annonserer relevante bodskap direkte mot ulike målgrupper (Elnan, 2017). Kven som var målgruppene og kva annonsar dei blei eksponert for, er ikkje kjend. Her er det behov for innsyn for å ta vare på tillita til det demokratiske systemet.

Vi har tidlegare nemnd den plutselege framgangen Frp.no hadde når det gjeld deling i sosiale medium. Utanom er det nokre anekdotiske minne om politiske annonsar, men vi manglar data som viser døme på korleis parti, alternative medium og eventuelt andre aktørar annonserte på sosiale plattformar i valåret 2017. Vi er heller ikkje kjend med at andre har forska på dette temaet. Grunnen er at Facebook til nå ikkje har opna for innsyn. Facebook hevdar at dei ikkje er ansvarlege for kva brukarane nyttar plattforma til. Samstundes kan ulike aktørar utnytte Facebook sine algoritmar og annonseverktøy til å manipulere val og forgifte den offentlege samtalen, så lenge dei betaler for tenestene.

Her er det grunn til å vere merksam. Når 77.000 stemmer var utslagsgjenvande i USA, kan ein tenkje kor utslagsgjenvande slik målretta påverknad kan vere i Norge, eit land kor taktisk stemmegiving frå eit lite tal menneske kan vere nok til å få eit parti over sperregrensa. Når Russland forsøker å styre vestlege demokrati i høgreekstrem og nasjonalistisk retning, og populistiske parti spelar på lag, er det ikkje enkelt å sjå eller bevise samanhengar.

Det er ikkje mogeleg å korrigere noko som er usynleg for alle andre enn den einskilde brukaren. Og det er umogeleg å nå fram til dei same brukarane som fekk den opphavelege meldinga med korrigerande informasjon. Den algoritmiske ålmenta er fragmentert og splitta opp i milliardar av individuelle trådar. Sjølv om det har blitt mykje lettare å delta i den offentlege samtalen, er det bare ei lang rekke individuelle samtalar som går føre seg.

Det vil vere alvorleg for demokratiske samfunn om makta skifter, frå dei som har gode politiske idear og argument, til aktørar med mykje pengar og programvare til å levere bodskap når veljarane er mest mottakelege. Dette kan tene aktørar som verken følgjer etiske prinsipp eller lovverk. Det ligg usynlege lag av makt i kodar, algoritmar, informasjonskapslar og programvare. Den danske medievitaren Lars Holmgaard Christensen kallar det digital overvakingskapitalisme: Vi betaler med våre data og får underhaldande innhald i retur (Lönstrup, 2016). Dette gir gjenklang med det Habermas skildra som ei reføydalisering av ålmenta; at reelle diskusjonar ikkje lenger går føre seg i den offentlegheita som er dominert av massemedia, at publikum har tilsvarande gått frå å være resonnerande til å bli reint konsumerande. I mellomalderens foydalsystem hadde kongen og foydalherrane utvida eigedomsrett og kontroll over undersåttane sine liv – i dag har datagigantane kanskje endå meir omfattande makt. Den algoritmestyrté ålmenta kan minne om den representative offentligheita i det foydale samfunnet, fordi dagens samfunnsdebatt nærast er ei form for scenisk underhaldning, medan dei teknologisk elitane rår over liveigne brukarar som ikkje har

kontroll over sine eigne personlege data. Dei store plattformane haustar data og overvaker brukarane på ein måte som har mykje til felles med diktatur.

Bruk av stordata (big data) og teknologiske verktøy kan få store konsekvensar for moderne politikk. Det blir stadig viktigare å kome med den rette bodskapen, til dei rette folka, til rett tidspunkt – slik at meldinga resonnerer med sterke kjensler. Før pleidde ein å kalla dette propaganda. Politikk og ordskifte er på veg til å bli datavitskap. Ein kan lett bli blinda av føremonene med den nye teknologien, til dømes den enkeltes eineståande fridom til å uttrykke seg. Og då står ein i fare for å ignorere at andre element som får demokrati til å fungere er i ferd med å erodere: Ei delt oppfatning av verkelegheita, truverdig journalistikk, tillit til valsystemet, osv. Falske nyhende, konspirasjonsteoriar, framande makter som driv informasjonskrig og teknologi som overvakar oss, er teikn på at det gamle, analoge valsystemet ikkje er kompatibelt med det grenselause, nettverksamfunnet. Den nye teknologien følgjer ikkje dei same reglene og logikken til representative demokrati. På sikt kan kunstig intelligens, stordata og kontinuerlig tilkopling til internett utgjere dei største farane for demokratiet ved at framtidige val minner meir om eit digitalt våpenkappløp enn deliberasjon. Faren er at tilliten til demokratiet skal slå sprekker. At ein slutter å tru at dette systemet, som arbeidar seint og avheng av kompromiss skal få ting gjort og levere etter forventningane til medborgarane. At ein begynner å rope etter sterke leiarar og teknokratar. Historia om Cambridge Analytica viste kva retning val utviklar seg. Selskapet hadde 5000 datapunkt om over 200 millionar amerikanarar. Denne informasjonen blei brukt til å kartlegge kva for nokre veljarar som var mogelege å overtyde og plasserte dei i ulike univers ut frå kva den einskilde bryr seg om (mødrer som er engstelege for barna; våpenelskarar som ikkje ønskjer restriksjonar). Ut frå denne kunnskapen blei det komponert reklame som blei skreddarsydd desse gruppene. Korleis kan ein halde ein politikar eller parti ansvarlege om dei sender 1 million forskjellige og usynlege meldingar til 1 million ulike mottakarar? I staden for ein felles offentleg samtale kor det beste argumentet vinn, blei poenget å utforme det rette bodskapet, til dei rette veljarane. Utan at andre enn mottakaren kunne sjå meldinga. Denne måten å drive valkamp undergrev ein av dei viktigaste pilarane i demokratiet: Ein felles offentleg samtale som gir ei rimeleg delt forståing av verden. Tradisjonell presse er i ferd med å miste det økonomiske fotfestet. Middelklassen, som har vore den viktigaste forsvararen av demokratiet, gjennom å kjøpe aviser, støtte opp under rettssystemet og politiske parti, er kome under press på grunn av delingsøkonomien, som erstattar trygge jobbar (Nicolaisen,

2016). Om begge deler forsvinn, kan det representative demokratiet bli utfordra av autokratar som lover stabilitet og rikdom, ro og orden.

Sennett kalla utviklinga der media gav innsyn i andre menneske sitt privatliv for intimitetstyranni. Drygt 40 år seinare har internett og sosiale medium viska ut grensene endå meir. Alle debattar blir personlege. Intimitetstyranniet herskar i offentlegheita.

Det siste avsnittet skal handle om dette.

### **FRAGMENTERING, POLARISERING OG TRIBALISME**

Humans, we now know, are moralistic actors: they are guided by intuitions about authority, tribe, and purity; are committed to sacred beliefs that express their identity; and are driven by conflicting inclinations toward revenge and reconciliation (Pinker, 2018).

Økosystemet av alternative medium kan sjåast på som manifestasjon av eit nytt slag identitetspolitikk, drive fram av unge, kvite men. Identitetspolitikk blir definert som eit stort spenn av politisk aktivitet og teoridanning, med utgangspunkt i det ei sosial gruppe opplever som urettvis handsaming (Heyes, 2016). Dette er politikk som fokuserer på identitetstrekk ved ei spesifikk gruppe, til dømes kjønn, seksuell legning eller rase, og forsøker å mobilisere desse gruppene til kamp mot påstått og reell diskriminering, med krav om sosial utjamning. Stadig fleire grupper blir kalla identitetsgrupper, frå overvektige til kortvaksne. Sjølv om dei faktiske kulturforskjellane i eitkvart samfunn blir mindre over tid (Hylland Eriksen, 2015), legg identitetspolitiske rørsler vekt på ulikskapane. Fenomenet blir derfor ofte kopla til politisk splitting, polarisering, tribalisme og fragmentering av ålmenta. I staden for at politikk er eit spørsmål om rettar og plikter for *alle* borgarar, gjer identitetspolitikken det til eit spørsmål om kven veljarane er og kva for ei gruppe han/ho/hen høyrer til. Det stammen oppfattar som urettferdig, gjer dei sinte og fylt av avsky, og kjenslene motiverer til kamp for eigne interesse. Problemet med tribalisme er at det som kanskje kan vere små forskjellar, blir forstørra til djupe kløfter, medan rasjonelle argument blir erstatta av kjensler og stammeloyalitet.

Mangfold, immigrasjon og multikulturalisme i kombinasjon med sosiale medium utgjer kjernen i dei sosiologiske problema vestlege demokrati står ovanfor, meiner sosialpsykologen Jonathan Haidt. Kamp mot diskriminering og for rettane til homofile, kvinner og farga har vore viktige tema sidan 1960-talet. Det har gitt mange fordeler, inkludert kreativitet og økonomisk dynamikk, påpeikar Haidt. Samtidig meiner han at konsekvensen er redusert sosial kapital og tillit, og at dette forsterkar tendensen til tribalisme. Etter kvart som

multikulturalisme er blitt stadig meir vektlagt, har det derfor kome ein reaksjon. I boka The Righteous Mind (Haidt, 2007) forklarar han polariseringa med ulike verdisett, blant anna at høgre fløy har ein annan moral når det gjeld patriotisme, religiøsitet og synet på autoritatar. Politikk har alltid handla om fraksjonar og konkurrerande gruppe. I ei verd kor desse fraksjonane er bygd på rase, etnisitet, kjønn og legning i staden for økonomiske interesse, blir kjenslene sterke og frontane hardare. Når politikk ikkje lenger blir delt på ein skala mellom venstre- og høgre fløy, er det nasjonen - og stammar innan nasjonen - som avgjer kva veljarane stemmer. Og denne utviklinga blir forsterka av sosiale medium, ifølgje Haidt (Illing, 2016).

Den irske, venstreorienterte forfattaren Angela Nagle meiner framveksten av alt-right-rørsla er ein reaksjon på identitetspolitikken som er blitt ført av venstresida. Kjernetroppane i den nynasjonalistiske, tradisjonalistiske og anti-liberale falangen er unge, kvite menn (Lyons, 2017). I boka "Kill all normies" (Nagle, 2017) skildrar Nagle korleis gamers i tenåra, anti-feministiske spøkefuglar, meme-produserande troll og andre understraumar på nettet fann kvarandre og retta det retoriske skytset mot alle former for "politisk korrekthet". Francis Fukuyama åtvarar om at vi er i ferd med å gå inn i ei ny tid prega av populistiske nasjonalistar, der den liberale verdsordenen blir angripe av siste majoritetar. Som identitetspolitikk er *nasjonalisme* eit trumfkort, ifølgje Fukuyama, fordi det oppfyller eit ønskje mange har om å vere del av eit organisk, kulturelt samfunn. Tidlegare var nasjonalisme assosiert med utstøtte grupper av nynazistar og høgreekstreme, som snakka om kvit makt. Men på grunn av immigrasjon er appellen blitt utvida til vanlege folk. Fukuyama hevdar derfor at den største farene for liberale demokrati ikkje kjem frå autoritære land som Russland og Kina, men at farene kjem innanfrå. Demokratiske fleirtal kan nytte det politiske systemet til å avvikle normene som hittil har halde motstandarar i taumane og forankra ei open og tolerant verd (Fukuyama, 2016). I si komande bok om identitetspolitikkens kulturhistorie, hevdar han at identitetspolitikken har gitt grobotn for rasistiske gruppe på ytre høgrefløy i USA og Europa (Kalstveit, 2018). For å vinne val må venstresiden slutte å kjempe minoretskamper, sa professor Mark Lilla etter presidentvalet i USA. Han hevda overdrive fokus på forskjellar har skapt ein generasjon av progressive som ikkje har blikk for korleis verda er utanfor sine eigne gruppe og ute av stand til å rekke ut til breie lag av folket (Lilla, 2018).

Sjølv om det ikkje er amerikanske tilstander i den norske ålmenta, har vi i denne oppgåva sett mange teikn på aukande polarisering. I hovudsak høgreekstreme og høgreradikale utnytta økosystemet av alternative nettstader og sosiale plattformar til å spreie innhald, påverke

dagsorden i samfunnet og marknadsføre idear, særskilt om innvandring, islam og fleirkultur. Men også til å så konspirasjonsteoriar, trakassere meiningsmotstandarar og andre metodar som ein har sett i bruk i andre land. Sjølv om dei ulike aktørane sprika sterkt i ståstad, til dømes i synet på jødar, så samarbeida dei om andre saker og delte til dømes innvandringskritiske artiklar, konspirasjonsteoriar og hat mot alt frå feministar til Arbeidarpartiet. Ein artikkel om ei svensk kvinne som er blitt valdteken av ein flykning, blei representativ for Europa. Ein spissformulert sak om forferdelege menn i eit feministisk magasin, blei prov på at det blir ført ein krig mot menn. Frie Ord hevdar at ”20.000 utlendinger mottar norsk trygd uten noen gang å ha vært registrert bosatt i Norge” og saka blei delt over 10.000 gonger (Frie Ord, 2017). ”Sexslave funnet lenket fast i kjelleren til innvander-kafé i Sverige”, hevdar Frihetskamp.net (Frihetskamp.Net). Det er mange andre døme på kvit nasjonalisme, misogyni, antisemittisme, anti-elitisme og autoritære haldningar i våre funn.

Ytringsfridommen i Norge har formelt sett aldri har vore større, men våre funn viser at tilgang ikkje automatisk fører til truverdig informasjon. Dei som surfar på nettet vil lett finne nettstader som påstår at vaksiner fører til autisme, at jorda er flat, at klimakrisa ikkje er reell, at Thorvald Stoltenberg er jøde, at Anders Behring Breivik ikkje var aleine 22. juli, at skyskraparane i New York fall som følgje av kontrollerte sprengingar, og så vidare. Ein del av påstandane er så sprø og langt frå sanninga, at ein ikkje skulle tru at nokon, som ikkje er rabblade gale, kunne tru på det. Det som skjer er at dei fortel *blå* løgner – eit psykologisk omgrep for løgner som blir fortalt til føremon for ei gruppe og faktisk kan styrke banda mellom gruppemedlemmene. Dei fleste som formidlar konspirasjonsteoriar, trur ikkje på dei sjølv, ifølgje nyare psykologisk forsking summert av Jeremy Adam Smith. Blå løgner er ei form for framføringskunst kor poenget å demonstrere at ein høyrer til ei gruppe. Medlemmene demonstrerer solidaritet med brør av same blod og styrkar dermed stammelojaliteten, samstundes som dei medvite provoserer medlemmene av ei anna stamme (Smith, 2017). Antropologen John Tooby legg til at absurde påstandar er eit meir effektivt signal om lojalitet enn rasjonelle påstandar. Bare medlemmer som verkeleg er tru mot ei sak, kjem med offentlege påstandar som konvensjonelle visdom seier er riv ruskande gale (Tooby, 2017). Til dømes at jorda er flat. Desse døma viser eit trekk ved mennesket – vi er sosiale skapingar, men er tilbøyeleg til å dele oss inn i konkurrerande gruppe i kamp om ressursar. Vi er empatiske, generøse og ærlege mot medlemmer av vår eiga gruppe, mens vi er aggressive og anti-sosiale mot andre gruppe. Når menneske blir delt inn i ulike gruppe, slik som

identitetspolitikken legg opp til, opnar ein dei mørke sidene våre, noko som kjem til uttrykk i dehumanisering, vald og sosialt sanksjonert svindel. Dei blå løgnene viser dermed både dei beste og verste trekka ved mennesket; dei viser vår lojalitet, evne til å samarbeide og ta vare på andre rundt oss og stole på dei. Men samstundes viser dei våre tendens til å hate utanforståande og narre oss sjølv (Smith, 2017).

Publikum som kjem over kontroversielle utsegner, treng ikkje vere klar over at påstandane er omstridde. Det kan også vere ein kognitiv utfordring å få oversikt over kva som er dei ulike posisjonane i ein debatt, og forstå på kva for ei side den aktuelle nettstaden står. Sjølv dei som er klar over at saka er kontroversiell, kan ha vanskar med å skilje mellom dei ulike posisjonane.

Våre data inneholder mange døme på at ein gjerne omtalar utspel frå ein ideologisk motpart. Likevel er det ofte vanskeleg å sjå dette som eit ønske om deliberasjon eller eit forsøk på setje seg inn i motparten sine argument. Vi tolkar det heller som forsøk på å skape kjenslemessige reaksjonar. Alternative medium brukar ulike teknikkar for å få spreiing. Dei startar ofte med eit kontroversielt tema eller ekstremt utspel, som får både meiningsfelle og motstandarar til å reagere emosjonelt; til dømes med irritasjon, sinne eller frykt på den eine sida, og på den andre sida fryd, glede, etc. Desse mekanismane er forklarte av ekspertar på sosiale medium (Mellingsæter, 2018). Den primære målgruppa er meiningsfellene, som får stadfest sine standpunkt; dei trykker kanskje "likar" og deler saka vidare. Den sekundære målgruppa er dei som administratoren uansett ikkje klarer å overtyde. Deira medverknad i debatten fører til at temperaturen aukar. Partane brukar ofte harde ord, fornærmar kvarandre, brukar skjellsord, trakasserer og mobbar kvarandre – som om dei var fotballsupporterar som kompromisslaust heier på kvart sitt lag. Vi tenker at metaforen digitale hooligans kan vere dekkande. På grunn av motstandarane sitt engasjement, sørger algoritmane for at innhaldet får auka rekkevidde og dukkar opp i nyheitsstraumen til fleire brukarar. Viss ein post ikkje får dei argaste motstandarane til å reagere, er det ingen som ber ved til bålet, og då brenn det fort ut. For å unngå at motparten når ut med bodskapet, er paradoksalt nok det mest effektive at ein ignorerer det. Å kritisere utspelet og delta i diskusjonen, er nettopp det avsendaren ønskjer. For då bidrar motstandarane og algoritmane, i kombinasjon, til at endå fleire deltek i diskusjonen, med deling og liker-klikk. Dermed når bodskapet ut til endå fleire i den primære målgruppa og til potensielle meiningsfelle. Nokre kan begynne å følgje med av forvitenskap, andre kan la seg overtyde av bodskapet. Om diskusjonen går viralt i sosiale medium, kan hovudstraumsmedium plukka det opp, slik at rekkevidda blir endå større. I andre tilfelle spinn

saka ut av kontroll ved at ideologiske motstandarar eller tradisjonelle medium finn ting som kan brukast mot avsendar.

Det er mogeleg at polarisering og ekstreme meiningar har samanheng med ein einsidig informasjonsditt. Dette blir støtta av relevant forsking, som fortel at jo meir dietten liknar eit ekkokammer, desto meir ekstreme er meiningane (Garrett et al., 2014; Knobloch-Westerwick, 2012; (Levendusky, 2013), 2013a, 2013b; Stroud, 2010). Nokre akademikarar hevdar at det er mogeleg å konstruere informasjonsbobler som nesten ikkje slepp gjennom motsette synspunkt. Stilt føre eit fritt val mellom eit slik einsretta informasjonsmeny og ein meir ideologisk balansert diett, så vil folk flest velje einsretting (Pariser, 2011, s. 12, 18; C. R. Sunstein, 2009a, s. 1). Men det meste av empirisk forsking peiker i retning av at det ikkje er heilt vasstette skott. Ein også får med seg motparten sine argument (Bakshy, Messing & Adamic, 2015; Barberá, Jost, Nagler, Tucker & Bonneau, 2015; Garrett, 2009).

Homogene sosiale nettverk reduserer toleranse for alternative meiningar, dei lukkar ute ny informasjon. Motviljen mot ”dei andre” er aukande og denne polariseringa skaper ein kontekst kor falske nyhende, propaganda og desinformasjon har eit publikum (D. M. Lazer et al., 2018). Den digitale ålmenta er blitt ein kanal for konspirasjonsteoriar, falske nyhende, skuldingar – nettopp det den skulle motverke. Omfanget av desinformasjon som strøymer ut, undergrev John Stuart Mill si førestilling om at sanninga vil vinne fram på ein marknadspllass av idear, kor folk snakkar og utvekslar tankar fritt. Den gamle førestillinga om at den beste kuren mot dårlige ytringar er fleire ytringar, mistar mening når det er dei därlege ytringane som får merksemd og størst rekkevidde takka vere den digitale ålmenta. I mange land er splittinga så sterkt at dei politiske fraksjonane har problem med å samarbeide. Skiljet mellom offentleg og privat sfære er i ferd med å bli viska ut, saman med den borgarlege dyden det er å omgå kvarandre høfleg, med takt og tone, på ein sivilisert måte, slik Sennett skildra.

Algoritmane legg opp til engasjement og sterke kjensler, ikkje ein rasjonell og opplyst debatt kor ulike synspunkt blir presentert nyansert (Tufecki, 2018). Personangrep, sterke uttrykk og overdrivingar skaper sterke kjensler og får oftast flest klikk. Denne typen innhald vinn i dag kampen om engasjement og merksemd. Den beste måten å spreie falske nyhende er å utnytte desse mekanismane. Når bodskapen blir personalisert og levert til den einskilde, forsvinn ideen om ein felles offentleg samtale. I staden for open debatt og motargument vil kvar einskild høyre ekkoet av deira eigne førestillingar. Krafta i dei betre argument blir erstatta av

strategisk og manipulerande informasjon. I eit vel fungerande demokrati oppheld ikkje folk seg i ekkokammer. Dei blir eksponert for ulike idear og meininger.

Våre data peikar i retning av at det motsette skjer i økosystemet av alternative medium. Ein kvar som er oppskaka over til dømes islam, kan finne meiningsfeller på nettet som er like irriterte. Like barn leiker best. Internett gjer det enkelt å bli med, enkelt å identifisere seg med gruppe - som medlem i ei digital stamme. Når likesinna menneske kommuniserer med kvarandre, pleier det å føre til eit tankesett som er endå meir ekstremt enn opphavelig (Myers & Lamm, 1976). Og når folk spreier desinformasjon i ei homogen klynge, så forsterkar dei kvarandre sin forplikting til denne informasjonen. Etter kvart som ein får stadfesta at andre er einige, blir ein meir sjølvsikker – og så meir ekstrem. På denne måten fører confirmation bias til ein vond sirkel (C. R. Sunstein, 2002), der kreftene verkar sentrifugalt og standpunkt beveger seg bort frå eit midtpunkt. Rasjonelle argument og deliberasjon, blir erstatta av kjensler og blind lojalitet mot gruppa. Små forskjellar blir forstørra, nyansar forsvinn, retorikken hardnar, motstandarar blir fiendar, ein grep seg ned i skyttargraver og bombarderer fienden med provoserande utsegn. Sterke kjensler og gruppetenking er vanskeleg å foreine med kompromiss, som er ein viktig del av eit representativt demokrati. Når ei gruppe ikkje får det som medlemmene vil, og når ein er misnøgd med politiske kompromiss, kan neste steget vere kjappe løysingar, slike som populistar lokkar med.

Vår tidsalder er kalla ein gullalder for ytringsfridom, men det er ein fridom som fungerer best når medborgarane er nysgjerrige, opne og audmyke. Når dei er usikre på kva som er rett og galt. Når dei set pris på synsvinklane til andre. Når dei ikkje ser på folk med andre synspunkt som fiendar. I eit liberalt demokrati er det verken naudsynt eller ønskeleg at alle skal bli einige. Det som er viktig er at vi handterer usemje og konfliktar på ein sivilisert måte og klarer å inngå kompromiss. I starten tenkte ein at internett ville gi medborgarane tilgang til meir informasjon, at dette ville gjere politikken meir rasjonell, at vedtak ville bli gjort på basis av fakta, at ulike leirar ville høyre meir på kvarandre fordi dei hadde tilgang til kvarandre sine idear. Men stortingsvalet 2017 var ikkje eit døme på at det offentlege ordskiftet utviklar seg i denne retninga. Økosystemet av alternative medium og deira distribusjonskanalane i sosiale medium viste teikn på identitetspolitikk og tribalisme. Ei kjensleladd form for politikk, der mykje dreier seg om kva for leir ein tilhøyrar. Sosiale medium blei nytta i ein praksis som set til side tradisjonelle normer for akseptabel framferd - det systemet som stort sett har halde oss siviliserte sidan 2. verdskrig.

Vi meiner kampen mot desinformasjon i den norske ålmenta i stor grad er synonymt med at ein må motarbeide høgreekstreme parti, samt alternative medium som støtter Russland sin hybride intervensjon i andre land. I eit ope samfunn kan ålmenta bli brukt til å auke sosial intoleranse mot andre gruppe. Intoleranse i kombinasjon med medium som medvite bygg opp under spenning og konfliktar, og som kan vekke fordommar som ligg djupt i menneskesinnet (Hutchison, Schiano & Whitten-Woodring, 2016). Jo meir polarisert og mindre tolerant eit samfunn er, desto større er marknaden for alternative medium og andre publikasjonar som publiserer innhald i tråd med ytterleggåande meininger. Noko som igjen forsterkar intoleranse og legg til rette for at dei polariserte gruppene mobiliserer ytterlegare. Desto betre næring kan det vere for politiske ideologiar som svekkjer normer ytterlegare. At Norge trass alt har eit ganske lite økosystem som sirkulerer ytterleggåande politisk propaganda, tyder på det er eit samfunn som - til nå - har vore kjenneteikna av relativt stor tillit og toleranse mellom politiske leifar – og lite preg av identitetspolitikk.

Til slutt, Gripsrud påpeikar i Allmenningen at fortellinga om norsk offentlighet på ingen måte har vore ei forfallshistorie. Vi er samde. Dei problemstillingane vi har diskutert i denne oppgåva kan bli løyste. Vi skal ikkje gjere forsøk på å kome med spådommar om framtida, bare kort nemne nokre faktorar: Ny EU-lovgjeving om personvern (GDPR) blir norsk lov i 2018 og set større krav til alle som handsamar data (Datatilsynet, 2018). Sosiale plattformer kan sensurere kjelder som medvite distribuerer desinformasjon og dei kan fjerne aktørar som misbrukar programmatisk annonsering til propaganda og påverknadsoperasjonar. På same måte som Facebook har koda algoritmane slik at naken hud blir fjerna og klikkagn stort sett druknar i nyhendestraumen, kan det vere mogeleg å gjere det same med falske nyhende. På YouTube har nokre desinformasjonskanalar mista retten til å tene pengar på annonsar og dermed mista incentivet. Twitter har fjerna nettverk av automatiske robotar som re-tvitrar falske nyhende. Når ytringsfridommen i den digitale ålmenta i praksis er kapitalisert av desse tre monopolistane, reiser eventuell sensur heilt nye problemstillingar – som vi av omsyn til omfang ikkje skal gå inn på i denne oppgåva. Men det er ei digital ålmente som er for lett å manipulere i dag, som har opna for ein ny praksis for offentleg samtale, som krev at det kjem eit heilt sett av nye normer for samfunnsdebatten.

Vi har i denne delen av oppgåva sett falske nyhende i stortingsvalet i samanheng med nasjonalistisk identitetspolitikk, mikro-propaganda i form av programmatisk reklame, internasjonal informasjonskrig, og implikasjonar dette kan ha for den offentlege samtale. Neste avsnitt handlar om korleis denne studien kan bli nytta i praksis.

## **IMPLIKASJONAR FOR PRAKSIS**

Denne studien av falske nyhende i stortingsvalet 2017 har avdekkat eit økosystem av alternative medium og distribusjonskanalar i sosiale medium, spesielt Facebook, som resirkulerer og spreier konspirasjonsteoriar, falske narrativ og andre løgner i den norske ålmenta. Omfanget ser ut til å vere mykje større og distribusjonen meir omfattande enn det biletet som vanlegvis blir spegla i samfunnsdebatten.

Funna viser at det er eit stort behov for media literacy i heile samfunnet. Kvaliteten på politisk informasjon er ein kritisk faktor for samfunnsdebatten og opne demokrati. For medborgarane er det viktig å kunne analysere om ei kjelde er truverdig, om innhaldet er basert på fakta og representerer realitetane, om informasjonen er påliteleg og kan etterprøvast. Samstundes må ein vere klar over at det er usynlege lag av påverknad og makt, til dømes skjult i programmering og algoritmar, dataskraping og programmatisk annonsering, samt ulike metodar ein kan nytte for å få falske nyhende til å gå viralt og stele merksemd. I eit moderne informasjonssamfunn er derfor kompetanse til å evaluere informasjon ein grunnleggjande ferdighet. Det er naudsynt å utvikle evne, kapasitet og vokabular for å kunne stille seg kritisk til informasjon som blir presentert i ulike format. Utdanningssystemet må lære opp nye medborgarar til kritisk tenking, så ein kan navigere rundt på nettet med sunn skepsis. Evna til å vurdere informasjon må kombinere klassiske teknikkar, som verifisering av kjelde, med ny kunnskap om korleis algoritmar verker – helst også med betre forståing av korleis mennesket har ein tendens til å stadfeste eigne meningar og andre psykologiske særpreg.

På grunn av omfanget av medviten desinformasjon i ålmenta, er ikkje faktasjekk nok. Verken den einskilde eller organisasjonar som driv med faktasjekking, har kapasitet til å oppfatte og påpeike alle feil. I den norske valkampen sjekka Faktisk.no *bare tre* saker som blei publisert av alternative medium. Faktasjekk-organisasjonen brukte i staden mesteparten av kapasiteten på kontroll av påstandar frå partia som er representerte på Stortinget. Over 100 millionar lenker blir delt via Facebook kvar einaste dag. Selskapet har 10.000 tilsette som modererer innhaldet og dei har tenkt å reinse kloakken ved hjelp av eksterne faktasjekkarar, som kjem til å sensurere kjelder dei meiner er useriøse. Eit paper publisert ved Yale (Pennycook & Rand, 2017) konkluderer at dette ikkje er rette innfallsvinkelen for å motverke feilinformasjon. Det tar for lang tid å faktasjekke innhald, medan desinformasjon kan produserast kjapt og enkelt. Faktasjekkarar har avgrensa kapasitet og kan aldri klare å handtere den endelause straumen av postar med tvilsamt innhald. Det aller meste av innhaldet vil aldri bli faktasjekka. Sjølv for innhald som blir kontrollert og flagga som feil, er det ein forseinking frå feilinformasjon blir

